



Årsmelding 2024

Vestland fylkeskommune

Innhald

Om årsmeldinga	4
Fylkesdirektøren har ordet	4
Mål for Vestland fylkeskommune	5
Måla og strategiane i utviklingsplan 2020–2024	5
Økonomisk resultat	7
Driftsrekneskap	7
Vurdering av den økonomiske stillinga	12
Investeringar	12
Utvalde tal frå balansen	13
Premiss for løyving	14
KOSTRA - kommune-stat-rapportering	16
Personal og organisasjon	20
Organisasjonen	20
Sjukefråvær	20
Helse, miljø og sikkerheit (HMS)	20
Likestillingsutgreiing 2024	22
Styring og kontroll	32
Samfunnssikkerhet og beredskap	32
Kontrollutvalet	33
Varsling	34
Etikk, habilitet og antikorupsjon	34
Rapportering om internkontroll og statleg tilsyn	35
Klima og natur	38
Klimarekneskap for Vestland	38
Klimarekneskap for fylkeskommunen som verksemd	39
Natur og areal	54

Vi utviklar Vestland	64
Utviklingsplaner	64
Berekraftsarbeid	67
Analyse	69
Folkehelsearbeid	71
Politisk organisering	72
Fylkestinget i Vestland 2023–2027	72
Møte og saker i folkevalde organ	72
Fylkeskommunen sine tenesteområde	74
Organisasjon og økonomi	75
IKT og digitalisering	79
Eigedom og utbygging	84
Tannhelse	90
Næring, plan og innovasjon	92
Opplæring og kompetanse	106
Kultur og folkehelse	124
Mobilitet og kollektivtransport	136
Infrastruktur og veg	144
Årsrekneskap	151

Forsidefoto: 24.10.24 opna fylkeshuset igjen etter halvanna år som byggeplass. Endeleg var alle tilsette på Leikanger samla under same tak, ettersom tilsette i avdeling for infrastruktur og veg hadde sete i nabobygget hjå Statens vegvesen sidan samanslåinga i 2020.

Fotograf: Tore H. Medgard/Vestland fylkeskommune

Om årsmeldinga

Årsmelding 2024 for Vestland fylkeskommune er utarbeidd i samsvar med § 14-7 i kommunelova.

Avdelingane i fylkeskommunen rapporterer på måla og strategiane i utviklingsplan 2020–2024. Dei rapporterer berre på strategiane som er relevante for arbeidet i dei respektive avdelingane.

Årsmeldinga omtalar også plansystemet, berekraftsarbeidet og arbeidet med internkontroll, i tillegg til lovpålagt rapportering om blant anna likestilling og løn. I meldinga er det òg rapportering om økonomi, både drift og investering, og ei overordna økonomisk oppsummering av 2024. Både rekneskapen og klima- og miljørekneskapen for 2024 er del av årsmeldinga.

Fylkesdirektøren er ansvarleg for publikasjonen. Redaksjon er kommunikasjonsseksjonen i samarbeid med økonomiseksjonen. Alle avdelingane i fylkeskommunen har kome med tekstbidrag. Arbeidet med årsmeldinga er avslutta i mars 2025.

Fylkesdirektøren legg fram årsmeldinga som sak til fylkestinget i juni i 2025.

Fylkesdirektøren har ordet

1. januar 2025 feira vi fem år med Vestland. I fem år har vi stått på for å utvikle gode tenester og svare på samfunnsoppdraget. Vi har levert, og eg er stolt av alt dei dyktige medarbeidarane våre leverer kvar einaste dag. Fylkestinget vedtok i desember 2024 Utviklingsplan for Vestland 2024–2028, som er vegkartet vi skal styre etter framover. Med utviklingsplanen skal vi halde fram det målretta arbeidet for å utvikle tenestene for innbyggjarane i fylket.

På Leikanger vart 2024 eit merkeår for femåringen. 24.10.24 flytta vi inn att i fylkeshuset, etter halvanna år med rehabilitering og ombygging. Endeleg var alle tilsette på Leikanger samla under same tak.

Utviklingsplanen slår fast at den viktigaste ressursen vår er menneska i fylket. Dei aller viktigaste menneska for framtida er dei unge. Difor er det godt å sjå at talet på kor mange som gjennomfører vidaregåande opplæring framleis er høgt. Skuleåret 2023/24 gjennomførte 87,5 prosent på studieførebuande og 85 prosent på yrkesfag. Takk til alle tilsette på skulane våre.

Det er også på sin plass å takke alle tilsette som står på for å yte gode tenester og sikre eit godt økonomisk resultat. Vi gjorde opp 2024 med eit mindreforbruk på knappe 35 millionar kroner.

Vestland vart i 2024 det første fylket i landet til å signere ei fritidserklæring. Tretten frivillige og offentlege organisasjonar forplikta seg med det til å jobbe for ei inkluderande fritid for barn og unge. Det er gjennom samarbeid og samhandling vi får til utvikling og når måla våre. Difor er samarbeid eitt av dei fire hovudmåla i den nye utviklingsplanen.

Samarbeid stod også i sentrum då vi fekk på plass den nye gang- og sykkelbrua på Paradis i Bergen i fjor haust. Brua vart frakta på plass med skip, ferje og til slutt trailer. No ligg ho der over bybanespolet ved Paradis og Nesttunveien og gir barn og unge ein tryggare veg til skulen sin. Litt tidlegare på

hausten opna vi også ny gang- og sykkelveg i Loen, eit resultat av godt samarbeid og eit spleiselag med Stryn kommune.

Gjennom sommaren og hausten 2024 samarbeidde vi særleg tett med Bergen kommune om kompromissforslaget for traseen for bybane til Åsane. 2. oktober forplikta både fylkestinget og bystyret i Bergen seg til bygging. Slik kan vi halde fram den positive by- og kollektivutviklinga. I fjor reiste 92,7 millionar med buss, båt og bybane i Vestland, mot 89,1 millionar året før. Meir enn ni av ti kollektivreiser i fylket skjer i Bergen og omlandskommunane.

Vi er om lag 6500 tilsette som jobbar i Vestland fylkeskommune. For at vi skal levere best mogleg, må alle desse ha det bra på jobb. Det arbeider vi for blant anna gjennom sertifiseringsordninga Likestilt arbeidsliv og gjennom nærvær-prosjektet Tett på i avdeling for eigedom og utbygging. Arbeidet gir resultat. Nærvær-prosjektet fekk Arbeidsmiljøprisen 2024 for å ha halvert sjukefråværet blant reinhaldarane våre.

Vi er godt i gang med 2025, og eg ser fram til eit spennande stortingsval til hausten. Verda ser annleis ut no enn for fem år sidan. Verdssamfunnet og geopolitikken er i endring, og regjeringa ber kommunane vere budde på å handtere hendingar som spenner frå det heilt lokale til ein større krisesituasjon. Vi samarbeider med både kommunane og sentrale og statlege styresmakter for å kunne handtere ei framtid i endring.

No legg vi 2024 bak oss og held fram arbeidet med å ha merksemd på brukarar og å levere gode tenester. Det er det som er kjernen i verksemda vår: Gode og trygge tenester for dei viktigaste ressursane vi har – innbyggjarane våre.

Mål for Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune rapporterer i årsmeldinga på måla og strategiane i utviklingsplanen for Vestland 2020–2024. Dette var den overordna planen for samfunnsutviklinga i Vestland fram til desember 2024. Fylkestinget vedtok [ny utviklingsplan for Vestland](#) 12. desember.

I utviklingsplan 2020–2024 er det fire hovudmål med tilhøyrande strategiar. Avdelingane i fylkeskommunen rapporterer på desse avdelingsvis i årsmeldinga.

Måla og strategiane i utviklingsplan 2020–2024

Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

- **Strategi 1.1:** Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.
- **Strategi 1.2:** Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.

- **Strategi 1.3:** Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.
- **Strategi 1.4:** Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

- **Strategi 2.1:** Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.
- **Strategi 2.2:** Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
- **Strategi 2.3:** Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

- **Strategi 3.1:** Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.
- **Strategi 3.2:** Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.
- **Strategi 3.3:** Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

Mål 4: Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

- **Strategi 4.1:** Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.
- **Strategi 4.2:** Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.
- **Strategi 4.3:** Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

Berekraftsmåla til FN ligg til grunn for utviklingsplanen.

Økonomisk resultat

Driftsrekneskap

		Reknesk. 2023	Reknesk. 2024	Budsjett 2024
+	Skatt og rammetilskot	12 004,4	12 478,3	12 484,8
+	Andre driftsinntekter	4 962,2	5 735,4	3 855,5
=	Sum driftsinntekter	16 966,6	18 213,8	16 340,3
-	Sum driftsutgifter (ekskl. avskr.)	14 989,3	16 586,9	15 295,3
=	Brutto driftsresultat	1 977,3	1 626,8	1 045,0
-	Netto renteutgifter	190,2	303,3	449,6
-	Avdrag	930,0	850,2	850,0
=	Netto driftsresultat	857,1	473,3	-254,6
	Driftsmidler til investeringar	1 153,8	771,1	798,7
	Avsetjing til bundne fond (netto)	-168,0	64,5	-671,3
	Avsetjing til disp.fond (netto)	-128,7	-362,3	-382,0
	Sum disponeringar	857,1	473,3	-254,6

Tal i mill. kr

Driftsrekneskapen for 2024 vart gjort opp i balanse. I samsvar med rekneskapsforskriftene kunne vi stryke 34,5 mill. kr i bruk av disposisjonsfond ved rekneskapsavslutninga. Rekneskapsresultatet vart altså litt betre enn budsjettet, men avviket var ikkje stort.

Det som trekte resultatet ned, var i første rekke svikt i skatteinntektene på 176,7 mill. kr og budsjettoverskriding innan mobilitet og kollektivtransport med 125,8 mill. kr. Dette vart vege opp av meirinntekter på rammetilskot, havbruksfond, konsesjonskraft og renteinntekter. Rammetilskotet vart auka med 82,3 mill. kr i desember ved nysalderinga av statsbudsjettet. I tillegg fekk Vestland fylkeskommune 75 mill. kr i skjønstilskot etter ekstremvêret Jakob hausten 2024. Storparten av denne summen vart avsett til bunde fond, i og med at utgiftene til reparasjonar i stor grad kjem i 2025.

Summen av skatt og rammetilskot auka med 3,9 prosent samanlikna med 2023. Det siste overslaget frå regjeringa over pris- og lønsvekst for kommunesektoren i 2024 (kommunal deflator) er 4,4 prosent. Vi må såleis kunne seie at fylkeskommunen fekk realnedgang i dei frie inntektene i 2024.

Budsjettavvik

Kommunaldepartementet presiserte i februar 2024 at kolonnen «regulert årsbudsjett» i dei obligatoriske rekneskapsoppstillingane berre skal innehalde budsjettendringar som kommunestyret (fylkestinget) sjølv har vedteke. Disponeringar som er gjort av underordna organ eller

administrasjonen skal ikkje inngå. Det gjev visse utfordringar når vi skal kommentere budsjettavvik. Fylkesdirektøren finn det mest relevant å kommentere avvik frå det budsjettet dei einiskilde einingane har styrt etter gjennom året. Det inkluderer endringar som er vedteke både av underordna politiske organ og administrasjonen.

Berre to av sektorane overskreid budsjettet. Det er mobilitet og kollektivtransport med 125,8 mill. kr og infrastruktur og veg med 20,8 mill. kr. Dei andre sektorane kom ut i balanse eller med mindre innsparingar.

Kontraktane fylkeskommunen har med selskapa som utfører rutetransport, vert indeksregulerte etter ulike kostnadsindeksar. Utfordringa er at kostnadsauken for kollektivkontraktane har vore langt sterkare enn veksten i inntektene til fylkeskommunen. Dei største avvika er på ferjeruter og bussruter. På inntektssida er det relativt små avvik frå budsjettet.

Infrastruktur og veg har liknande utfordringar som mobilitet og kollektiv på kostnadssida. Når driftskontraktar med entreprenørane skal fornyast, har vi sett ein kraftig prisauke.

Driftsrekneskapa til skulane er gjort opp i balanse ved avsetjing eller bruk av disposisjonsfond. Netto er det brukt 17,9 mill. kr frå disposisjonsfond.

Tannhelsedistrikta har tilsvarande ordning som skulane. Dei får setje av mindreforbruk til disposisjonsfond, og må dekkje inn meirforbruk. Sektoren kom ut i balanse, men brukte netto 28 mill. kr frå disposisjonsfond.

Eigedom og utbygging hadde mindreforbruk på 19,8 mill. kr. Mindreforbruket kan i stor grad tilskrивast lågare utgifter til straum.

Politisk styring og kontrollorgan hadde ei innsparing på 3,3 mill. kr.

Skatt og rammetilskot er kommentert i innleiinga. Av andre sentrale inntekter kan nemnast havbruksfond som vart 98,9 mill. kr høgare enn budsjettet, og konsesjonskraftinntekter som vart 28,9 mill. kr høgare enn budsjettet.

Netto renteutgifter synte innsparing på heile 122 mill. kr. Det var innsparing både på inntekts- og utgiftssida. Fylkeskommunen hadde høgare innskot gjennom året enn lagt til grunn i budsjettet. I tillegg vart rentesatsen for utrekning av rentekompensasjon på veginvesteringar sett opp i løpet av året. På utgiftssida skuldast innsparinga lågare rentesats på nye fastrentelån, og at budsjettet låneopptak vart redusert gjennom året.

Tabellen under oppsummerer budsjettavvik for sektorane. Tala for rekneskap og budsjett viser netto utgift, inklusive avsetjing og bruk av fond.


	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Politisk styring og kontrollorgan	64,5	67,9	3,3
Organisasjon og økonomi	163,3	163,5	0,3
IKT og digitalisering	195,6	195,6	0,0
Eigedom og utbygging	599,1	619,0	19,8
Tannhelse	378,0	378,0	0,0
Næring, plan og innovasjon	211,1	211,3	0,2
Opplæring og kompetanse	4 100,1	4 102,8	2,6
Kultur og folkehelse	382,0	382,6	0,6
Mobilitet og kollektivtransport	3 699,6	3 573,8	-125,8
Infrastruktur og veg	1 769,8	1 748,9	-20,8
Totalt	11 563,2	11 443,5	-119,7

Tal i mill. kr

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er eit av dei mest sentrale nøkkeltala i kommunale rekneskapar. Netto driftsresultat viser kva vi har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. «Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi» har rådd til at netto driftsresultat for fylkeskommunane bør utgjere 4 prosent av driftsinntektene.

Netto driftsresultat har hatt ein klart fallande tendens dei tre siste åra. I 2024 enda vi på 2,6 prosent. Gjennomsnittleg netto driftsresultat for fylkeskommunane vart 2,7 prosent. Vestland fylkeskommune har tidlegare lege over gjennomsnittet for fylkeskommunane, men i 2024 hamna vi så vidt under.



Driftsutgifter

Brutto driftsutgifter fordeler seg slik på avdelingar/sektorar:

Mill. kr	2023	2024
Politisk styring og kontrollorgan	78,2	70,4
Organisasjon og økonomi	170,7	186,6
Eigedom og utbygging	774,3	796,2
IKT og digitalisering	239,2	231,6
Tannhelse	549,7	606,4
Næring, plan og innovasjon	451,9	426,6
Opplæring og kompetanse	4 885,7	5 129,0
Kultur og folkehelse	582,2	962,6
Mobilitet og kollektivtransport	5 100,8	5 567,8
Infrastruktur og veg	2 109,2	2 502,5
Sum brutto driftsutgifter	14 941,9	16 479,7

Vi har gjennomført nokre mindre budsjettmessige omleggingar i løpet av året, blant anna er driftskostnader knytte til ulike fagsystem, overført frå IKT og digitalisering til ansvarlege avdelingar.

Sum brutto driftsutgifter auka med 10,3 prosent frå 2023 til 2024. Løns- og prisveksten for kommunal sektor er rekna til 4,4 prosent. Men fleire sektorar har hatt vekst godt utover dette.

Tannhelse har fått ekstra midlar ved budsjettforlika i Stortinget, for å styrke tilbodet både til ungdommar og eldre.

Auken innan kultur og folkehelse gjeld i hovudsak fordeling av spelemidlar, som kan variere ein god del frå år til år. For mobilitet og kollektivtransport er det ei kjent problemstilling dei siste åra at indeksjusteringa av kontraktane med ruteselskapa har medført kostnadsauke langt utover den inntektsveksten fylkeskommunen har hatt.

Auken innan infrastruktur og veg skuldast delvis ei planlagt satsing på vedlikehald av fylkesvegane. I 2024 nytta vi 205 mill. kr frå disposisjonsfond, mot 90 mill. kr i 2023. I tillegg har uvêr ført til ekstra kostnader. I tertialrapporten for første tertial vart budsjettet auka med 45 mill. kr frå eit disposisjonsfond for uføresette hendingar. Vi har brukt 16 mill. kr til opprydding etter uvêret Jakob, men storparten av utgiftene etter uvêret kjem i 2025.

Til slutt kan vi nemne ei rekneskapsteknisk omlegging. Nokre bompengepakkar omfattar både fylkesvegar, riksvegar og kommunale vegar. For Førdepakken og Nordhordlandspakken er det fylkeskommunen som rekvirerer bompengar. Ein del av bompengane blir overførte til staten og kommunar. I 2024 utgjorde dette 123,3 mill. kr. Tidlegare år har tilsvarande midlar vorte ført inn og ut av investeringsrekneskapen.

Finansielle måltal

I budsjettet er det vedteke å nytte fire finansielle måltal. Det er nøkkeltal som gir indikasjonar på den økonomiske stoda. Alle tala er rekna i prosent av sum driftsinntekter.

	2021	2022	2023	2024	Mål
Netto driftsresultat	9,1 %	7,1 %	5,1 %	2,6 %	4 %
Netto gjeldsgrad	90,3 %	89,8 %	94,7 %	92,5 %	< 115 %
Rente- og avdragsbelastning	5,9 %	6,5 %	8,4 %	8,2 %	5 %
Disposisjonsfond	11,7 %	13,0 %	12,2 %	9,3 %	10 %

Netto driftsresultat har hatt ein markert nedgang kvart av dei tre siste åra. I 2024 hamna vi under måltalet på 4 prosent.

Eit mål, som har hatt mykje merksemd, er at netto gjeldsgrad ikkje skal overstige 115 prosent. Det er ei grense vi har hatt i mange år, som følgde med frå Hordaland fylkeskommune. Med dagens rentenivå vil renteutgiftene bli svært tyngjande før vi når ein gjeldsgrad på 115 prosent.

På lang sikt bør målet vere å kome ned mot 75 prosent, men det spørst kor realistisk dette er. Fylkestinget har i økonomiplanen lagt opp til å setje i gang nye investeringsprosjekt og auke driftsutgiftene, til dømes for å ruste opp fylkesvegane. Det fører til auka gjeldsnivå, og netto driftsresultat og disposisjonsfond går ned.

Netto gjeldsgrad vart 92,5 prosent i 2024, som er ein liten nedgang frå 2023. I dette nøkkeltalet er det frådrag for lån som er tekne opp, men enno ikkje nytta. I 2024 brukte vi 415,1 mill. kr mindre enn budsjettet av lånemidlar. Saman med vekst i inntektene, er det forklaringa på at netto gjeldsgrad ikkje auka som forventa.

Rente- og avdragsbelastning kan vere ein interessant storleik, til dømes når vi samanliknar oss med andre fylkeskommunar. Jo større del av inntektene som går med til renter og avdrag, dess mindre har vi igjen til drift i sektorane. Men det er ikkje nødvendigvis slik at dette nøkkeltalet bør vere så lågt som råd. Vestland fylkeskommune betaler meir i avdrag enn minimumsavdraget vi er pliktige til etter kommunelova. I 2024-budsjettet sette vi ned avdraget. Vi oppnådde med dette at summen av renter og avdrag auka litt mindre enn driftsinntektene. Men å trappe ned avdraga for å møte aukande renteutgifter er ikkje ei løysing som er berekraftig på sikt.

Disposisjonsfonda gjekk ned frå 12,2 prosent til 9,3 prosent av driftsinntektene. Vi er dermed komen litt under målet på 10 prosent. Fylkestinget har likevel vedteke at vi skal halde fram med å bruke av disposisjonsfond dei komande åra. I sist vedtekne økonomiplan er prognosen at vi vil kome ned på 6 prosent i 2028.

Fylkesdirektøren vil i løpet av 2025 vurdere om måltala bør reviderast.

Vurdering av den økonomiske stillinga

I perioden 2020–23 har fylkeskommunen kvart år kome ut med eit rekneskapsresultat som har vore vesentleg betre enn budsjettet. Vi har hatt solide netto driftsresultat, god likviditet og disposisjonsfond høgare enn målet. Men i 2024 er situasjonen er i ferd med å snu.

Mange kommunar og nokre fylkeskommunar har opplevd 2024 som eit vanskeleg år. Vestland fylkeskommune er ikkje mellom dei som er verst stilte. Det vil like fullt vere behov for å gjere strenge prioriteringar dei komande åra. Det vil ikkje vere rom for å setje i gang alle ønska investeringar og driftstiltak.

Investeringar

	Reknesk. 2023	Reknesk. 2024	Budsjett 2024
Administrasjonslokale	265,4	197,1	166,7
Opplæring og kompetanse	1 227,1	962,5	1 079,9
Andre bygningar og utstyr	156,6	120,5	100,4
Mobilitet og kollektivtransport	887,7	254,8	245,1
Infrastruktur og veg	2 578,0	2 400,0	2 394,5
Aksjar og avdrag på lån	113,8	81,9	47,3
Sum investeringsutgifter	5 228,6	4 016,7	4 034,0
Finansiering			
Kompensasjon mva.	667,4	653,5	515,9
Tilskot og refusjonar	769,5	726,7	518,1
Sal / refusjonar	639,8	47,1	0,0
Sal av anleggsmidlar	62,9	100,0	99,5
Mottatt avdrag på utlån	35,9	73,9	36,3
Bruk av lån	1 976,0	1 634,3	2 049,4
Overført frå drift	1 153,8	771,1	798,7
Bundne investeringsfond (netto)	9,3	10,1	16,0
Ubundne investeringsfond (netto)	-22,8		
Dekning av tidlegare års udekka beløp	-63,2		
Sum finansiering	5 228,6	4 016,7	4 034,0

Tal i mill. kr

Investeringsrekneskapen viser totale utgifter på 4016,7 mill. kr. Det er svært nær budsjettet, som var 4034 mill. kr.

Infrastruktur og veg stod for 61 prosent av investeringane. Det største einskildprosjektet var Ytre Steinsund bru, der det vart brukt 454 mill. kr. Av andre store utgiftspostar i sektoren kan vi nemne bompengeprojektet Askøypakken med 273 mill. kr. Vi har elles brukt 270 mill. kr til gang- og sykkelveggar og 193 mill. kr til oppgradering av tunnelar.

Bybaneutbygginga ser ut til å gå mot ein pause no, med det gjekk med 36,4 mill. kr til byggetrinn 4 og 172,9 mill. kr til byggetrinn 5 i 2024. Det er finansiert med bompengar og statstilskot.

Dei største prosjekta under opplæring var Kvam vgs. med 277 mill. kr og Stord vgs. med 255 mill. kr.

Til fylkeshuset i Leikanger gjekk det med 128,5 mill. kr.

Investeringane vart finansierte frå fleire ulike kjelder. 1634,3 mill. kr av investeringsutgiftene vart finansierte med lån og 771,1 mill. kr med midlar frå drifta. Bompengar utgjorde 473,1 mill. kr. Av bompengane gjekk 163,7 mill. kr til bybanen og 309,4 mill. kr til veginvesteringar.

Mange inntektsartar i investeringsrekneskapen vart høgare enn budsjettert. Det gjeld mellom anna momskompensasjon og inntekter frå bompengar. Vi fekk også utbetalt sluttoppgjer frå Enova for ladeanlegg på ferjekaiar. Alt dette gjorde at vi kunne redusere bruken av lån med 415,1 mill. kr. Overføring frå drift til investering vart sett ned med 27,6 mill. kr. Det siste talet var belønningsmidlar, som var avsette til bybanen byggetrinn 4.

Utvalde tal frå balansen

Mill. kr	2023	2024
Bankinnskot	5 411,6	4 939,7
Obligasjonsfond	230,6	248,0
Sum likvide midlar	5 642,2	5 187,7
Disposisjonsfond	2 063,5	1 701,3
Bundne driftsfond	973,2	1 037,7
Ubundne investeringsfond	83,7	83,6
Bundne investeringsfond	293,0	282,9
Sum fond	3 413,4	3 105,5
Langsiktig gjeld	16 378,1	17 539,0

Likviditet

Sum likvide midlar var 5187,7 mill. kr ved utgangen av 2024. Fylkeskommunen har med dette god likviditet, sjølv om likvide midlar gjekk ned med 454,5 mill. kr i 2024.

Fond

Sum fond utgjorde 3105,5 mill. kr ved utgangen av året. Det er ein reduksjon på 307,9 mill. kr. Disposisjonsfond vart reduserte med 362,2 mill. kr til 1701,3 mill. kr.

Vi har hatt størst bruk frå disposisjonsfond innan infrastruktur og veg, med 250 mill. kr. Opplæring og kompetanse har brukt 28,2 mill. kr og tannhelse 28 mill. kr. Fylkestinget har også løyvd diverse tilskot som er dekkja frå disposisjonsfond. Desse summerer seg også til om lag 28 mill. kr.

Lån

Lån utgjorde 17 539 mill. kr, ein auke på 1160,9 mill. kr.

Premiss for løyving

Den viktigaste premissen for inntektssida i budsjettet er det statlege inntektssystemet, der rammetilskotet til fylkeskommunen kjem fram, i tillegg til kva nivå vi kan vente på skatteinntektene. Andre viktige budsjettpremissar på inntektssida er kollektivtrafikkinntektene.

Budsjettet er vedteke på rammenivå for dei ulike sektorane. Budsjettreglementet regulerer fullmakter til å gjere budsjettendringar både på politisk og administrativt nivå.

Fylkesdirektøren har utarbeidd oppdragsbrev til direktørane. Brev viser kva fylkesdirektøren ventar at direktørane skal gjennomføre i året og peiker på ansvarsområdet til direktøren, under dette samla budsjettamme. Fylkesdirektøren har regelmessige statusmøte for å sikre framdrifta og følgje opp økonomistyringa.

Rutinar for oppfølging

Budsjettoppfølging gjennom året følgjer to løp, eit politisk og eit administrativt.

Politisk nivå har budsjettoppfølging gjennom rapportar til fylkestinget kvart tertial, i tillegg til godkjenning av rekneskapen etter at denne er lagt fram. Fylkestinget handsamar to tertialrapportar gjennom året, per april og august. Tertialrapportane gjennomgår utviklinga og har prognose for resten av året både for investerings- og driftsbudsjettet. Til dømes vert framdrift for store investeringsprosjekt vurdert. Fylkestinget gjennomfører budsjettendringar ved større avvik frå premissen for bruk av løyvinga både for investerings- og driftsbudsjettet.

For finanssektoren vert det lagt fram eigne rapportar til fylkestinget kvart tertial. I første kvartal året etter vert det i tillegg lagt fram ein årsrapport for finans, der vi ser utviklinga i året mellom anna opp mot det vedtekne finansreglementet.

I samband med budsjettvedtaket gjer fylkestinget også det som vert kalla vedtak om verbalpunkt. Det er politiske premissar for ein skilde delar av budsjettet, for spesielle saker eller område. Verbalpunkta er i mange tilfelle initiativ som krev utgreiing og sakshandsaming, der framdrifta for arbeidet vert rapportert til fylkestinget.

Administrativt nivå har i tillegg kvartalsvis budsjettoppfølging. Fylkesdirektøren har sektorvise møte med direktørane med gjennomgang av budsjettutviklinga. Til desse møta er det utarbeidd sektorvise prognosar for rekneskapen mot slutten av året opp mot vedteke budsjett. I tillegg går fylkesdirektør og den ein skilde direktør gjennom korleis sektoren følgjer opp budsjettvedtaket til fylkestinget, for å sikre at vi gjennomfører premissane fylkestinget har sett for løyvinga.

Vurdering av risiko

Budsjettet til Vestland fylkeskommune er stort og femner om ulike sektorar. Storleiken på sektorane varierer mykje. Opplæring og kompetanse har mange vidaregåande skular og dermed mange tilsette. Mobilitet og kollektiv har stort budsjett, men færre tilsette, ettersom kollektivtransporten er konkurranseutsett. Risikovurderingane er difor ulike frå sektor til sektor.

Størst økonomisk risiko har det dei siste åra vore innanfor premissane som er lagde for kollektivtrafikkinntektene. I 2024 spela også utviklinga i skatteinntektene inn. Tidlegare år har det vore sterk vekst i skatteinntektene, mens det for 2024 vart skattesvikt som særleg kom til syne mot slutten av året.

Eit anna område der det er risiko, er utviklinga i rentenivået. Vestland fylkeskommune har høg gjeld, og utviklinga i rentenivået er ein premiss som har stor merksemd i budsjettarbeidet.

Fylkesdirektøren følgjer utviklinga i risikobiletet tett gjennom året i nært samarbeid med dei ulike fageiningane.

KOSTRA - kommune-stat- rapportering

Nedanfor har vi henta fram nokre nøkkeltal som Statistisk sentralbyrå (SSB) publiserte 17. mars 2025. Her kan vi samanlikne Vestland fylkeskommune med gjennomsnittet av fylkeskommunane utanom Oslo.

Tal i prosent av brutto driftsinntekter	Vestland 2023	Vestland 2024	Landet u/ Oslo 2024
Netto driftsresultat	5,1 %	2,6 %	2,7 %
Arbeidskapital	16,8 %	15,3 %	18,0 %
Netto renteeksponering	49,7 %	56,5 %	37,9 %
Langsiktig gjeld ex pensjonsforplikting	96,5 %	96,3 %	76,8 %
Fri egenkapital drift	12,2 %	9,4 %	12,9 %
Brutto investeringsutgifter	30,1 %	21,6 %	18,1 %
Eigenfinansiering av invest. i % av totale bto. inv.	61,4 %	58,5 %	63,6 %
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	18 431	19 045	16 824
Netto utg. administrasjon per innb. (kr)	694	692	710
Netto utg. adm. i prosent av totale utg.	3,8 %	3,5 %	4,2 %

Netto driftsresultat for Vestland fylkeskommune vart 2,6 prosent, medan gjennomsnittet for fylkeskommunane var 2,7 prosent.

Arbeidskapital er eit mål på likviditet. Likviditeten er vurdert å vere svært god i Vestland. Likevel ligg vi noko under landsgjennomsnittet.

Netto renteeksponering gir ein indikasjon på kor mykje av gjelda til fylkeskommunen som er eksponert for rentesvingingar. Kostra-tala inneheld ikkje opplysningar om rentebinding, men ser på total gjeld og reduserer for den delen som vert oppvege av innskot og rentekompensasjonsordningar. Når renteeksponert gjeld utgjer om lag 50 prosent av driftsinntektene, er konsekvensen at 0,5 prosent av driftsinntektene vil gå med for å dekke inn ein renteoppgang på 1 prosentpoeng.

Tabellen over viser at langsiktig gjeld utgjer 96,3 prosent av driftsinntektene. Vestland fylkeskommune har elles for det meste nytta «netto langsiktig gjeld» i nøkkeltala sine. Då vert gjelda redusert med utlån og unytta lånemidlar. Rekna på denne måten utgjer netto gjeld 92,5 prosent av driftsinntektene.

Fri eigenkapital drift vil seie disposisjonsfond. SSB reknar at ein har stor grad av økonomisk handlefridom når nøkkeltalet er over 8 prosent. Vestland har disposisjonsfond som utgjer 9,4 prosent av driftsinntektene. Landsgjennomsnittet er på 12,9 prosent.

Brutto investeringsutgifter i Vestland utgjer 21,6 prosent av driftsinntektene. Det er litt høgare enn landsgjennomsnittet på 18,1 prosent. Som eigenfinansiering vert rekna alt anna enn lånefinansiering. Det betyr at både statstilskot og bompengar er definerte som eigenfinansiering.

Frie inntekter omfattar skatt og rammetilskot. Vestland ligg kr 2 221 (13,2 prosent) over landsgjennomsnittet per innbyggjar. I inntektssystemet vart det for 2024 lagt til grunn at Vestland har eit utgiftsbehov som er 17,25 prosent høgare enn landsgjennomsnittet.

For administrasjonen ligg Vestland litt under landsgjennomsnittet med 692 kr per innbyggjar, mot 710 kr for landet.

Vestland er mellom dei største fylkeskommunane. Det kan vere naturleg å samanlikne seg med til dømes Akershus, Rogaland og Trøndelag. Desse har ein del lågare utgifter til administrasjon enn Vestland. Ein del av forklaringa kan vere at administrasjonen i Vestland fylkeskommune er delt på fleire lokasjonar. Ein annan faktor er at vi dei siste åra har samla ressursar sentralt i fylkesadministrasjonen. Fleire tilsette har dermed vorte rapporterte under administrasjon, til dømes juridiske tenester.

	Vestland 2023	Vestland 2024	Landet u/ Oslo 2024
Vidaregåande opplæring			
Netto driftsutgifter per innbyggjar 16–18 år	198 158	200 820	212 332
Netto driftsutg. til vidaregåande utd. av samla netto driftsutg.	40,0 %	38,0 %	46,6 %
Ungdom 16–18 år i vidaregåande opplæring	92,7 %	91,6 %	91,2 %
Elevar per skule	430	402	449
Elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram	56,1 %	56,6 %	54,5 %
Elevar per lærarårsverk	8,0	8,2	8,5 %
Elevar	23 378	23 596	178 148
Læringar	6 897	6 780	45 071

Netto driftsutgifter til vidaregåande opplæring i Vestland utgjer 200 820 kr per innbyggjar 16–18 år. Det er 5,4 prosent lågare enn landsgjennomsnittet.

Netto driftsutgifter til vidaregåande utdanning utgjer berre 38 prosent av dei totale driftsutgiftene til Vestland, medan landsgjennomsnittet er 46,6 prosent. Dette er relativt stor skilnad. På samferdselsområdet er det motsett. Der brukar Vestland vesentleg meir enn landsgjennomsnittet.

91,6 prosent av ungdom mellom 16 og 18 år er i vidaregåande opplæring. Talet viser ein liten nedgang frå 2023, men er framleis høgare enn gjennomsnittet for landet på 91,2 prosent. Noko større del av

elevane er i yrkesfaglege utdanningsprogram i Vestland (56,6 prosent) enn gjennomsnittet for landet (54,5 prosent).

Vestland har færre elevar per skule enn landsgjennomsnittet, 402 mot 449. Elevar per lærarårsverk er 8,2 i Vestland mot 8,5 for landet.

	Vestland	Vestland	Landet u/ Oslo
Samferdsel	2023	2024	2024
Tal i kr per innbyggjar:			
Brutto driftsutgifter til samferdsel	12 341	13 609	8 485
Brutto investeringsutgifter til samferdsel	5 330	4 052	2 978
Netto driftsutgifter til kollektivtransport (buss, båt, bybane)	4 039	4 171	2 666
Netto driftsutgifter til fylkesvegferjer	1 714	2 109	986
Netto driftsutgifter til fylkesveg per kilometer	421 245	471 158	342 529
Reiser med kollektivtransport per innbyggjar	145	151	78
Brukarar av transportordn. for funksjonsh. per 1000 innb.	24	27	18

Av tabellen går det fram at Vestland har vesentleg høgare utgifter til samferdselsføremål enn landsgjennomsnittet. Driftsutgiftene har auka med 10,3 prosent siste året. Talet på reiser med kollektivtransport er 151 per innbyggjar. Dette er nesten dobbelt så høgt som landsgjennomsnittet.

	Vestland	Vestland	Landet u/ Oslo
Tannhelse	2023	2024	2024
Barn og unge 1–18 år under tilsyn	97,8 %	98,7 %	98,0 %
Eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon under tilsyn	90,5 %	84,4 %	94,2 %
Del 5-åringar utan karies	83,1 %	84,0 %	82,5 %
Gjennomsnittleg tal tenner med hol hos 12-åringar	2,4	2,4	2,4
Avtalte tannlegeårsverk per 10 000 innbyggjarar	8,0	7,9	7,9
Avtalte tannlegespesialistårsverk per 10 000 innb.	1,4	1,3	1,0
Avtalte tannpleiarårsverk per 10 000 innbyggjarar	2,5	2,7	2,1
Netto driftsutgifter per innbyggjar	641	721	700

Indikatorar på tannhelse mellom barn og unge ligg nokså nær landsgjennomsnittet. Tal tannlegeårsverk per 10 000 innbyggjarar er likt landsgjennomsnittet, medan talet på spesialistar og tannpleiarar er litt høgare enn gjennomsnittet. Driftsutgiftene har auka med 12,5 prosent frå 2023 til 2024. Auken heng saman med at vi er i ferd med å byggje opp kapasitet for nye årskull.

Personal og organisasjon

Organisasjonen

Sjukefråvær

Sjukefråværet i Vestland fylkeskommune auka frå 5,85 prosent i 2023 til 6,03 prosent i 2024, rett under målet om 94 prosent nærvær.

Kjønnskilnaden i fråværet i fylkeskommunen er tydeleg og på linje med norsk arbeidsliv elles. Fråværet for kvinner var på 7,65 prosent, medan det var 3,79 prosent for menn. Sjukefråværet for både kvinner og menn har auka frå 2023 til 2024. Auken er størst for kvinner, og kvinner i aldersgruppa 30–39 år har høgst sjukefråvær.

Det var prosentvis færre tilsette som hadde sjukefråvær i 2024, men lengda på fråværet auka for begge kjønn. Sjukefråværet etter fråværlengde viser at 64,4 prosent av fråværet var utanfor arbeidsgjevarperioden, altså meir enn 16 dagar.

Tannhelse er sektoren med høgst sjukefråvær. I 2023 var fråværet i sektoren på 9,7 prosent, medan det i 2024 var på 10,44 prosent. I avdeling opplæring og kompetanse (OPK) var sjukefråværet på 5,67 prosent. Ein stor del av medarbeidarane i Vestland fylkeskommune jobbar i OPK, og sektoren trekker difor sjukefråværet ned.

Vi har ei rekke ulike tiltak for å redusere sjukefråværet i alle avdelingar. Det er først og fremst nærværstiltak, men òg arbeid med å sikre god oppfølging av dei som er sjuke. Reinholdseininga i avdeling eigedom og utbygging fekk arbeidsmiljøprisen for nærværprosjektet sitt i 2024. Dei har delt erfaringane sine både i arbeidsmiljøutvalet i Vestland fylkeskommune (AMU VLFK) og med tannhelsetenesta, som gjennom fleire år har hatt eit særleg høgt sjukefråvær.

Sjukefråvær, sjukefråværsoppfølging og nærværarbeid er fast tema i AMU VLFK. Fylkesdirektøren har stor merksemd på sjukefråværet i organisasjonen og vil følgje utviklinga nøye også i 2025.

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Vestland fylkeskommune har organisert HMS-arbeidet med eit sentralt arbeidsmiljøutval for fylkeskommunen (AMU VLFK). Frå 2024 er det etablert AMU for alle avdelingane, i tillegg til lokale AMU på alle skular og i nokre seksjonar. Slik organisering gjev leiinga betre oversikt over eigne område, og det sikrar tettare oppfølging av HMS-arbeidet i kvar avdeling/sektor.

Det sentrale AKAN-utvalet jobbar førebyggjande mot rus- og speleavhengigheit. Det førebyggjande arbeidet skal handsamast i dei lokale AMU, men dei skal ikkje handsame einskildsaker. Det sentrale AKAN-utvalet har hatt to digitale temamøte for AKAN-kontaktane i 2024.

Vernetenesta har eit fylkeshovudverneombod i full stilling og eit assisterande fylkeshovudverneombod i 60 prosent stilling. Frå januar 2025 er det i tillegg 55 hovudverneombod i dei ulike avdelingane i fylkeskommunen. I samarbeid med fylkeshovudverneomboda vart det gjennomført ei fysisk samling for alle hovudverneomboda i januar 2024.

HR-seksjonen har ei eiga eining som følgjer opp HMS-arbeidet. Eininga Organisasjonssøtte og HMS syt for informasjon, bistand og opplæring i det systematiske HMS-arbeidet i fylket.

Det er lokale HMS- og kvalitetskoordinatorar i alle avdelingar, i nokre større seksjonar og på alle skulane. Koordinatorane skal støtte linjeleiar, verneombod og medarbeidarar i HMS-arbeidet. Dei overordna kvalitetsansvarlege, minst ein frå kvar avdeling, er med i kvalitetsforum. I 2024 har kvalitetsforum mellom anna delteke i arbeidet med vurdering av nytt kvalitetssystem.

Vestland fylkeskommune gjennomførte våren 2024 konkurranse med forhandling om anskaffing av ny avtale om bedriftshelseteneste. Avonova fekk avtale for to nye år.

I 2024 har avdelingane arbeidd med oppfølging av medarbeidarundersøkinga, som vart gjennomført i 2023. Arbeidet har vore retta mot å styrke bevaringsområda (førebyggje mobbing og trakassering, og kompetanseutvikling) og utviklingsområda (meningsfylt arbeid og engasjement, overordna leiing og kompetanseutvikling).

Det vart gjennomført tre HMS-grunnkurs med digitale og fysiske samlingar i 2024. Til saman 95 leiarar, verneombod, tillitsvalde og AMU-medlemmar deltok på grunnkurs, ein fin auke frå 2023. I 2024 starta vi med oppfriskingskurs for leiarar, med vekt på erfaringsdeling og arbeid med case. Til saman har 60 leiarar delteke på dei tre kursa, og tilbakemeldingane er gode. I tillegg har lærlingane i fylket deltatt på innføringskurs i HMS-arbeid.

Kvalitetssystemet er eit sentralt verktøy i HMS-arbeidet. Her finn vi mellom anna oversyn over ansvar, organisering og retningslinjer for arbeidet med kartlegging, risikovurdering, handlingsplanar og årshjul for AMU. I perioden 2023–2025 har vi særleg arbeidd med avviksrapportering og -handtering, i tråd med HMS-måla.

Vestland fylkeskommune gjennomfører årleg HMS-rapportering i form av eigenkontroll, med rapport til fylkesdirektøren og AMU VLFK. Rapporteringa er eit viktig element i etterleving av internkontrollforskrifta. Einingane følgjer opp forbetringsskjema frå rapporteringa, med hjelp frå HR-seksjonen. I januar 2025 fekk leiarar tilsendt HMS-rapporteringsskjema for 2024. Alle leiarane har svart i samarbeid med hovudverneombod for aktuell avdeling, skule eller eining. Einingane rapporterer at dei følgjer opp det systematiske HMS-arbeidet, og at lokale mål og handlingsplanar i stor grad er på plass.

Kvalitetsstyring

Kvalitetssystemet er sentralt i arbeidet med å dokumentere og sikre internkontroll. For tilsette utan særskilde oppgåver i kvalitetsarbeidet, fungerer systemet som ei e-handbok med oversyn over rutinar og retningslinjer. Det er også her vi melder avvik, registrerer varsel, slår opp i stoffkartoteket og finn relevante lover, forskrifter og avtalar.

Det er jamlege møte i kvalitetsforum. Der er HMS- og kvalitetskoordinatorane frå alle avdelingane og enkelte seksjonar med. Oppgåva til forumet er å sikre fagleg oppdatering, erfaringsutveksling, utvikle gode rutinar og drive fram systemutvikling.

I dokumentmodulen var det ved utgangen av 2024 publisert om lag 5100 dokument. HMS-arbeidet i fylkeskommunen skal sikre trygge og helsefremjande arbeids- og opplærings situasjonar.

I 2024 var det registrert 1348 saker i kvalitetssystemet til Vestland fylkeskommune. 1137 av dei var uønskete hendingar og avvik, 88 forbettringsforslag, 67 leverandøravvik, 20 varsel og 36 nesten-ulykker. Av 1137 uønskete hendingar og avvik, gjaldt 325 personskadar.

Tabellen viser statistikk for meldingar om uønskete hendingar og avvik m.m.

Type hending	2023	2024
Uønskt hending og avvik	854	1137
Forbettringsforslag	91	88
Leverandøravvik	37	67
Varsel	34*	20
Nesten-ulykke	31	36

* Fleire av desse var ikkje varsel etter arbeidsmiljølova.

Likestillingsutgreiing 2024

Vestland fylkeskommune jobbar aktivt for likestilling og mot diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk og kombinasjonar av desse grunnlag. I organisasjonsstrategien vår seier vi det slik: Vi ser mangfald og forskjell som ein styrke. Det set retning for likestillingsarbeidet vårt. Frå organisasjonsstrategien:

Vi har eit sunt og inkluderande arbeidsmiljø der alle opplever likestilling og like moglegheiter, uavhengig av kjønn, etnisitet, nasjonalt opphav, språk, religion, livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og alder.

Vi jobbar aktivt med å fremje likestilling og kompetanse om mangfald. Vi ser mangfald og forskjellar som ein styrke som gjer organisasjonen vår betre og rikare for alle. Ved å vere opne for nye tankar og idear, og vere nysgjerrige på alle som er annleis enn oss sjølve, lærer vi meir og blir i betre stand til å levere gode, inkluderande og nyskapande tenester og løysingar.

Vi har som mål at arbeidsstyrken vår skal representere breidda i samfunnet rundt oss. Når organisasjonen rommar fleire erfaringsbakgrunnar og perspektiv, blir det lettare for oss å oppdage og forstå utfordringar og behov hos innbyggjarar og i samfunnet.

Status for likestilling mellom kjønna

Vestland fylkeskommune har gjennomført ei kartlegging av likestilling mellom kjønna. Vi har kartlagt kjønnsbalansen i verksemda, kor mange mellombelse tilsette som jobbar hjå oss, kor mange deltidstilsette vi har, og kva gjennomsnittleg uttak for foreldrepermisjon er for kvinner og menn. Dette blir vist i tabellen nedanfor, og under tabellen følgjer ei forklaring. Vi arbeider med å styrke kvaliteten på sentrale personaldata og har gjort nokre justeringar i rapporteringane for 2024. På ein del område er difor ikkje tala direkte samanliknbare med tilsvarande tal i årsmeldinga for 2023. Frå 2025 vil det igjen vere mogleg å samanlikne tala i årsmeldinga med året før, slik at vi kan følgje utviklinga og identifisere eventuelle trendar.

For å kartleggje graden av ufrivillig deltidsarbeid i Vestland fylkeskommune har vi gjennomført ei undersøking blant deltidstilsette. Vi beskriv resultata frå denne under avsnitt om deltid.

Balanse mellom kjønna		Mellombelse tilsette		Foreldrepermisjon		Deltid	
Tal kvinner og menn		Tal og del i prosent av kvinner og menn som jobbar mellombels		Gjennomsnitt tal veker		Tal og del i prosent av kvinner og menn som jobbar deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
3733 (59 %)	2596 (41 %)	277 (60 %)	182 (40 %)	4045 (70 %)	1756 (30 %)	709 (68 %)	330 (32 %)

Tabell 1: Tal på tilsette, tilsette i mellombelse stillingar, gjennomsnittleg tal veker foreldrepermisjon, og tal tilsette som jobbar deltid

Det jobba 6329 personar i Vestland fylkeskommune per 31. desember 2024, 3733 (59 prosent) kvinner og 2596 (41 prosent) menn. Det blei utført 5545 årsverk. Samanlikna med 2023 er talet på tilsette i 2024 noko lågare. I 2023 var det 6480 tilsette i Vestland fylkeskommune, fordelt på 3802 (59 prosent) kvinner og 2697 (41 prosent) menn.

Det var 459 mellombelse tilsette ved utgangen av 2024, med slik fordeling mellom kjønna: 277 kvinner (60 prosent) og 182 menn (40 prosent). Tilsette som både har ei fast stilling og ei mellombels stilling hjå oss (til dømes vikariat i anna stilling, prosjektstilling og anna), er ikkje rekna med i talet for mellombelse tilsette.

Lærlingar og trainee-er blir ikkje rekna som mellombelse tilsette fordi dette er utdanningsstillingar og rekrutteringsstillingar. I 2024 hadde Vestland fylkeskommune 74 lærlingar og 3 trainee-er.

Det er 315 kvinner og 195 menn som har tatt ut foreldrepermisjon i 2024. Tala for foreldrepermisjon viser at kvinner i gjennomsnitt tar 13 veker og menn tar 9 veker. Dette er tal veker kvinner og menn har tatt ut foreldrepermisjon i løpet av rekneskapsåret, og delt på tal kvinner og menn som har tatt ut foreldrepermisjon.

Deltid

Per 31. desember 2024 var det 1039 tilsette som jobba deltid i Vestland fylkeskommune. 709 (68 prosent) kvinner og 330 (32 prosent) menn er deltidstilsette hjå oss. Vi reknar tilsette som har ei tilsettingsprosent på under 100 prosent som deltidstilsett. Tilsette med to eller fleire deltidsstillingar som til saman utgjer mindre enn 100 prosent, blir rekna som ein tilsett i deltidsstilling. Tilsette med to eller fleire deltidsstillingar som til saman blir 100 prosent, blir ikkje rekna som deltidstilsett.

Talet på deltidstilsette for 2024 avvik frå talet for deltidstilsette for 2023, som var på 1349. Forklaringa på dette er at vi i årsmeldinga for 2023 og føregåande år brukte lønsprosent som grunnlag for å rekne ut kven som er deltidstilsett, og ikkje tilsettingsprosent.

Vestland fylkeskommune har som mål å tilsette i faste, heile stillingar og å motarbeide ufrivillig deltid. Samstundes meiner vi at eit inkluderande og likestilt arbeidsliv også inneber å gje rom for dei som av ulike årsaker ikkje kan jobbe fulltid.

I november 2024 sende vi ut ei undersøking til 891 deltidstilsette for å få vite meir om årsaka til deltidsarbeid. 427 tilsette svara på heile undersøkinga. Talet tilsette undersøkinga vart sendt ut til, avvik frå talet på tal tilsette som jobbar deltid. Årsaka til dette er at vi i forkant av undersøkinga sorterte ut tilsette som jobbar deltid grunna avtalefesta pensjon (AFP) og delvis uføregrad.

Resultata frå undersøkinga viser at deltid i hovudsak kan forklarast med at arbeidsgjevar ikkje har tilbydd tilsette høgare stillingsprosent. Samstundes viser undersøkinga at familie- og/eller livssituasjon, anna jobb/student/sjølvstendig næringsdrivande, og mangel på ønska arbeidsoppgåver/ikkje relevant heiltidsstilling å søke på, også er ein del av forklaringa til deltidsarbeid. Om lag 25 prosent av respondentane svara at dei ikkje ønskjer større stillingsdel. Tilsvarende del opplyser at dei har takka nei til større stillingsprosent.

Ufrivillig deltid er når ein tilsett ønskjer og er tilgjengeleg for å jobbe meir. 50 prosent av respondentane svara at dei «ønskjer og er tilgjengeleg for å jobbe meir» på spørsmålet «Ønskjer du og er du tilgjengeleg for å jobbe meir?» Dette indikerer at om lag halvparten av dei som jobbar deltid,

jobbar ufrivillig deltid. Vestland fylkeskommune vil halde fram med å jobbe aktivt for at deltidstilsette som ønskjer og er tilgjengelege for å jobbe meir, skal få auke stillingsprosenten sin.

Fordeling av løn

Vestland fylkeskommune er ein stor arbeidsgjevar med ansvar for vidaregåande skular, tannhelsetenesta, veg, kultur, næring og kollektivtransport, i tillegg til spesialistkompetanse innan ulike stabsområde. Det betyr at vi treng eit breitt spekter av kompetanse. Vi har gruppert stillingar basert på kva type arbeidsoppgåver som ligg til dei forskjellige stillingane.

Når vi har rekna ut løna til kvinner i prosent av løna til menn, har vi delt dei tilsette inn ulike stillingsgrupper. Tabellen nedanfor viser løna til kvinner i prosent av løna til menn, i tillegg til fordeling av stillingar mellom kvinner og menn innan dei ulike stillingsgruppene, både i tal og prosent.

Fordeling av kjønn på ulike stillingsgrupper							
Stilling	Kvinner		Menn		Kvinner	Menn	Løna til kvinner i prosent av løna til menn
	Tal stillingar	Prosent	Tal stillingar	Prosent	Gjennomsnitt avtalt fastløn	Gjennomsnitt avtalt fastløn	
Totalt tal stillingar	3885	59,80 %	2609	40,20 %	682 943,-	716 991,-	95,3 %
Leiarstillingar	140	62,50 %	84	37,50 %	895 934,-	1 016 023,-	88,20 %
(kapittel 3 og 5)							
Pedagogiske leiarstillingar	134	50,60 %	131	49,40 %	932 699,-	948 359,-	98,30 %
Kontorstøttestillingar	255	82,30 %	55	17,70 %	588 996,-	617 946,-	95,30 %
Drifts- og støttestillingar	897	71,80 %	352	28,20 %	522 914,-	559 462,-	93,50 %
Andre profesjonsstillingar	75	78,90 %	20	21,10 %	614 321,-	675 185,-	91,00 %
Sakshandsamar og rådgjevarstillingar	444	60,70 %	287	39,30 %	746 570,-	780 988,-	95,60 %
Tekniske stillingar	86	33 %	175	66,00 %	713 393,-	747 500,-	95,40 %
Tannlegestillingar	158	77,50 %	46	22,50 %	824 607,-	849 167,-	97,10 %
Pedagogstillingar	1696	53,80 %	1459	46,20 %	716 027,-	700 897,-	102,20 %

Tabell 2: Kvinner og menn i ulike stillingsgrupper, gjennomsnitt avtalt fastløn for kvinner og menn, og kvinner si løn av menn si løn i prosent av årsløn i ulike stillingsgrupper. Merk at vi har fleire stillingar enn tilsette personar, då ein person kan ha fleire stillingar.

Overordna for heile organisasjonen utgjorde løna til kvinner 95,3 prosent av løna til menn ved utgangen av 2024. Samanlikna med 2023 og 2022 er dette ein liten auke i lønsgapet mellom kvinner og menn, som i 2023 var på 95,6 prosent, og 96,2 prosent i 2022.

Tabellen viser at det er ei overvekt av kvinner i kontorstøttestillingar og drifts- og støttestillingar. I desse stillingskategoriane er gjennomsnittleg avtalt fastløn for både kvinner og menn lågast. Det at det er mange kvinner i desse stillingane, er med på å dra ned snittet for kva kvinner tener. Samstundes er det ei overvekt av kvinner i tannlegestillingar. Det er ein stillingskategori med høg løn og er med på å dra opp gjennomsnittet for avtalt fastløn.

For dei ulike stillingsgruppene liknar tala på det som gjeld for heile organisasjonen, bortsett frå leiarstillingar i kapittel 3 og 5. Der viser tabellen at kvinnelege leiarar tener 88,2 prosent av mannlege leiarar. Ei forklaring på dette er forskjell i fordeling av kjønn på ulike yrkesgrupper. Avdeling for eigedom og utbygging har til dømes mange kvinner i leiarstillingar i kvinnelederte yrke som reinhald. Kvinnelederte yrke er ofte lågare betalt samanlikna med mannsdominerte yrke. Det er med på å dra ned snittet for kva kvinner i leiarstillingar i Vestland fylkeskommune tener. Såleis blir løna til kvinner også lågare i prosent av løna til menn.

Det er stor merksemd på dette området i fylkeskommunen, og vi vil halde fram arbeidet med å jamne utsluke kjønnsbaserte lønsforskjellar i samband med årlege lønsforhandlingar.

Arbeid for likestilling og mot diskriminering

Vestland fylkeskommune arbeider systematisk og målretta med likestilling, mangfald og inkludering. Arbeidet for å auke likestilling og hindre diskriminering er forankra på øvste nivå i organisasjonen. Hausten 2022 vedtok administrasjonsutvalet at Vestland fylkeskommune skal bli del av sertifiseringsordninga Likestilt arbeidsliv. Sidan då har vi jobba aktivt med likestillingsarbeidet ved hjelp av verktøya vi har tilgang til gjennom sertifiseringsordninga. I juni 2024 vart Vestland fylkeskommune sertifisert som Likestilt arbeidsliv arbeidsplass.

Prinsipp, prosedyrar og standardar for likestilling og mot diskriminering i Vestland fylkeskommune

- Vi lanserte den nye organisasjonsstrategien vår i mars 2024. Likestillingsarbeidet er forankra i denne gjennom ambisjonen: «Vi ser mangfald og forskjell som ein styrke».
- I 2021 utarbeidde vi ny retningslinje for å handtere og førebyggje mobbing, trakassering, diskriminering og rasisme.
- Vi reviderte rutine for varsling i april 2024. Seksuell trakassering og kjønnsbasert vald inngår etter varslingsrutinen som kritikkverdige forhold og skal varslast om.
- Vi gjennomfører årlege e-læringskurs om varslingsrutinar, etikk, trakassering og mobbing. Kursa er del av introduksjonsprogrammet for nye tilsette.
- Likestilling og ikkje-diskriminering er også fremma i anna personalpolitikk som lønspolitikk og etiske retningslinjer.

Arbeid for å sikre likestilling og ikkje-diskriminering i praksis

Slik jobbar vi for å identifisere risiko for diskriminering og hinder for likestilling

Vestland fylkeskommune starta arbeidet med sertifiseringsordninga Likestilt arbeidsliv i 2022. Ordninga inkluderer alle diskrimineringsgrunnlags og alle personalområda gjennom følgjande sju innsatsområde:

1. forankring
2. inkluderande arbeidsmiljø
3. rekruttering og karriere
4. tilrettelegging
5. heiltidskultur
6. livsfase
7. likeløn

Prosjektgruppa som jobbar med Likestilt arbeidsliv er sett saman av leiarar, tillitsvalde, verneombod, tilsette og HR-rådgjevarar. Alle avdelingane i fylkeskommunen er representerte.

Prosjektgruppa har arbeidd med å avdekke risikoar for diskriminering og hinder for likestilling i Vestland fylkeskommune. Basert på denne kartlegginga har vi foreslått tiltak som skal fremme likestilling og hindre diskriminering.

Gruppa har vidare informert om arbeidet med å fremme likestilling og hindre diskriminering i ulike forum, som HR-forum, toppleiargruppa, administrasjonsutvalet og informasjons- og drøftingsmøte. Heiltid og arbeidet for å hindre ufrivillig deltid er fast tema i arbeidsmiljøutvalet ein gong i året.

Risikoar for diskriminering og hinder for likestilling i Vestland fylkeskommune

Overordna ser vi at heile organisasjonen treng meir informasjon om korleis vi arbeider for å fremme likestilling og hindre diskriminering. Det er generelt behov for at tilsette får meir kunnskap om likestilling, mangfald og inkludering. Vestland fylkeskommune manglar per i dag måltal for å kunne jobbe meir målretta med å fremje likestilling og hindre diskriminering. Dette vil bli prioritert i tida framover.

Rekruttering, karriere, utvikling og forfremming

Vestland fylkeskommune ønskjer å spegle mangfaldet i befolkninga i Vestland i rekrutteringsarbeidet. Det er likevel ein risiko for at vi ikkje rekrutterer i samsvar med dette målet. Årsaka til det kan vere manglande kunnskap om rekrutteringsprosessar, og at ein del rekrutteringsansvarlege gjer dette sjeldan. Vi har ein intern prosedyre for strukturert rekruttering som hjelp til dei som rekrutterer, og vil arbeide for at denne rutinen vert betre kjend i organisasjonen.

Det kan vere vanskeleg for personar som står utanfor arbeidslivet å få jobb i Vestland fylkeskommune. Det kan forklarast med kvalifikasjonsprinsippet, der den objektivt best kvalifiserte

søkaren ut frå krava til den aktuelle stillinga, skal få tilbodet. Fylkeskommunen vil framover øyremerke stillingar for kandidatar som av ulike grunnar står utanfor arbeidslivet gjennom satsinga på inkluderande rekruttering. Vi vil også få på plass ein rutine for å kunne ta i mot praksiskandidatar.

Når det gjeld utvikling og forfremming vil vi jobbe for å identifisere mogelege risikoar på desse områda i 2025.

Løns- og arbeidsvilkår

Lønspolitikken vår slår fast at tilsette i Vestland fylkeskommune skal likebehandlast i vurdering av lønn og avansement for arbeid av lik verdi uavhengig av kjønn, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, seksuell orientering, religion og livssyn, etnisitet og funksjonsevne. Omsorgsansvar og helseutfordringar skal ikkje påverke den generelle lønsutviklinga.

Vi viser her til omtale av kjønnsbaserte lønsforskjellar og kartlegging av deltidsarbeid under avsnitta fordeling av løn og deltid.

Tilrettelegging

Det er ein risiko for at det ikkje blir tilrettelagt godt nok for tilsette som har behov for tilpassing av arbeidet, og at tilrettelegging i stor grad avhenger av den einskilde leiar. Ei årsak til det kan vere manglande kunnskap om korleis vi sikrar at arbeidsplassen er tilgjengeleg for alle, og at rutinane for tilrettelegging ikkje gjev god nok informasjon om korleis tilrettelegging kan gjennomførast.

Livsfase

Vi ser også ein risiko for at ulike livsfasar kan medføre frávær frå arbeidet, redusert arbeidsevne og at tilsette går av med pensjon tidlegare enn kva både den tilsette og arbeidsgjevar ønskjer. Vi ser dette i samband med manglande merksemd og kunnskap om ulike hendingar som kan oppstå i ulike fasar av livet, til dømes kvinnehelse og overgangsalder, og dertil manglande tilrettelegging. Vestland fylkeskommune vil arbeide vidare med å utvikle arbeidsgjevarpolitikk for ulike livsfasar.

Etter langtidsfrávær er det risiko for at tilsette ikkje blir tilstrekkeleg ivaretekne når dei kjem att på jobb. Noko av årsaka til dette kan vere at leiar ikkje har eit bevisst forhold til kva det inneber å kome tilbake i jobb etter eit lengre frávær. I tillegg er det ikkje etablert felles retningslinjer for korleis den første tida tilbake i jobb skal vere for den som har vore lenge vekk frå arbeidet.

Trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald

Det er ein risiko for at tilsette i for liten grad rapporterer uønska hendingar som trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald. Det kan handle om manglande meldingskultur og frykt for å melde frå. Sjølv om vi har ein varslingsrutine og retningslinjer for å førebygge mobbing, trakassering,

diskriminering og rasisme, bør vi gjere meir for auke kjennskapen til denne blant tilsette. Vi bør syte for at tilsette aktivt brukar varslingsystemet når det er behov for det.

Tiltak vi har jobba med å implementere i 2024

I samband med sertifiseringa for Likestilt arbeidsliv har vi jobba med å gjere ferdig handlingsplan for innsatsområda forankring, tilrettelegging og universell utforming, rekruttering og karriere og heiltid. Vi har også jobba med å implementere følgjande tiltak:

- Vi har auka kjennskap til rutinen for rekruttering blant alle med tilsettingsmynde, til dømes gjennom rekrutteringssamlingar og kurs.
- Det er etablert tverrfagleg gruppe som skal jobbe med universell utforming på tvers av avdelingar i organisasjonen. Det gjer vi for å fremme universell utforming både i samfunnsutvikling og utvikling av Vestland fylkeskommune som organisasjon og arbeidsgjevar.
- Vi har utarbeidd mangfaldserklæring til bruk i alle stillingsannonsar.
- Malen for medarbeidersamtale er revidert, med eigne spørsmål om heiltid, tilrettelegging og ulike livsfasar.
- Vi har teke i bruk nye kontorlokale i Leikanger som er universelt utforma.
- Det er øymerka midlar til inkluderande rekruttering.
- Vi har inngått ein samarbeidsavtale med Nav.

Korleis har det gått med arbeidet for å fremme likestilling og hindre diskriminering så langt?

Sertifiseringa for Likestilt arbeidsliv er ein viktig milepæl, som viser at vi er ein arbeidsgjevar som arbeider målretta med å fremme likestilling og hindre diskriminering.

Arbeidet med likestilling og mot diskriminering har resultert i ei satsing på inkluderande rekruttering i organisasjonen. I budsjettvedtaket for 2025 vart det øymerka fem millionar til inkludering av personar som står utanfor arbeidslivet i 2025.

Vi opplever at likestilling, mangfald og inkludering er eit tema som engasjerer tilsette. Gjennom det systematiske og målretta arbeidet er likestillingsarbeidet godt forankra på ulike nivå i organisasjonen, og temaet er viktig i arbeidet med leiarutvikling og kompetansestrategi. Samstundes ser vi at vi må halde fram forankringsarbeidet. Det er viktig for at heile organisasjonen skal forstå kva ansvar som ligg til kvar enkelt av oss, når det gjeld å jobbe for meir likestilling og hindre diskriminering.

Tiltaksplanen som er utarbeidd gjennom Likestilt arbeidsliv skildrar ulike tiltak innan innsatsområda forankring, rekruttering og karriere, universell utforming og tilrettelegging, og heiltid. Dei fleste tiltaka hadde frist for oppstart i løpet av 2024. Det har vore utfordrande å få gjennomført alle dei planlagde tiltaka. Framover vil vi sette meir realistiske mål for kva tiltak vi skal gjennomføre kvart år.

Gruppa som jobbar med universell utforming starta opp hausten 2024. Deltakarane i gruppa opplever at ei gruppe på tvers av avdelingane er nyttig for å dele erfaring og kunnskap om universell utforming.

Det kan bidra til at Vestland fylkeskommune jobbar endå meir systematisk med tilrettelegging og universell utforming.

Implementering av tiltak for å fremme likestilling og hindre diskriminering vil venteleg ta noko tid. Vi ser på dette arbeidet som eit kontinuerleg forbetningsarbeid. I det følgjande beskriv vi kva planar vi har for 2025.

Forventningar og planlagde tiltak for 2025

Arbeidet med å fremme likestilling og hindre diskriminering har i all hovudsak blitt gjort gjennom sertifiseringsordninga Likestilt arbeidsliv. Prosjektgruppa har jobba målretta og systematisk med dei verktøya sertifiseringsordninga tilbyr. Resultatet av prosjektarbeidet er ein handlingsplan som skildrar mange tiltak for å fremme likestilling og hindre diskriminering. Prosjektet har no gått over i ein ny fase med fast partsrepresentasjon. I det vidare arbeidet vil vi aktivt bruke ståstadsanalysar og tiltaksplanen som er utarbeidd gjennom Likestilt arbeidsliv, saman med firestegsmetoden slik denne er forklart hos Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir).

Ein del av tiltaka som starta i 2024 er enno ikkje fullt implementerte i organisasjonen. Ved utgangen av 2025 kan vi i større grad vurdere og gjere greie for resultatene av til dømes arbeidet for inkluderande rekruttering gjennom øymerka midlar til stillingar for personar som står utanfor arbeidslivet.

For 2025 planlegg vi følgjande tiltak som skal bidra til å fremme likestilling og hindre diskriminering:

- Ta i bruk ny mal for medarbeidersamtale. Den nye malen for medarbeidersamtalen skal bidra til at alle tilsette har ein samtale med næraste leiar om karriere og fagleg utvikling, tilrettelegging, korleis vi tar hand om ulike erfaringsbakgrunnar, deltid og tiltak for seinkarrieren for tilsette det er aktuelt for.
- Implementere pulsmålingar som vil gje ei hyppigare tilbakemelding på ulike forhold i organisasjonen, deriblant korleis tilsette opplever at vi jobbar med ambisjonen Vi ser mangfald og forskjell som ein styrke.
- Vi vil starte systematisk arbeid med inkluderande rekruttering, med øymerka midlar for å inkludere personar som står utanfor arbeidslivet. I dette arbeidet samarbeider vi med Nav.
- Det skal utarbeidast retningslinje for korleis vi går fram for å ta i mot arbeidskandidatar. Retningslinja skal inkludere kva som er kontaktpunktet mellom Nav (og eventuelt andre aktørar for arbeidsinkludering) og Vestland fylkeskommune, kva avdelinga/seksjonen skal gjere for at det skal bli ein best mogeleg arbeidspraksis for både kandidaten og organisasjonen, korleis gå fram dersom det er ønskjeleg å tilsette kandidaten etter avslutta arbeidspraksis osv.
- Vi skal gjennomføre Mangfaldsveka i mai 2025, der tilsette skal lære meir om mangfald, inkludering og likestilling.
- Vi skal utarbeide og implementere leiarutviklingsprogram. Der er mangfaldsleiing tema saman med tillitsbasert leiing, digital transformasjon, kompetanseleiing og tverrfagleg samarbeid.
- Det skal utviklast opplæringsprogram for nye leiarar med rutine for rekruttering som eitt av temaa.
- Vi skal utarbeide arbeidsgjevarpolitikk, som inkluderer livsfasepolitikk og merksemd på likeløn.

- Medarbeidarundersøkinga skal utvidast med spørsmål om diskriminering og rasisme.
- Vi skal utarbeide retningslinje for heiltidskultur.
- Vi skal auke merksemda på å redusere talet på ufrivillig deltid. Vi vil gjennomføre ei ny undersøking om deltid hausten 2025.

Styring og kontroll

Samfunnssikkerhet og beredskap

Fylkeskommunen skal ha beredskap for å handtere uønskete hendingar og oppretthalde tenestene våre, med betyding for samfunnssikkerheit og for eiga drift.

Fylkesdirektøren er medlem av fylkesberedskapsrådet, og har gjennom året delteke aktivt på vegner av fylkeskommunen. Fylkeskommunen deltek i regionale samordningsmøte i regi av Statsforvaltaren ved større hendingar, der fleire fagavdelingar er representerte.

Fagmiljøa for overordna oppgåver knytt til sikkerheit, beredskap, personvern og informasjonssikkerheit er samla i avdeling for IKT og digitalisering. Dei skal bidra til god samordning, gi råd og rettleiing til heile organisasjonen.

Overordna sikkerheit og beredskap

Mykje av arbeidet i 2024 har handla om å følgje opp forvaltningsrevisjonen innan beredskap. Oppfølgingspunkta strekker seg frå det overordna arbeidet med sikkerheit og beredskap, til meir detaljerte oppgåver innan digitalt sikkerheitsarbeid og handtering av valdshendingar på skular.

Arbeidet med å implementere felles krisestøtteverktøy i organisasjonen har halde fram, men overgangen frå CIM til Rayvn har forsinka framdrifta. Vi har gjennomført beredskapsøvingar på fleire nivå i organisasjonen, frå toppleiargruppa til einingar. Tema har vore knytt til IKT-sikkerheit, ekstremvêr og pågåande livstrugande vald (PLIVO). Fylkeskommunen har delteke i eksterne samvirkeøvingar i regi av Statsforvaltaren og Heimevernet.

Endringa i den sikkerheitspolitiske situasjonen har ført til at beredskapsplanverk knytt til øvre krisespekter har fått auka merksemd. For fylkeskommunen har arbeidet med sivil transportberedskap vore viktig i 2024. Vi har mellom anna delteke og bidrege økonomisk til gjennomføringa av ein beredskapsanalyse av masseevakuering i regi av Bergen kommune.

IKT-sikkerheit

Gjennom 2024 har vi utvida sikkerheitsteamet med ein person og styrka kompetansen innan logganalyse. Vestland fylkeskommune har også investert i eit nytt loggeverktøy for å gjere oss i stand til å kunne agere ved uønskete hendingar. Vi har styrka IKT grunnmuren ved naudsynte oppdateringar på switchar og lagring. Vi har styrka infrastrukturen i Leikanger, slik at han i større grad kan fungere som ein reell back-up dersom noko skulle skje med serverrommet i Bergen. Prosjektet Orden i eige hus har resultert i gode effekt, gjennom kampanjar knytt til rydding av filområde og e-post-boksar.

Personvern

Vestland fylkeskommune er lovpålagt å ha eige personvernombod.

Alle avdelingar har i tillegg eigne personvernkoordinatorar som skal hjelpe seksjonsleiar/rektor i arbeidet med å sikre etterleving av personvernregelverket.

Personvernkoordinatorane skal samarbeide med blant andre personvernombod, systemeigarar, systemforvaltarar og sikkerheitsrådgjevar.

Vestland fylkeskommune skal som ein del av internkontrollen, melde avvik innfor informasjonssikkerheit og personvern.

Tabellen under syner ei oversikt over avvik innan informasjonssikkerheit og personvern for dei siste fire åra.

Oversikt avvik	2020	2021	2022	2023	2024
Tal registrerte avvik, informasjonssikkerheit og personvern	24	29	26	49	54
Tal avvik melde til Datatilsynet, informasjonssikkerheit og personvern	13	7	6	17	13

Kontrollutvalet

Etter kommunelova § 23-1 skal kontrollutvalet føre kontroll med den fylkeskommunale forvaltinga på vegner av fylkestinget. Dette vert mellom anna gjort gjennom rekneskapsrevisjon, eigarskapskontrollar og forvaltingsrevisjonar.

Fylkestinget handsama i 2024 desse sakene etter innstilling frå kontrollutvalet:

- Val av revisor
- Plan for forvaltningsrevisjon 2024–2028
- Plan for eigarskapskontroll 2024–2028
- Forvaltningsrevisjon innan beredskapsordninga
- Forvaltningsrevisjon av fagopplæring og lærlingordninga

Deloitte AS vart vald som rekneskapsrevisor og som revisor for forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester, for perioden frå 01.07.24 til 30.06.28.

Kontrollutvalet gav også uttale til årsrekneskapen for 2023 for Vestland fylkeskommune. Vidare følgde kontrollutvalet opp ei rekke tidlegare gjennomførte forvaltingsrevisjonar og

eigarskapskontrollar i løpet av året, og har sett i gang to forvaltningsrevisjonar og ein eigarskapskontroll, som etter planen skal til fylkestinget i 2025.

Varsling

Alle varsel går til det sentrale varslingsutvalet. Fire tilsette var medlemmar i utvalet i 2024, inkludert fylkeshovudverneombodet. Leiar for juridisk seksjon leiar det sentrale varslingsutvalet, og juridisk seksjon er sekretariat for utvalet. Det vart året før etablert ei ressursgruppe med seks medarbeidarar frå HR og juridisk seksjon. Gruppa vert nytta i arbeidet med å greie ut aktuelle varslingssaker, for å sikre rettstryggleik og framdrift i sakene.

Varslingsutvalet fekk i 2024 inn 17 saker som vart rekna som varsel etter arbeidsmiljølova. Dette er ein auke frå ni saker i 2023. Elleve av sakene i 2024 dreidde seg om påstandar om uforsvarleg arbeidsmiljø, to saker om brot på andre føresegner i arbeidsmiljølova, to saker om brot på føresegner i opplæringslova, to saker om brot på etiske retningslinjer og to saker om gjengjelding. I sju av sakene vart det påvist kritikkverdige forhold av ulik grad, jf. arbeidsmiljølova § 2 A-1. To av sakene er ikkje ferdigstilte og såleis ikkje konkluderte.

Også i 2023 var dei fleste varsla retta mot uforsvarleg arbeidsmiljø. Fylkesdirektøren vil i 2025 ha særleg merksemd på korleis vi kan fange opp desse utfordringane tidlegare, og saman med vernetenesta og tillitsvalde arbeide meir førebyggjande for gode og trygge arbeidsmiljø.

Etikk, habilitet og antikorrupsjon

Dei etiske retningslinjene for tilsette i Vestland fylkeskommune skal bidra til høg etisk standard jf. kommunelova § 48 femte ledd. I samsvar med verdiane til fylkeskommunen skal tilsette alltid tenkje og opptre etisk, òg i situasjonar som ikkje er direkte nemnde i retningslinjene. Tilsette i Vestland fylkeskommune skal vere medvitne om samfunnsansvaret sitt og opptre på etisk forsvarleg vis, slik at det ikkje skadar omdømet til fylkeskommunen.

Fylkeskommunen er med i organisasjonen Transparency International Norge og nyttar verktøyet Antikorrupsjonshåndbok for kommuner. Handboka er publisert i det sentrale kvalitetsstyringssystemet til fylkeskommunen.

Det er i 2024 gjennomført lynlæringskurs i varsling, etiske retningslinjer, habilitet og antikorrupsjon, mobbing, trakassering, diskriminering og rasisme. Det var ei oppfølging av tilsvarande kurs hausten 2022 og hausten 2023. I 2022 gjennomførte 35 prosent av dei tilsette kursrekka. Talet for 2023 vart i underkant av 60 prosent av alle medarbeidarane. Hausten 2024 fekk alle som ikkje hadde tatt kursa eller berre delvis tatt dei, ei påminning på e-post med oppfordring om gjennomføring av kurset.

Status ved årskiftet viser at prosenten har auka frå 60 prosent ved utgangen av 2023 til 68 prosent ved utgangen av 2024. Alle nytilsette i 2024 har fortløpande fått tilsendt dei sju leksjonane, og er med i datagrunnlaget. Den totale svarprosenten har difor endra seg i tråd med tal nytilsette. Det kan vere med på å forklare ein lågare svarprosent enn forventa, ikkje berre denne hausten, men også tidlegare. Fylkesdirektøren vil halde fram merksemda på slik opplæring i 2025. I tillegg legg vi opp til meir målretta opplæring i desse temaa, spesielt innanfor sektorane opplæring og tannhelse.

I 2024 tok vi i bruk eit felles system for gjennomføring av habilitetsvurderingar. Det skal sikre vi etterlever regelverket, har lik praksis, og dokumentere at habiliteten er vurdert og rett handtert. Systemet inneber bruk av eit elektronisk skjema, med tilhøyrande informasjon og rettleiing. Det sikrar automatisk arkivering i sak- og arkivsystemet. Skjemaet kan nyttast i heile administrasjonen, og av andre som utfører tenester eller arbeid for fylkeskommunen. Det er obligatorisk å bruke skjemaet innan tilskotsforvaltninga, og elles der bruken er vurdert som føremålstenleg og proporsjonal. Vi vil evaluere og gjere eventuelle justeringar på systemet i 2025.

I 2024 har nytilsette blitt invitert til samling med fylkesdirektøren, direktørane for dei åtte avdelingane og HR-seksjonen. Organisasjonsstrategien, inkludert etikk, er tema på samlingane. Alle nytilsette får ei leseliste i e-handboka, og fleire av dokumenta tek direkte og indirekte for seg etikk, til dømes Handbok for informasjonssikkerheit og personvern for Vestland fylkeskommune og Etiske retningslinjer for tilsette i Vestland fylkeskommune.

I 2024 har vi òg hatt særleg merksemd på etiske aspekt ved bruk av kunstig intelligens i undervisning og forvaltning. Dette var mellom anna tema på den årlege samlinga fylkesdirektøren har for toppleiarane i fylkeskommunen i februar 2024. Det har også vore eit viktig element i eit stort prøveprosjekt om bruk av kunstig intelligens som vi har gjennomført.

I 2025 vil fylkesdirektøren rette særleg merksemd mot temaet misleg framferd. Vi skal auke kunnskapen blant tilsette om kva dette handlar om, og vere årvakne og i forkant. Slik kan vi beskytte organisasjon, og sikre at vi opprettheld eit etisk og trygt arbeidsmiljø, så vel som eit godt omdøme.

Rapportering om internkontroll og statleg tilsyn

Med heimel i kommunelova § 25-2 vil fylkesdirektøren med dette rapportere til fylkestinget om internkontroll og statlege tilsyn.

Fylkestinget har vedteke reglement for folkevalde organ og delegering. Her er det regulert kva mynde som er delegert til dei einskilte folkevalde organa, og kva mynde som er delegert til fylkesdirektøren. Dette omfattar også delegering etter særlov. Fylkestinget har på denne måten fastsett rammeverket for korleis fylkeskommunen skal etterleve lover og forskrifter.

Fylkesdirektøren har på si side utarbeidd ei administrativ fullmaktsmatrise, som syner korleis mynde er delegert vidare i organisasjonen. Kvar avdeling har også eigne rutinar og instruksar for korleis mynde er delegert. Dette er dokumentert i kvalitetssystemet. Dei administrative fullmaktene er reviderte i 2024.

Vidare overvaker fylkesdirektøren lovutviklinga, og ser til at endringar vert implementerte både i reglement vedtekne av fylkestinget og i den administrative fullmaktsmatrisa.

Sjølv om vedtaksoppfølging ikkje er nemnt i kommunelova § 25-1, har fylkesdirektøren i samsvar med kommunelova § 13-1 fjerde ledd, administrative rutinar for dette. Til dømes rapporterer fylkesdirektøren kvartalsvis til fylkestinget om oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtak. Dersom det oppstår avvik har fylkeskommunen rutinar for korleis handtere og lukke dette.

Praktisk etterleving og oppfølging av internkontrollen er en integrert del av arbeidsprosessane i fylkeskommunen. Fylkesdirektøren har organisert arbeidet med internkontroll langs to aksar: Ein internkontroll som gjeld heile verksemda og ein avdelingsvis internkontroll knytt til ansvarfelt til den einskilde avdelinga.

Overordna og verksemds- eller avdelingsovergrepande internkontroll

- Internkontrollansvar knytt til informasjonssikkerheit (tryggleik knytt til data, digitale verktøy og prosedyrar m.m.) og internkontroll knytt til beredskap ligg til avdeling for IKT og digitalisering (IDI).
- Internkontrollansvar elles ligg til avdeling for organisasjon og økonomi (ORO) og er teke i vare ved juridisk seksjon.

Avdelingsvis internkontroll

- Ansvar for ivaretaking av internkontroll er vidare eit integrert ansvar knytt til den einskilde avdeling, for det respektive verksemdsansvaret til avdelinga. Det ligg til den einskilde avdeling å etterleve reglane for oppgåvene dei har ansvar for å utføre.

Statlege tilsyn

Vestland fylkeskommune har hatt ei rekke eksterne tilsyn i 2024, i tillegg til sertifiseringar. Mange av tilsyna er knytte til systematisk HMSK-arbeid eller tilsyn av skuleanlegg i form av lokale branntilsyn, el-tilsyn eller kommunale tilsyn av miljøretta helsevern. I 2024 har det vore statlege tilsyn i regi av Arbeidstilsynet, Mattilsynet og Statsforvaltaren.

Under er ei oversikt over registrerte statlege tilsyn gjennomført i 2024. Merk at Det lokale elektrisitetstilsyn (DLE) fører tilsyn med elektriske anlegg på instruks frå Direktoratet for sikkerheit og beredskap (DSB), men at DLE-tilsyn ikkje inngår i oversikta over statlege tilsyn:

Eining: Årstad tannklinikk

Tilsynsmynde: Arbeidstilsynet

År: 2023–2024

Tema: Etterleving av arbeidsmiljølova med tilhøyrande forskrift. Systematisk førebygging av fysisk og psykiske skadeverknader av arbeidsmiljøeksponeringar.

Status: Lukka

Eining: Voss tannklinikk

Tilsynsmynde: Arbeidstilsynet

År: 2024

Tema: Førebygging av muskel- og skjelettplager og psykiske plager.

Status: Lukka

Eining: Måløy vidaregåande skule

Tilsynsmynde: Mattilsynet

År: 2024

Tema: Merking av innhald i mat i kantina.

Status: Lukka

Eining: Hyssingen produksjonsskole

Tilsynsmynde: Mattilsynet

År: 2024

Tema: Årleg kontroll i kafé. Legionella-tilsyn i samband med ny verkstad. Helseverngodkjenning.

Status: Lukka

Eining: Avdeling for infrastruktur og veg

Tilsynsmynde: Arbeidstilsynet

År: 2024

Tema: HMS, sikringstiltak

Status: Lukka

Eining: Avdeling for opplæring og kompetanse

Tilsynsmynde: Statsforvaltaren i Vestland

År: 2024

Tema: Gjennomføring av eksamen i vidaregåande opplæring.

Status: Lukka

Klima og natur

Vestland ligg på utsleppstoppen og har samstundes svært høge ambisjonar om kutt i klimagassutslepp. Klima og naturutfordringane forsterkar kvarandre. Klimaomstillinga må kombinerast med innsats for å styrke naturmangfaldet, klimarobustheita i samfunnet og vere sosialt rettferdig.

I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga (Utviklingsplan for Vestland 2024–2028). Oppfølging av [regional plan for klima 2022–2035](#) og tilhøyrande årsplan inkluderer mellom anna arbeid med klima- og miljørekneskap, miljøkrav i offentlege innkjøp og klimabudsjett for tenesteområda. Fylkeskommunen har også starta arbeidet med å synleggjere naturkonsekvensane av budsjettvedtak.

Fylkeskommunen er sertifisert som Miljøfyrtårn og deltek aktivt i Klimapartnere Vestland. Totalt var 20 av 45 skular og hovudkontora til fylkesadministrasjonen sertifiserte som Miljøfyrtårn ved utgangen av 2024. Dei fem tannhelseområda er i prosess med å sertifisere alle tannklinikkane.


I årsmeldinga for 2024 rapporterer Vestland fylkeskommune på følgjande tema som del av berekraftsrapporteringa:

- Klimarekneskap (region og verksemd)
- Natur og areal

Klimarekneskap for Vestland

[Miljødirektoratet sin klimagass-statistikk for kommunar og fylke](#), viser ein nedgang på 4,2 prosent i Vestland frå 2022 til 2023. Nedgangen kjem i hovudsak frå reduksjon i utsleppa frå energiforsyning.

Utslepp frå industri, olje og gass utgjer over halvparten av dei direkte klimagassutsleppa i regionen, etterfølgt av sjøfart og vegtrafikk. [Dashbord Grøn region Vestland](#) viser status og utviklingstrekk for fleire tema knytt til grøn omstilling i industrien i Vestland.




Figur 1: Sektorfordelte utslipp per år, Vestland. (Kjelde: Miljødirektoratet)

Klimarekneskap for fylkeskommunen som verksemd

Fylkeskommunen bidrar i klimaomstillinga i kraft av fleire roller. Å leggje til rette for ladeinfrastruktur og grønn næringsutvikling er ein del av samfunnsutviklingsrolla vår. Ved å jobbe aktivt med effektiv ressursbruk og lågare klimafotavtrykk frå kollektivtrafikken og frå dei større investeringsprosjekta på fylkesvegar og bygg, får vi ned klimagassutslappa frå eiga verksemd.

Med utgangspunkt i KOSTRA-rekneskapen, har Asplan Viak estimert det totale klimagassutslippet frå verksemda til Vestland fylkeskommune i 2024 til 266 431 tonn CO₂e. Dette klimafotavtrykket syner kvar fylkeskommunen har størst moglegheit til redusere klimagassutslappa frå eiga drift og investeringar.



Figur 2: CO₂e-utslipp per funksjon i fylkeskommunen. Kjelde: Asplan Viak

Utsleppa kan fordelast på dei ulike avdelingane som vist i figur 2, der dei største bidraga kjem frå:

- Funksjonar knytt til kollektivtilbodet i Vestland utgjer til saman 56 prosent av dei samla utsleppa frå Vestland fylkeskommune. Sidan fylkeskommunen kjøper desse tenestene frå private, kjem det i kategorien «kjøp av private tenester»
- Fylkesvegar står for 10 prosent av utsleppa. Bygg og infrastruktur dominerer, med nokre små bidrag frå energiforbruk og kjøp av andre tenester
- Vidaregåande opplæring står for ca. 17 prosent av dei totale utsleppa. Den største posten er bygg og infrastruktur, etterfølgt av forbruksmateriell og utstyr. Kjøp av tenester, energibruk og reise og transport i eigne køyretøy har også bidrag.

Om metoden: Økonomiske utsleppsfaktorar som Asplan Viak nyttar representerer gjennomsnittleg utslepp per innkjøpsart i Noreg. Om vi lagar eit klimagassregnskap eitt år, gjer spesifikke tiltak og ønskjer å sjå effekten av dette neste år, kan vi ikkje utan vidare sjå dette i denne klimarekneskapen, med mindre vi har brukt mindre pengar på innkjøpsarten påfølgjande år, eller har kjøpt inn ein annan innkjøpsart med lågare utsleppsintensitet. For å sjå på utvikling over tid, kan vi til dømes gå inn i avgrensa område eller prosjekt. Sidan kollektivtilbodet stod for 56 prosent av estimerte utslepp i 2024, blir det vist til kapittelet om kollektivtransport for å forstå noko meir av utviklinga på dette området meir i detalj.

Det som er rapporterte, fysiske data frå verksemda gir fleire detaljar om utviklinga i utslepp, og informasjon om kvar vi har datafangst i dag (scope 1 og 2), og kvar vi manglar informasjon (særleg i scope 3). Rapportert data frå verksemda er i stor grad styringsinformasjon vi nyttar i forbetningsarbeidet for å redusere klimagassutsleppet. I samsvar med GHG-protokollen (Greenhouse Gas Protocol) er vidare omtale av klimafotavtrykket i denne årsmeldinga fordelt på tre kategoriar:

- Scope 1: Utslepp inkluderer her utslepp frå forbrenning av drivstoff knytt til køyretøyparken til fylkeskommunen og forbrenning av bioenergi, fyringsolje og naturgass til oppvarming. Scope 1 står for 1 prosent av dei totale utsleppa til Vestland fylkeskommune.
- Scope 2: Utslepp er knytt til energibruk, inkludert straum og fjernvarme og står for 4 prosent av dei totale utsleppa.
- Scope 3: Utslepp inkluderer alt fylkeskommunen kjøper inn, unntatt det som er inkludert i scope 1 og 2. Dette inkluderer også innkjøpte tenester innanfor kollektivtrafikk som er dei største bidraga til fylkeskommunen. Scope 3 utgjer 95 prosent av dei totale utsleppa.

Direkte utslepp frå fylkeskommunal verksemd (scope 1)

Det totale forbruket av fossile drivstoff på land og til sjøs rapportert av einingane i Vestland fylkeskommune, medførte utslepp av 1313 tCO₂ i 2024, opp 6 prosent frå 2023.


Scope 1 - Direkte utslepp (tCO2)		
Drivstoff	2023	2024
Bensin	50,0	21,0
Diesel	1164,0	1261,0
Biodiesel	3,0	1,0
Diesel (leigebil)	26,5	29,9
Totalt scope 1 (rapportert)	1243,5	1313,0

Tabell 1: Direkte utslepp i scope1.

Eigenrapportering av brukt drivstoff kjem frå einingane i fylkeskommunen som disponerer bilar, arbeidsmaskinar og opplæringsfartøy (båtar). Det totale forbrukstalet er slått saman med estimert drivstoffbruk for leigebilar, som utgjorde 29,9 tCO2 i 2024. For bruk av leigebil varierer elbilandelen frå 3 til 82 prosent mellom dei tre ulike kontraktane vi hadde i 2024.


Elbildelen i fylkeskommunen går opp

Vestland fylkeskommune disponerte 543 motorvogner ved årsskiftet 2024/2025. Dei elektriske bilane høyrer i hovudsak til opplæringssektoren. No er 48 prosent av personbilane elektriske, opp frå 44 prosent i 2023. Av 20 elektriske varebilar er 17 prosent elektriske.



Figur 3: Del elbilar og fossilbilar som Vestland fylkeskommune disponerer, fordelt på personbil og varebil.

Den sikraste måten å få ned scope 1-utsleppa på, er å ikkje ha fossile køyretøy. Stadig fleire fylkeskommunale køyretøy har leasing-kontraktar, som kan bidra til eit kjappare skifte til elektrisk.



Figur 4: Køretøy Vestland fylkeskommune disponerte i 2024, fordelt på fossil og elektrisk drift.

Indirekte utslepp knytt til innkjøpt energi (scope 2)

Vestland fylkeskommune kjøper energi frå ulike leverandørar. Energieffektivisering og eigenprodusert fornybar energi kan erstatte innkjøpt energi og slik medverka til å få ned klimagassutsleppet, dersom forbruksmønster og teknisk standard elles er uendra. For dei vidaregåande skulane gjekk totalt tilført ekstern energi ned 1,1 prosent frå 122,64 kWh/m² i 2023 til 121,29 kWh/m² i 2024.

Tabellen viser innrapportert klimagassutslepp (tCO₂) knytt til innkjøpt energi. Biomasse og bio-olje gir biogent CO₂-utslepp. Miljødirektoratet sin standardfaktor er nytta her og for gass. For elektrisitet er det nytta nordisk forbruksmiks. For fjernvarme/nærværme/fjernkjøling nyttar vi Klimakost sine standardfaktorar.

Scope 2 - innkjøpt energi (tCO ₂)		
Straum	2023	2024
Elektrisitet vgs. (lokasjonsbasert)	4044,0	3865,1
Elektrisitet øvrige føremålsbygg (lokasjonsbasert)	282,5	208,9
Øvrig elektrisitet til Vestland fylkeskommune (lokasjonsbasert)	5734,7	5225,1
Fjernvarme/fjernkjøling		
Fjernvarme vgs.	966,4	509,1
Fjernvarme øvrige føremålsbygg	119,6	41,3
Fjernkjøling	15,3	24,6
Olje og gass oppvarming		
Propan	31,9	83,9


Fyringsolje	0,1	4,0
Biogene utslepp		
Biomasse (pellets/flisfyring)	15,5	14,9
Bio-olje	1,2	16,4
	5042,4	4430,1

Tabell 2: Innrapportert klimagassutslepp knytt til innkjøpt energi.

Innkjøpt elektrisitet går ned

Vestland fylkeskommune kjøpte 99 986 251 kWh elektrisitet i 2024, ned 1,6 % frå 2023.

- Vegsektoren og kollektivanlegga brukte i fjor 56 prosent av den innkjøpte elektrisiteten. Fylkesvegane treng straum mellom anna til veglys, tunellar, trafikklys, bruer og kaianlegg.
- Dei vidaregåande skulane brukte 42 prosent av innkjøpt elektrisitet i 2024. Innkjøpt elektrisitet blir i tillegg til vanleg forbruk også brukt til å drive varmepumper, som hentar endå meir energi frå vatn eller luft, til dømes frå geobrønnar. Slik produserer fylkeskommunen energi med mindre innsats innkjøpt elektrisitet.



Figur 5: Energibruk i vidaregåande skule delt på kjelder, målt i kWh.

Fjernvarme/nærvarme

Fjern-/nærvarme er den nest største energibruken. Vestlandshuset og 17 vidaregåande skular nyttar fjern/nærvarme, ti av dei er i Bergen. Tertnes vgs., Voss vgs. og Voss gymnas får varme frå flisfyring.

Olje og gass

Ved nokre vidaregåande skular og kollektivanlegg er det brukt litt gass og olje når elektrisk energi ikkje aleine kan dekke oppvarmingsbehovet. I ein omstillingsfase er det brukt gass også til vanleg drift på

Stend vgs. Knarvik vgs. inngår i eit samarbeid med andre aktørar, og det er brukt noko gass der også i 2024.

Eigenprodusert fornybar energi til fylkeskommunale bygg aukar

Seks vidaregåande skular og Vestlandshuset produserte solenergi i 2024. Det vart selt 33 585 kWh solenergi frå Arna vidaregåande skule og frå Åsane vidaregåande skule. Stord vidaregåande skule og fylkeshuset på Leikanger har fått solceller på plass i 2024, men det ligg ikkje føre tal for produksjon der i 2024.

Det er geobrønner på Sogndal vgs., avd. Kaupanger (ViteMeir), nye Stord vgs., Firda vgs. og på jordbruksskulen på Mo. Det ligg ikkje føre tal for produksjon i 2024.

Tabellen viser solenergi produsert i Vestland fylkeskommune i 2024.

Solenergi produsert, kWh		
Bygg med solcelleanlegg	2023	2024
Arna vgs.	75 528	99 240
Askøy vgs.	92 700	92 521
Førde vgs.	139 826	171 443
Sogn jord- og hagebruksskule	38 500	30 406
Sogndal vgs.	47 333	49 008
Vestlandshuset	61 947	68 300
Åsane vgs.	69 890	65 271
Sum	525 724	576 189

Tabell 3: Solenergi produsert i Vestland i 2024.

Indirekte utslepp knytt til innkjøpte varer og tenester (scope 3)

Indirekte utslepp i verdikjeda utgjer 95 % av dei totale utsleppa frå fylkeskommunen. Dei største klimagassutsleppa kjem frå innkjøpte tenester for kollektivtransport, frå innkjøpte tenester for utbygging, drift og vedlikehald av fylkesvegar og frå innkjøpte tenester til eigedom og utbygging. I tillegg kjem utslepp forbunde med forbruk av møblar, IKT, mat og andre varer og tenester.

Fylkeskommunale anskaffingar blir verktøy for å nå klima- og miljømåla. Politiske prosessar og innkjøpsrutinar sikrar at måla for klima, miljø og arbeidsmiljø blir ivareteke i konkurransegjennomføring.

Rapporteringssystema er under utvikling. For 2024 handlar den interne rapporteringa mest om drivstoff og lite om material- og ressursbruk.

Scope 3 - Indirekte utslepp knytt til innkjøpte varer og tenester (tCO2-e)		
Innkjøpte kollektivtransporttenester	2023	2024
Buss	35 800	35 400
Båt	47 100	43 700
Ferje	18 500	19 600
Bybanen	1 400	200
Totalt kollektivtransport	102 800	98 900
Drift og utbygging fylkesveg		
Drivstoff driftskontraktar (INV)	1565	1984
Drivstoff 15 utbyggingsprosjekt (INV)	*	3147
Utskifting av asfalt (dekkeleggingskontrakt INV)	*	2,7
Transport i leveransar		
Drivstoff transport div innkjøp (IKT,kontor,mat)	*	25,2
Drivstoff transport renovasjon (EIU)	60	66,9
Tenestereiser		
Fly	709	553,7
Totalt scope 3 (*manglar data)	*	*


Tabell 4: Indirekte utslepp knytt til innkjøpte varer og tenester.

Kollektivtransporten: Energi og utslepp

Den fylkeskommunale kollektivtransporten i Vestland hadde eit samla klimagassutslepp på om lag 100 000 tonn CO2-ekvivalentar i 2024. Det er 4 prosent mindre enn året før.

I Utviklingsplan for Vestland heiter det at Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030. Ein stor del av klimagassutsleppa i Vestland har kome og kjem frå energibruk i transportsektoren. Å gå over til nullutsleppsdrift i kollektivtransporten og mobilitetssystemet elles er difor eit naudsynt bidrag for å nå både regionale og nasjonale klimamål.

I 2019 var CO2-utsleppet frå fylkeskommunal kollektivtransport på 157 000 tonn. Dei siste åra har dette gått markant nedover.



Figur 6: Årlege utslepp etter transportmiddel som kører for Skyss mellom 2019 og 2024.


Klimagassutslepp etter transportmiddel som kører for Skyss (tonn CO ₂)							
	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Endring 23–24
Buss	43 600	27 900	18 000	21 100	35 800	35 400	-1 %
Båt	46 300	44 100	44 700	47 400	47 100	43 700	-7 %
Ferje	67 000	49 600	33 100	23 300	18 500	19 600	6 %
Bybanen	200	200	200	200	1 400	200	-86 %
Totalsum	157 100	121 800	96 000	92 000	103 100	98 900	-4 %

Tabell 5: Klimagassutslepp etter transportmiddel som kører for Skyss.

Ferje

Ferjekontraktane for sambanda i Hordaland, som blei starta opp i perioden 2018–2020, har allereie ført til ein reduksjon på heile 86 prosent i klimagassutsleppa frå ferjene mellom 2016 og 2022.

Etter anbodskonkurranse vart det i desember 2024 tildelt nye ferjekontraktar for sju samband med oppstart i november 2027. Desse kontraktane inneber eit krav om å redusere klimagassutsleppa med minst 65 prosent i høve dagens drift på sambanda. Når desse ferjene kjem i drift, vil dei bidra til å redusere dei resterande utsleppa frå ferjene i Vestland med om lag 40 prosent.




Figur 7: Årlege utslepp frå ferjer som køyrer for Skyss frå 2019 til 2024, samanlikna med prognose.

Buss

Ved hjelp av elektrifisering, biogass og omsettingskravet har vi kutta klimagassutsleppet frå buss i Vestland med om lag 30 prosent frå 2018 til 2024. Variasjonen i utslepp i denne perioden heng saman med endringar i bruk av biodrivstoff. Det vart innført biodrivstoff i konvensjonelle dieselbussar i fleire kontraktar frå 2019, men tiltaket vart seinare reversert etter tilråding frå Miljødirektoratet. Direktoratet har vurdert at 100 prosent biodrivstoff ikkje førte til utsleppskutt utover omsettingskravet. I tråd med tilrådingane stiller fylkeskommunen derfor ikkje lenger krav om 100 prosent biodrivstoff.

I 2024 vart det signert nye busskontraktar med oppstart i 2025, der Hardanger/Voss, Nordfjord og Modalen/Vaksdal vil ta i bruk elektriske bussar. Vidare vart det vedteke å stille krav om minst 60 prosent utsleppskutt i busskontraktane for Sunnfjord, Sogn og Sunnhordland. Til saman forventar ein med desse tiltaka at dei resterande utsleppa frå bussane i heile fylke vil gå ned med 25 prosent i høve 2024. Straum til elektriske bussar vert kjøpt inn med opphavsgarantiar som gjev svært låge utslepp i høve energiforbruket.



Figur 8: Årlege utslepp frå bussar som køyrer for Skyss frå 2019 til 2024, samanlikna med prognose.

Bybane


Bybanen er særskilt effektiv: Dei to linjene står for kvar fjerde reise med buss og bane, medan klimagassutsleppet frå drifta utgjer ein svært liten del av klimagassutsleppet til kollektivtransporten i Vestland.

Endringar i klimagassutslepp for bybanen dei siste åra heng saman med at det ikkje er kjøpt opphavsgaranti for køyrestraumen alle tidlegare år. Sjå berekraftsrapporten til Bybanen AS for fleire detaljar.

Båt

Klimagassutsleppet frå båt er framleis stabilt høgt. Den første driftskontrakten med nye hybridelektriske fartøy starta opp i mai 2024, men etableringa av ladeinfrastruktur har vore forseinka. Klimagassutsleppa har gått ned med 7 prosent i høve året før.

Innføringa av fleire elektriske båtar i 2025 er under førebuing. Med dei inngåtte kontraktane er det forventa å redusere dei resterande klimagassutsleppa frå båtar i Vestland med 12 prosent samanlikna med 2024.




Figur 9: Årlege utslepp frå båtar som køyrer for Skyss frå 2019 til 2024, samanlikna med prognose.

Samla prognose for kollektivtransporten

Skyss har som mål å basere alle transportmidlar på nullutsleppsteknologi. Ved utgangen av 2024 er det vedteke å lyse ut konkurransar og inngå kontraktar som samla sett vil kutte det resterande klimagassutsleppet med over 20 000 tonn eller 22 prosent i åra framover:

- Utsleppskutt frå lokale båtruter i Sogn og Fjordane, oppstart frå mai 2024: 2 400 tCO₂
- Utsleppskutt frå båtrutene til Askøy og Nordhordland, oppstart frå januar 2025: 2 700 tCO₂
- Utsleppskutt frå bussdrifta i Hardanger/Voss, Modalen/Vaksdal og Nordfjord frå juni 2025: 4 600 t CO₂
- Utsleppskutt frå bussdrifta i Sunnfjord, Sogn og Sunnhordland frå juni 2026: 4 200 tCO₂
- Utsleppskutt frå ferjedrift i Sogn og Fjordane, Hisarøy og Osterøy frå november 2027: 7 800 tCO₂

Dei resterande klimagassutsleppa er i stor grad knytt til lange båtruter og busskontraktane i bergensområdet. Dette er kontraktar som skal fornyast innan 2032.



Figur 10: CO2-utslepp etter transportmiddel, 2024 samanlikna med prognose.

Utsleppsfaktoren for straum representerer gjennomsnittleg kraftmiks i det nordiske eller europeiske kraftnettet, som inneheld både fornybare og ikkje-fornybare kjelder. Fornybar straum har opphavsgaranti, som sikrar at tilsvarende volum kjem frå fornybare kjelder som vasskraft, vindkraft eller solkraft. Det gir lågare utsleppsfaktor samanlikna med den generelle kraftmiksen.

Følgjande utsleppsfaktorar er lagt til grunn for berekninga:

	MJ	kWh	kg CO ₂ eq/kWh (inkl CH ₄ og N ₂ O)
MGO (tonn)	42 700	11 861,11	0,267
Biodiesel (tonn)	44 100	12 250,00	0,142
Autodiesel (liter)	36,2	10,1	0,267
Berekraftsertifisert biodrivstoff (liter)	32,3136	8,98	0,107
Avansert biodrivstoff (liter)	34,3	9,53	0,053
Naturgass (sm3)	35,424	9,84	0,233
Biogass (sm3)	35,42	9,84	0,020
Straum (kWh)	3,6	1,00	0,075
Straum (kWh – bybanen)	3,6	1,00	0,047
Fornybar straum (kWh)	3,6	1,00	0,011

Tabell 6: Utsleppsfaktorar lagt til grunn for berekningar for kollektivtransporten

Fylkesveggar: Klimafotavtrykk frå innkjøpte tenester for utbygging, drift og vedlikehald

Rapporteringsverktøya til avdeling for infrastruktur og veg er under utvikling, og i ein overgangsfase blir det difor ikkje rapportert forbruk for alle utbyggingsprosjekta til avdelinga. For driftsopplysningar er det også ein del usikkerheit knytt til tala.

- **Investering:** Det er rapportert utslepp knytt til energiforbruk for 15 utbyggingsprosjekt. Nokre av dei har starta før 2024 og nokre har starta i løp av 2024. Totalt utslepp for desse prosjekta er 3147 tonn CO₂. Dette er fordelt slik på energibærarar:
 - 70 prosent frå diesel
 - 26 prosent biodiesel
 - 4 prosent elektrisitet
 - 0,3 prosent bensin
- **Driftskontraktar:** For driftskontraktar er det rapportert klimagassutslepp både for drivstoff og knytt til noko materialbruk. Klimagassutslepp frå energibruk i driftskontraktar for avdeling for infrastruktur og veg summerer seg til 1984 tonn CO₂ for 2024.
- **Asfalt:** Utslepp frå dekkeleggingskontraktar (utskifting av asfalt) i 2024 var 2,7 tonn CO₂. Det inkluderer alle utslepp som er knytt til å fjerne den gamle asfalten og legge ny asfalt, altså utslepp knytt til materialproduksjon, transport og utlegging av ny asfalt, og utslepp frå riving, transport og avfallsbehandling av den gamle asfalten.
- **Masseutskifting:** Vi har i 2024 testa ein ny metode for masseutskifting, eit vedlikehaldstiltak der vi ordnar vegen slik at han har eit godt fundament og ei god bereevne før vi legg ny asfalt. Prosessen blir effektivisert blant anna ved at vi tek i bruk ein knusefres, og vi kan redusere utsleppa opptil ti gonger samanlikna med den konvensjonelle metoden.

Eigedom og utbygging

Berekraft er gjennomgåande i planlegging av utbygging/renovering og i drift av bygga våre. Det inneber at det blir arbeidd systematisk med mellom anna med arealbruk, materialval, ombruk og energibruk både under bygging og i drift. Dei største investeringsprosjekta (over 100 millionar kroner) nyttar BREEAM-NOR som verktøy for å sikre systematisk berekraftsarbeid. På driftssida har vi mellom anna arbeidd med ettermontering av solceller på skulebygg.

For utbygging av Bybanen vart det i 2024 mellom anna utarbeidd ein berekraftstrategi for prosjektet som skal danne grunnlaget for korleis vi utformar og gjennomfører kontraktar, reduserer klimautslepp, konsekvensar for samfunnet og økonomi. Bybanen utbygging har ikkje hatt byggeaktivitet i 2024.

Arbeidet med å oppfylle berekraftsmåla til FN har gitt følgjande miljøprofil for dei største utbyggingsprosjekta med aktivitet i 2024:

- Askøy vgs.: Levert i 2024. Oppnådde BREEAM-NOR Excellent for nybygg. Bygg utført med beresystem i massivtre og nådde målet om 40 prosent reduksjon av klimagassutslepp frå materialbruk, solceller.
- Stord vgs.: Skal overleverast i 2025. Bygget skal sertifiserast til BREEAM-NOR Excellent med mål om 40 prosent reduksjon av klimagassutslepp frå materialbruk, solceller.
- Langhaugen vgs.: Byggestart i juni 2024. Passivhus, totalt netto energibehov ≤ 70 kWh/m²/år, BREEAM-NOR Excellent, 40 prosent reduksjon av klimagassutslepp frå materialar, 10 prosent utsleppsfrie anleggsmaskinar, solceller.
- Nye Kvam vgs.: Passivhus, energibehov ≤ 70 kWh/m²), BREEAM-NOR-sertifisering til nivå Excellent etter siste versjon (v. 6.1.1), beresystem i massivtre, 40 prosent reduksjon av klimagassutslepp frå materialbruk, solceller.
- Fylkeshus Leikanger: Ombygging med høg grad av gjenbruk og med vesentleg energioppgradering med fjordvarme, solceller og geobrønnar.

Transporttenester i leveransar til fylkeskommunen

Vi ber i aukande grad om data for drivstoff brukt på transportdelen av relevante leveransar til fylkeskommunen.

Renovasjonsarbeidet som fylkeskommunen kjøper inn til lokasjonane sine, fører til utslepp av 66,9 tCO₂ frå transporten. Renovasjonsselskapet BIR brukar rutegående elektrisk komprimatorbil i Bergen og medverkar slik til å redusere klimagassutsleppa. Vi har førebels ikkje dekkande tal for kva klimafotavtrykk som er knytt til sjølve avfallsmateriala.

For 2024 er det registrert 25,2 tonn CO₂-utslepp knytt til leveransar av diverse innkjøp til fylkeskommunen. Det er i hovudsak registrert frå anskaffing av ikt- og kontorutstyr og matvarer.

Tenestereiser – vi flaug mindre i 2024

Det er fløge 4 437 085 km for Vestland fylkeskommune i 2024. Det inkluderer reiser for politikarar, tilsette og elevar. Klimagassutsleppet for desse reisene blir oppgitt av reisebyrået til å vere 553,7 tonn CO₂-ekvivalentar. Det er 22 prosent mindre enn fjoråret.

Fordelinga mellom ulike reisemål har vore stabil dei siste tre åra, reise innanlands svingar kring 70 prosent og europeiske reiser svingar rundt 20 prosent.

Område	Tal reiser 2023	Tal reiser 2024
Europa	2231	1568
Innland	7028	6540
Interkontinental	88	46
Norden	806	745
Totalsum	10153	8899

Tabell 7: Tenestereiser med fly, 2024 samanlikna med 2023.

Ressursbruk og sirkulær økonomi

Å redusere ressursbruken og bidra til ein meir sirkulær økonomi, kan få ned fotavtrykket frå fylkeskommunal aktivitet. Krav om sirkularitet, gjenbruk og resirkulering av ressursar kjem med i fleire anskaffingar i fylkeskommunen. Også eiga verksemd ser til desse prinsippa til dømes når det gjeld møbelforvaltning og bruk av IT-utstyr.

For å få betre oversikt over korleis vi kan minimere klima- og miljøbelastning frå forbruket vårt, har vi begynt å hente inn statistikk frå leverandørane våre på nokre sentrale indikatorar. Dette er eit område under utvikling.

Resirkulering av IT-utstyr

IKT-seksjonen har i 2024 selt tilbake 4246 einingar via partner Foxway for er gjenbruksutstyr. 1419 av desse er allereie i tatt i gjenbruk eller skal klargjerast for gjenbruk vidare. 2827 einingar er resirkulerte. Det inneber at IKT-seksjonen har spart 478 tonn CO₂. Utstyr som vert selt tilbake er utrangerte pc-ar, serverar, skrivarar, nettverksutstyr, skjermar, mobiltelefonar, AV-utstyr og anna IKT-utstyr. Avtalepartnaren vår, Foxway, har også ansvar for sikker sletting av data og for å handtere avfall. Foxway set saman produkt for å gjere dei fungerande igjen før eit vidare sal. Overskotet av salet går tilbake til Vestland fylkeskommune.

Avfall frå verksemda

Det er registrert 1740,5 tonn avfall frå lokasjonane til Vestland fylkeskommune i 2024. Det inkluderer alle dei vidaregåande skulane, fylkeshuset i Leikanger, Vestlandshuset og tannklinikkar. Endring i bruk av bygg og aktivitetsnivå gir variasjon i tala. Statistikken viser fire prosent reduksjon i avfallsvolumet sidan 2022, men talet går litt opp frå 2023 til 2024. BIR og Ragnsells leverer denne tenesta til fylkeskommunen, men klimafotavtrykk for avfallskomponentane blir ikkje opplyst om.

- Det er jamn auke i kjeldesorteringsgraden frå 41 prosent i 2022 til 48 prosent i 2024.
- Det vart sortert ut 86,8 tonn matavfall, i hovudsak frå dei vidaregåande skulane.
- Den totale mengda utsortert plast dobla seg i 2024 samanlikna med tidlegare år, til 30,5 tonn. Plastavfall frå vidaregåande skular med landbruk eller havbruk-/fiskerifag utgjer størstedelen av auken. Dette avfallet er landbruksplast, fiskereiskap, tau og trosser. Utsortert folieplast har auka med 108 prosent sidan 2020.

Avfall frå leverandørane til avdeling for infrastruktur og veg

- I 2024 har elleve utbyggingsprosjekt rapportert på avfall og totalt genererte prosjekta 2659 tonn med avfall. Ni vedlikehaldskontraktar har òg rapportert inn 803 tonn med avfall.
- For drift er det rapportert inn 7813 tonn med avfall. Alle bortsett frå ein driftskontrakt er i rapporteringssystemet, fordi det er oppstart av ny driftskontrakt i september 2025. Nokre av kontraktane har starta i løpet av 2024.

Avfall i prosjekta til avdeling for eigedom og utbygging

Avdeling for eigedom og utbygging har sett krav om mindre enn 25 kg avfall per kvadratmeter og kjeldesorteringsgrad på minst 90 prosent utbyggingsprosjekta sine. Bortsett frå fylkeshuset på Leikanger som inkluderte riving, er måla nådde der det er tilgjengeleg statistikk for 2024.

Møblar

Det laga prosedyre for verksemda for kva ein skal gjere når ein treng møbel i VLFK. Hovudpoenget er at ein før ein kjøper nye møbel skal undersøke andre moglegheiter for å dekke behovet, om det finst møbel tilgjengeleg andre stader i organisasjonen, om det er noko reparasjon som kan gjerast, eller om ein kan kjøpe møbel brukt. I nye rammeavtalar skal ein legge vekt på høg kvalitet, tidlause møblar og høve til reparasjon, slik at møblane kan vare så lenge som mogleg.

Miljøsertifisering

63 prosent av leverandørane som Vestland fylkeskommune kjøper varer og tenester frå, avgrensa til alle kjøp over to millionar, har eit sertifisert miljøleingssystem.

Natur og areal

Areal og natur i tal

Vestland er eit stort fylke på meir enn 43 millionar dekar. Her er det mykje fjell, skog og fjord, og fylket har den mest varierte naturen i Noreg – med 22 ut av totalt 26 vegetasjonsgeografiske regionar.

I Vestland er 7325 km² areal på land verna, men 77 prosent av dette ligg over 1000 meters høgde. Det er under 500 meter dei store naturmangfalda finst, her er det knapt 4 prosent som er verna (SSB, 2023 og Statsforvalteren i Vestland, 2025).

Skog og naturareala tar opp klimagassar i eit naturleg karbonlager. I Vestland har dette lageret minka med 770 000 tonn CO₂e sidan 2011.

Kystvatn, grunnvatn og innsjøar i Vestland har eit areal på 10 558 km². Det er 65 484 km med elvar og bekkefelt.

Natur, areal og klima i samanheng

Utviklingsplan for 2024–2028 gjer det klart at arealendringar er den største trusselen mot naturen i Vestland. Arealendringar fører til klimagassutslepp, og det skadar samstundes økosystem og

kvaliteten på økosystemtenester som det vestlandske samfunnet er avhengig av. Slik forsterkar utfordringar knytt til arealbruk, naturmangfald og klima kvarandre.

Skal Vestland fylkeskommune følgje mål om å legge klima og naturmangfald som premiss for samfunnsutviklinga, må vi redusere den negative påverknaden vår på natur og areal, og medverke til at andre gjer det same. Det kan redusere klimagassutslepp frå karbonlager i naturen og presset på naturmangfaldet.

Vestland fylkeskommune har utvikla eit arealrekneskap som gir ein status over arealfordelinga i fylket. Det hjelper å vise kva type areal vi brukar, og kva type areal vi planlegg å bygge ut, kalla planreserven. Teksten under kommenterer først på arealrekneskapen for heile fylket og på karbonlageret i naturen i Vestland. Deretter er det kommentarar som knyter seg til fylkeskommunen som eigar, og til kva natur vi påverkar gjennom verksemda vår.

Arealfordeling i Vestland fylke

Areala for heile Vestland fylke er viste i tabell 1, fordelt på arealtype for arealrekneskap (AR5). Tredje kolonne viser den prosentvise delen arealtype utgjør av det samla arealet til Vestland per 2024. Kolonnen «Dekar planreserve» viser planreservar som ligg i dei respektive arealtype ifølgje vedtekne planar. Planreserven er areal som ikkje har blitt bygd ut endå, men som er planlagt utbygd gjennom planar i kommunane. Planreserven er inkludert i det totale arealet til Vestland. Størstedelen av planreservane ligg i skog, dyrka jord (open fastmark, fulldyrka jord og innmarksbeite) og myr. Det betyr at det er i desse arealtype det er planlagt utbygging.

Per 2024 er den samla planreserve for fylket på over 238 000 dekar. Blir alt dette bygd ut, vil det svare til 65 prosent auke i bygd areal og 4 prosent auke i areal til samferdsel. Bygd areal omfattar areal til bustadar, fritidsbustadar, tenesteyting, idrettsanlegg, råstoffutvinning og næring.

Arealtype	Totalt areal 2024 (dekar)	Del av totalareal 2024	Dekar planreserve	CO2e-utslepp viss planreserven blir bygd ut
Utbygd	355 1789	0,8 %	221	0,0
Samferdsel	200 975	0,5 %	0,4	0,0
Fulldyrka jord	483 352	1,1 %	8710	52397,7
Overflatedyrka jord	122 211	0,3 %	2854	28921,8
Innmarksbeite	422 479	1,0 %	8742	88 271,9
Skog	9 068 204	21,1 %	12 5236	4 387 062,9
Open fastmark	19 313 601	44,9 %	65 347	15 350,7
Myr	772 444	1,8 %	16 091	935 407,2
Snøisbre	1 137 846	2,6 %	4862	1178,8
Ferskvatn	1 983 134	4,6 %	209	1495,8
Hav	9 143 806,0	21,3 %	5 901	0
Totalt innafor 1 nautisk mil	43 003 231	100,0 %	Total planreserve 238 174	Total utslepp 5 510 086,8


Tabell 1: Arealfordelinga i Vestland fylke og vedtatt planreserve i 2024 fordelt på arealtypeane i AR5. Siste kolonne syner CO2e utslepp over 20 år i tilfelle av 100 prosent utbygging av planreserven.

CO2e-utsleppa er rekna utifrå klimagassfaktorane Miljødirektoratet har for kvar arealtype og vil slopne ut over 20 år.

Tabellen syner at særleg planreservane som ligg i skog, myr, innmarksbeite og open fastmark vil leie til store utslepp om dei vert bygde ut. Om den samla planreserven vert bygd 100 prosent ut, vil det gi eit klimagassutslepp på 5,5 mill. CO2e over 20 år.

Klimagassutslepp knytt til arealforvaltninga i Vestland fylke

Skog og naturareala tar opp klimagassar i eit naturleg karbonlager. I Vestland har dette lagar minka med 770 000 tonn CO2e sidan 2011. Det skuldast særleg at skog har blitt fjerna til fordel for beite og utbygd areal. I tillegg tar tre i skogen opp mindre CO2 no pga. alder (men jordsmonnet held fram å lagre CO2, berre tregare). Samstundes har utslepp frå andre areal auka, til dømes drenering og utbygging av myrer og dyrka mark.



Figur 1: Diagram og tabell viser endring i CO2e lagra i areala i Vestland over to periodar (2011–2015 og 2016–2020). Negative verdier angir lagring, mens positive verdier angir utslepp. Lasta ned frå Miljødirektoratet 28.02.2025

Arealfordeling av eigedommane til fylkeskommunen

Vestland fylkeskommune eig som verksemd 143 505 dekar areal totalt. Dette er veg med tilhøyrande areal rundt, skular og andre bygg med tilhøyrande areal rundt. Tabell 2 syner kor mykje areal fylkeskommunen eig ifølgje eigedomsregisteret, og korleis arealet er fordelt på ulike arealtpar (AR5). Kolonne tre viser den prosentvise del arealtypeane utgjer av alt arealet fylkeskommunen eig (143 505 dekar).

Det ligg òg planreservar (areal som er planlagt å bli bygd ut) i eigedomane til Vestland fylkeskommunen. Kolonnen Dekar planreserve viser planreservar som ligg i dei respektive arealtypepane der fylkeskommunen er eigar (per 2024). Planreserven er inkludert i dagens arealfordeling (kolonne 1). Det er fylkeskommunen som eig planreservane i kolonne 4, men andre aktørar kan ha interesser i planreserven på eigedomane våre. Når vi eig areala har vi større moglegheit til å påverke framtida for desse planreservane.

Arealtype	Arealfordeling, VLFK eigedom (dekar)	Del av totalareal 2024	Dekar planreserve
Bebyggd	2 356,9	1,64 %	1,7
Samferdsel	46 364,5	32,31 %	0,0
Fulldyrka jord	3 606,6	2,51 %	107,1
Overflatedyrka jord	702,5	0,49 %	10,6
Innmarksbeite	2 340,0	1,63 %	25,8
Skog	24 984,0	17,41 %	598,2
Åpen fastmark	56 855,3	39,62 %	874,7
Myr	1 974,4	1,38 %	35,9
Ferskvann	4 102,9	2,86 %	1,9
Hav	218,4	0,15 %	2,1
Totalt innafor 1 nautisk mil	143 505,4	100,00 %	Total planreserve 1658,0

Tabell 2: Arealfordelinga for dei eigde areala til Vestland fylkeskommune og prosentdelen dei utgjør av det totale arealet til fylkeskommunen. Dekar planreserve ligg i vedtekne planar vil komme i tillegg til dagens arealfordeling av eigedomane til Vestland fylkeskommune.

Tabell 2 viser at størstedelen av planlagt utbygging (planreservar) i areal der fylkeskommunen er eigedomseigar, er planlagt i open fastmark, skog og fulldyrka jord. Tiltakshavar med planansvaret til planreserven kan både vere fylkeskommunen sjølv eller andre aktørar som har søkt løyve om å ligge planreserven i eigedomane til Vestland fylkeskommune.

Tabell 3 er eit utplukk av dei største planreservane i eigedomane til Vestland fylkeskommune og viser formåla til planreservane og kor store dei er. Det er for dei tre arealformålsgruppene tenesteyting, kombinerte formål og samferdselsanlegg at det er størst sannsyn at Vestland fylkeskommune sjølv har planansvar for planreserven. Dette er til dømes vidaregåande skular, tannklinikkar eller veg. Kombinerte formål er eit område der vi har fleire formål tett saman, til dømes eit sentrumsområde, der det er tenesteyting i nokre etasjar i eit bygg. Det er i slike areal at Vestland fylkeskommune kan jobbe for å omstrukturere arealbruken sin. Det kan vere gjennom arealeffektiv planlegging, sirkulær økonomi, nytte gråareal og minst mogleg ubebygd areal.

Tabell 3 viser blant anna at av dei 107 dekar planreservar som er planlagde i fulldyrka jord, er 18 dekar registrerte til tenesteyting, mens 67 dekar er registrerte til kombinerte formål og 10 dekar til samferdsel.

Arealtype	Dekar planreserve	Arealformål	Dekar
Fulldyrka jord	107	Bustad eller sentrumsformål	9
		Tenesteyting	18
		Næringsverksemd	2
		Kombinerte formål	67
		Samferdselsanlegg	10
Innmarksbeite	26	Bustad eller sentrumsformål	6
		Fritidsbebygging	1
		Tenesteyting	2
		Næringsverksemd	2
		Kombinerte formål	2
		Samferdselsanlegg	12
		Råstoffutvinning	1
Skog	598	Bustad eller sentrumsformål	194
		Fritidsbebygging	44
		Tenesteyting	116
		Næringsverksemd	58
		Råstoffutvinning	12
		Kombinerte formål	32
		Idrettsanlegg	11
		Samferdselsanlegg	133
Open fastmark	875	Bustad eller sentrumsformål	58
		Fritidsbebygging	20
		Tenesteyting	19
		Næringsverksemd	24
		Råstoffutvinning	1
		Kombinerte formål	672
		Idrettsanlegg	14
		Samferdselsanlegg	66
Myr	36	Bustad eller sentrumsformål	5
		Fritidsbebygging	1
		Tenesteyting	6
		Næringsverksemd	1

		Råstoffutvinning	2
		Kombinerte formål	12
		Idrettsanlegg	1
		Samferdselsanlegg	9
Totalt innafor 1 nautisk mil	Total planreserve		
	1658		

Tabell 3: Planreservane i eigedomane til Vestland fylkeskommune ligg i arealtypepane vist i første kolonne. Dei to siste kolonnene Arealformål og Dekar viser kva formål planreserven er sett av til, og kor mykje areal som er sett av.

Dei største planreservane ligg i skog og open fastmark. I skog ligg store planreservar der Vestland fylkeskommune med stor sannsyn har planansvar: 116 dekar til tenesteyting, 32 dekar til kombinerte formål og 133 til samferdselsanlegg. I tillegg er det 58 dekar til næringsverksemd og 12 dekar til råstoffutvinning. Fylkeskommunen har som eigar mogelegheit til å fremme arealforvaltning etter dei regionale planane våre og nasjonale retningslinjer på desse areala. I open fastmark ligg ein stor planreserve på 672 dekar til kombinerte formål. Den største planreserven i myr har likeins kombinerte formål (12 dekar). For desse store planreservane har Vestland fylkeskommune med stor sannsyn eit planansvar.

I tillegg viser tabellen at det er planlagt bustad eller sentrumsformål på 194, 58 og 9 dekar i høvesvis skog, open fastmark og fulldyrka jord som Vestland fylkeskommune eig. Det er også planlagt fritidsbygging på fylkeskommunal eigedom: 44 dekar i skog, 20 dekar i open fastmark og 1 dekar i myr. Når desse plansakene skal behandlast, bør Vestland fylkeskommune vere merksam på om areala blir forvalta berekraftig i tråd med regionale planar, og i samsvar med målet om at natur og klima skal vere premiss for samfunnsutviklinga.

Mykje av arealet Vestland fylkeskommune disponerer er veg. I alt disponerer avdelinga infrastruktur og veg 73 078 dekar fordelt på arealtpar langs eksisterande veg per 2024. Det er primært arealtypepane samferdsel (41 prosent), open fastmark (32 prosent) og bebyggd (12 prosent). Tala syner både at store areal allereie har blitt omdanna til veg og utbygging, i tillegg til at Vestland fylkeskommune har ansvar for å forvalte mykje open fastmark slik det styrkar naturmangfaldet og økosystemet. I tillegg eig avdeling for infrastruktur og veg 11 279 dekar areal med overflatedyrka og fulldyrka jord, skog, myr, ferskvatn og hav. Det ligg altså eit stort potensial i arealforvaltninga rundt vegane til fylkeskommunen også.

Vurdering av naturkonsekvensar knytt til budsjettvedtak

I 2024 har det vore auka merksemd på natur nasjonalt. I Vestland gjorde fylkestinget følgjande vedtak i desember 2023 som vert følgt opp i 2024:

«Med stadig meir kunnskap om kor sårbar situasjonen er kring biologisk mangfald og naturverdiar, og med signering av naturavtalen i Montreal i desember 2022, er det viktig at Vestland fylkeskommune

arbeidar endå meir konkret med natur som tema. I kommande økonomiplanar skal fylkesdirektøren synleggjere naturkonsekvensane av fylkeskommunen sine budsjettvedtak.»

I den første økonomiplanen etter vedtaket er naturkonsekvensar av investeringsbudsjettet til avdelingane infrastruktur og veg og eigedom og utbygging vurderte. Vurderinga finst i kapitel for naturkonsekvensar i økonomiplanen. Målsettinga er framover å utvide vurderinga til ein større del av budsjettet for 2026, økonomiplanperioden 2026–2029 og til fleire avdelingar.

Infrastruktur og veg vurderte naturkonsekvensane til seks større investeringsprosjekt. Denne kartløysinga visar omriss av prosjekta saman med punkt- og områdeobservasjonar av alle arter og naturtypar av særleg stor forvaltningsinteresse og naturtype KU-verdi (sjå produktark) for å vurdere naturkonsekvensane deira. Dei neste to tabellane summerer observerte raudlista artar, naturtypar og utvalde naturtypar jf. naturmangfaldslova som blir råka gjennom prosjekta.

Tal raudlista artsobservasjonar	
Kritisk trua	4
Sterkt trua	25
Sårbar	112
Nær trua	80
Intakt	64
Totalt	285

Tabel 4: Arter: Artsobservasjonar innan reguleringsplan til seks veginvesteringsprosjekt etter statusen deira på raudlista. Sjå full vurdering i kapitel for naturkonsekvensar i økonomiplanen. (Kjelde: Arter av nasjonal forvaltningsinteresse (punkt) og Naturtypar KU-verdi/verdsatte)

Tabell 4 viser at gjennom desse prosjekta er det minst 285 raudlista artar som blir råka. Tala er baserte på observasjonar registrerte i Artsdatabanken og representerer berre eit lite utplukk av kva artar som i realiteten finst i områda.

Neste tabell syner at same prosjekt råkar sju ulike raudlista naturtypar, med eit samla areal på 58 880 m2. I tillegg blir tre utvalde naturtypar råka av seks prosjekt, (kystlynghei, hol eik og slåttemark), eit areal på i alt 12 269 m2.

Raudlista naturtypar	Samla areal m2	Naturtype	Tal typar
Kritisk trua	11 715	Slåttemark	1
Sterkt trua	25 240	Kystlynghei	1
Sårbar	6528	Frisk lågurteedellauvskog Regnskog Naturbeitemark	3

Nær trua	15 397	Oseanisk nedbørsmyr Rik edellavskog	2
Sum	58 880		7
Utvalde naturtypar	Samla areal m2	Naturtype	Tal typar
	25 240	Kystlynghei	1
	554	Hol eik	1
	11 715	Slåttemark	1
Sum	12 269		3

Tabell 5: Naturtypar: Samla areal og tal raudlista naturtypar og utvalde naturtypar, som blir råka gjennom seks utvalde investeringsprosjekt til INV. Sjå full vurdering i [kapitel for naturkonsekvensar i økonomiplanen](#). (Kjelde: [Arter av nasjonal forvaltningsinteresse](#) (område) og [Naturtypar KU-verdi/verdsatte](#))

Andre tiltak

I 2024 har avdeling for infrastruktur og veg auka omsynet til naturmangfald. Her er noko av det som har vorte gjort:

- Vi har vedtatt ny berekraftsstrategi, der naturmangfald er eit viktig tema. Strategien skal minimere negativ påverknad på naturen gjennom desse satsingsområda:
 - Ansvarleg arealbruk: Vi skal ha merksemd i utbygging på å bruke allereie utbygd areal, og skal prioritere tiltak som unngår inngrep i viktig natur og vassmiljø.
 - Naturmangfald og økosystem: Vi skal i større grad ta i bruk løysingar som styrkjer naturmangfaldet og reduserer spreiding av uønska artar.
- Vi har fått ny kunnskap om restaurering av gamle fylkesvegar. Rapporten «[Nedlegging av gamle fylkesvegparcellar og restaurering av natur](#)» av Norsk institutt for naturforskning (NINA) og Multiconsult gir eit kunnskapsgrunnlag for restaurering av natur ved nedlagde fylkesvegparcellar.
- Vi har gjort tiltak i ytre miljø for å styrke naturmangfald. Til dømes kartlegg vi artsrike område og framande artar langs fylkesvegane i driftskontraktsområda Nordhordland, Midthordland og Voss. I tillegg har tiltak knytt til fylkesveg i regional vassforvaltningsplan blitt følgde opp. Gamle fiskevandringshinder er fjerna på eksisterande vegnett gjennom to bruer og tre kulvertar i ulike deler av fylket.

Vassressursar i Vestland


Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta. Vi utarbeidde i 2024 høyringsutkast av planprogram for ein oppdatert vassforvaltningsplan 2028–2033. Også dokumentet Hovudutfordringar i Vestland vassregion vart utarbeidd i 2024, med høyring frå 1. januar 2025. Mange vassførekomstar har god tilstand, men det er også fleire utfordringar som gjer det vanskeleg å nå miljømåla. Målet for dei fleste vassførekomstane i gjeldande plan er å ha anten god eller svært god økologisk (og kjemisk) tilstand innan 2027.

Oversikt over vassførekomstane i Vestland vassregion			
Type vassførekomst	Tal vassførekomstar	Av desse, tal SMVF	Areal/lengd
Kystvatn	283	2	9085 km ²
Grunnvatn	334	0	351 km ²
Innsjøar	1085	322	1122 km ²
Elvar og bekkefelt	3333	680	1122 km ²
Tal totalt	5035	1004	65 484 km ²


Tabell 6: Vassførekomstane i Vestland. Forkortinga SMVF står for sterkt modifiserte vassførekomstar, i praksis er dette vassførekomstar i regulerte vassdrag. (Kjelde: vann-nett.no)

Sterkt modifiserte vassførekomstar har eit lågare miljømål enn god økologisk tilstand, kalla godt økologisk potensial. Tabellen viser at ca. 20 prosent av alle overflatevassførekomstar har eit lågare miljømål enn standard miljømål.

Dei største utfordringane for å sikre eit godt vassmiljø er overgjødsling, miljøgifter, påverknad frå oppdrettsnæringa (lakselus og rømt oppdrettsfisk), fysiske inngrep som vasskraftutbygging og påverknad frå sur nedbør. Manglande gjennomføring av tiltak fører til at fleire vassførekomstar ikkje når måla sine innan fristen. Klimaendringar forsterkar problema, og det er behov for betre samarbeid og fleire målretta tiltak for å sikre betre vassmiljø i framtida.



Figur 2: Oversikt over miljøtilstanden i alt overflatevatn i Vestland. Målet er nå minst god økologisk tilstand i alt vatn (grøn farge i figuren). Vel 60 prosent har nådd miljømålet. Sektorstyresmakter må gjennomføre fleire tiltak for å nå alle miljømåla.



Figur 3: Miljøtilstanden for sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF).

Miljømålet for SMVF er godt økologisk potensial (grøn farge). Dei vassførekomstane som ikkje har nådd miljømålet har ein moderat (gul), dårleg (oransje) eller svært dårleg (raud) potensial/tilstand. Miljømålet er lågare enn god økologisk tilstand i figuren over. Det er stort sett vassførekomstar i regulerte vassdrag knytt til vasskraftanlegg som er kalla sterkt modifiserte vassførekomstar og har eit lågare miljømål. Ifølgje figuren har vi berre nådd miljømålet med vel 25 prosent for dei sterkt modifiserte vassførekomstane.

Vi utviklar Vestland

Utviklingsplaner

Utviklingsplan for Vestland 2024–2028, regional planstrategi

Fylkestinget i Vestland vedtok utviklingsplan for Vestland 2024-2028, regional planstrategi 12. desember 2024. Utviklingsplanen skal fremme heilskapleg regional utvikling og gjere planlegging meir forpliktande og målretta.

Utviklingsplanen bygger på tema der fylkeskommunen har styrkar og moglegheiter, identifisert i kunnskapsgrunnlaget og politiske prioriteringar.

Eit overordna mål i arbeidet med utviklingsplanen har vore å senke terskelen for deltaking på alle nivå og sikre eit mangfald av perspektiv. Prosessen har hatt som mål å byggje kompetanse på bruk av samskaping, eit likeverdig samarbeid mellom offentlege og private aktørar gjennom verkstader. Utviklingsplanen har vorte til gjennom eit breitt samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunar, statlege organ og ulike råka interessepartar i Vestland. Medverknadsorgana i Vestland, Vestland ungdomsutval, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Vestland fylkeseldreråd, har hatt ei rådgevande rolle. Statsforvaltaren og KS har deltatt gjennom ei samarbeidsgruppe med jamlege møte gjennom heile prosessen. Statlege etatar har også medverka gjennom uformelle verkstader og regionalt planforum, både i utvikling av kunnskapsgrunnlaget og i planfasen. Regionale plankontaktar frå alle fagavdelingar har sikra forankring, kvalitetskontroll, informasjon og dialog om planarbeidet. Toppleiargruppa i fylkeskommunen har som styringsgruppe gjeve styringssignal gjennom heile arbeidsprosessen, i tillegg til drøfting i fleire verkstader i fylkesutvalet.

Utviklingsplanen vart sendt på høyring og offentleg ettersyn frå 12. juni til 16. september 2024, og vi hadde eit ope, digitalt informasjonsmøte 20. juni. Arbeidet med utviklingsplanen har vekt stort og breitt engasjement. Fråsegnene representerer ei bredde av ulike interesser i vestlandsamfunnet. Fylkeskommunen har hatt særskilt møte med kommunane som er med i UNESCO verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, saman med rådgjevarar i Miljødirektoratet og hjå Riksantikvaren.

Utviklingsplanen prioriterer fire, breie satsingsområde med mål for samfunnsutviklinga i Vestland dei neste åra. Satsingane svarer på dei samansette utfordringane Vestland har framover. I kunnskapsgrunnlaget vart det tydeleg at dei største utfordringane heng tett saman på tvers av tradisjonelle sektorar, fag og politikkområde. Vi må verte betre på å ta omsyn til desse samanhengane og å samarbeide om å løyse dei i fellesskap for at samfunnet skal utvikle seg i ønska retning. Difor er samarbeid eit eige satsingsområde.

Satsingsområde

Velferd og verdiskaping



Vestland er det leiande
verdiskapingsfylket
basert på naturgitte
fortrinn

Satsingsområde

Demografi og likeverd



Vestland er eit
inkluderande fylke med
trygge, attraktive og
livskraftige
lokalsamfunn i heile fylket

Satsingsområde

Klima og natur



I Vestland er klima og
naturmangfald ein premiss
for samfunnsutviklinga


Satsingsområde

Samarbeid



Vestland når måla sine
gjennom samarbeid og
samordning

Utviklingsplanen har ti strategiar som skal bidra til å nå måla. Vi kallar dei fleirbruksstrategiar, fordi kvar strategi skal bidra til å nå minst to mål, helst fleire. Dette er ein del av berekraftstenkinga med å sjå sektorar og politikkområde i samanheng.



I utviklingsplanen har fylkeskommunen løfta fram behovet for å vidareutvikle rolla som samarbeidspart og samfunnsutviklar. Fylkeskommunen vil følgje opp dette med brei involvering gjennom heile perioden utviklingsplanen gjeld for.

Planbehov

Den nye utviklingsplanen slår fast at det er behov for følgjande planarbeid framover:

- To nye regionale planar:
 - Regional plan for areal og mobilitet
 - Regional plan for verdiskaping og kompetanse
- Revisjon av Regional plan for vassforvalting Vestland

- Oppheving av Regional strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane
- Rullering av handlingsprogram for regionale planar for folkehelse
- Ny temaplan plan for bevaring av privat arkiv – starta opp i 2024
- Rullering av handlingsprogram for temaplan Fornye og forbetre – Auka gjennomføring
- Utvikling av kunnskapsgrunnlag for nærare vurdering av planbehov Vestnorsk fjordlandskap – Verdsarvområda Geirangerfjorden og Nærøyfjorden

Følgjande planar og strategiar vart vedtekne i 2024:

- temaplan Fornye og forbetre – Auka gjennomføring
- Heilskapleg plan for tilbodsstruktur i Vestland fylkeskommune
- Strategisk plan for Vestland tannhelseteneste 2024–2036
- Berekraftstrategi for avdeling for infrastruktur og veg

Berekraftsarbeid

FN: 17 berekraftsmål

Dei 17 berekraftsmåla til FN ligg til grunn for utviklingsplanen for Vestland. Berekraft handlar om korleis tiltak her og no påverkar moglegheitene til komande generasjonar. Vi må vurdere langsiktige moglegheiter og konsekvensar knytt til korleis vi driv samfunnsutvikling. Fylkeskommunar og kommunar kan drive berekraftsarbeid gjennom alle rollene sine: som planstyresmakt, tenesteleverandør og demokratiaktør. Planlegging er hovudverktøyet, men heile verkemiddelapparatet må setjast i sving for å få resultat. Det gjeld styring, økonomi, mobilisering av individuell og kollektiv handling, forking, teknologi og innovasjonsevne.

Vestland nyttar berekraftsmodellen til Stockholm Resilience centre. Denne framstiller samanhengen mellom berekraftsdimensjonane og tilhøyrande berekraftsmål som ei «bryllupskake» med tre nivå. Dimensjonane miljømessig, sosial og økonomisk berekraft er ulike sider ved berekraftstenkinga, som overlappar på fleire område og heng tett saman.



Den miljømessige dimensjonen legg grunnlaget for både den sosiale og økonomiske dimensjonen. Dimensjonen representerer den levande og ikkje-levande naturen, landskap, klima, naturressursgrunnlaget og alle økosystema.

Den sosiale dimensjonen handlar om å sikre at alle menneske får eit godt og rettferdig grunnlag for eit anstendig liv, der menneskelege behov og velferd står i sentrum. Dimensjonen synleggjer menneskeleg utvikling som ein naudsynt ressurs for samfunnsutvikling.

Den økonomiske dimensjonen skal sikre robust økonomi utan øydelegging av natur og miljø. Måla handlar om eit rettferdig velferdsnivå for alle og sikkerheit for menneske og samfunn.

Samarbeid for å nå måla er ein akse som går gjennom alle måla. Det gjer også prinsippet "ingen skal stå attende". Det betyr at samarbeid er viktig for å nå alle måla, og at dei gruppene i samfunnet som treng det mest, skal stå først i køen når prioriteringar vert gjort.

Samanhengstenkinga i berekraftsmåla ligg til grunn for utviklingsplanen. Utviklingsplanen legg opp til styrka kunnskap om samhengane mellom samfunnsutfordringar som til dømes klimarettferd og auka digitalisering i kommunale tenester. Breie samfunnsutfordringar heng tett saman og påverkar kvarandre, på same måte som berekraftsmåla gjer det. Interesse motsetnader mellom berekraftsmål er ein del av grunnlaget for å definere hovudutfordringar, mål og strategiar. Det skal vi arbeide vidare med i dei nye regionale planane.

Vestland fylkeskommune arbeider med å samle og utvikle metodar for å skildre verknader av planane i Vestland og av eiga drift. I 2024 byrja vi å undersøke grunnlaget for eit samarbeidsprosjekt om vurdering av berekraftig samfunnsutvikling. Målet er å undersøke behov for måling både internt i organisasjonen og elles i fylket. Fylkeskommunen og kommunane kan samarbeide om å utvikle heilskaplege verktøy for måling av samfunnsutviklinga, og i kva grad denne går i rett retning. Arbeidet kan bidra til å samordne innsatsen og gje betre oversikt over samla eksisterande innsats, resultat og effekt. Dette vert viktig for å gjennomføre utviklingsplanen og nye regionale planar.

Vestland fylkeskommune arbeider godt med samfunnsutfordringar i alle avdelingar. Det er likevel behov for å samordne innsatsen og ha betre oversikt over samla innsats, resultat og effekt. Vi gjennomførte i 2024 ein konseptfase for måling av berekraftig samfunnsutvikling, og det er bestemt at prosjektet skal vidareførast i 2025. Arbeidet vil gjere oss i stand til å ha oversikt over kor godt vi lukkast med å følgje opp planane våre. Det skal også hjelpe oss å følgje opp nasjonale forventingar til regional planlegging, nasjonale og internasjonale avtalar og berekraftsmåla.

Berekraftsnettverket til KS

Avdelingsdirektør for næring, plan og innovasjon sit i styringsgruppa for berekraftsnettverket til KS. Fylkeskommunen deltek i arbeidet gjennom medlemsmøte, berekraftsfredag (webinar) og fysiske samlingar. Erfaringa så langt er at deltakinga i nettverket er nyttig for å få innsikt, hente inspirasjon og ha dialog og diskusjon rundt utfordringar og gode eksempel.

Fylkeskommunen har i 2024 arbeidd i samsvar med vedtatt handlingsplan (2023) for berekraftsnettverket. Vi har tatt med oss erfaringar frå nettverket inn i arbeid i fylkeskommunen, knytt til tema som eksempelvis måling og samfunnsflokke. Vestland fylkeskommune har deltatt som medarrangør i webinaret Bærekraftslunsj. Utover dette har vi i hovudsak arbeidd med berekraft etter same prinsipp som tidlegare år, innanfor spissa sektoroppgåver i einskilde avdelingar og politikkområde. Det kjem til uttrykk gjennom prosjekt, planprosessar, sakshandsaming, tiltaksutforming og økonomisk støtte til prosjekt og tiltak.

Analyse

Arealrekneskap

Arealrekneskap er eit viktig verktøy for arealplanlegging- og forvaltning. Det gir oversikt over arealbruk, planstatus, naturtypar og karbonlagring. Arealrekneskap er del av nasjonale forventingar og handlingsprogrammet i den regionale klimaplanen. Kommunal- og distriktsdepartementet rår kommunane til å inkludere arealrekneskap i kommuneplanen. Første rettleiar kom hausten 2023, og prosjektrapporten er klar.

I juni 2024 publiserte Vestland fylkeskommune den første versjonen av arealrekneskapen, med ei kartløyising og ein statistikkrapport for arealdisponeringa i fylket. Analysen viser at vedtekne planar

legg opp til om lag 70 prosent auke i utbygd areal. Samla har fylket ein planreserve på 255 000 dekar, tilsvarande storleiken på Osterøy kommune. Som bildet viser, omfattar dette området eit større areal enn Bergen. Planreserven omfattar areal for bustader, fritidsbustader, tenesteyting, idrettsanlegg og næring.

Verktøya skal vidareutviklast gjennom prosjektet NYVEST.



NYVEST-prosjektet

Vestland fylkeskommune samarbeider med Rogaland og Møre og Romsdal fylkeskommunar, Norsk institutt for naturforskning (NINA) og Vestlandsforskning i innovasjonsprosjektet NYVEST, støtta av Noregs forskingsråd. Prosjektet starta i februar 2024, med mål om å vidareutvikle metodar for regionalt arealrekneskap og finne nye løysingar for visning og analyse av arealdata.

Prosjektet heiter Nyskapande metodar for naturdata og arealrekneskap for å vise samspeleffektar mellom natur og klima på Vestlandet, og NYVEST i daglegtale.

Arealrekneskap for utsleppsreduksjon

I 2022 fekk fylkeskommunen Klimasats-støtte for å styrke bruken av arealrekneskap i kommunale planprosessar. Saman med kommunane Aurland, Vik, Voss og Sunnfjord har vi identifisert utfordringar og utvikla løysingar for berekraftig arealbruk. Vi hadde fleire storsamlingar med alle kommunane i fylket i 2024.

Ungdata

Ungdata er ei nasjonal undersøking som er finansiert via statsbudsjettet med tilskot frå Helsedirektoratet. Fylkeskommunen administrerer kontakt med kommunar og vidaregåande skular. Undersøkinga kartlegg helse, trivsel, skule, lokalmiljø og fritidsaktivitetar, men også rusmiddelbruk, seksualitet, risikoåtferd og vald hjå dei eldre elevane. Ungdata vert gjennomført kvart tredje år i Vestland.

Resultata frå 2024 syner at barn og unge i stor grad rapporterer om god livskvalitet, trivsel på skulen og tilfredsheit med lokalmiljøet. Jenter opplever utfordringar med stress og psykiske plager i større grad enn gutar. Dei fleste trur dei vil fullføre vidaregåande skule og har positive utdanningsambisjonar.

Resultata avdekkjer auka skjermbruk og variert deltaking i fritidsaktivitetar. Ungdata i Vestland har ein høg svarprosent: 69 prosent i vidaregåande, 80 prosent i ungdomsskulen og 83 prosent på 5.–7. trinn.

Vestlandsanalyse 2024/02: Korleis har skeiv ungdom i Vestland det?

Denne analysen kartlegg livskvalitet og trivsel blant skeiv ungdom i Vestland basert på Ungdata 2024. Rapporten viser at ca. 10 prosent av elevane i vidaregåande skule i Vestland identifiserer seg som skeive. Skeiv ungdom rapporterer om meir utanforskap, einsemd, hatefulle ytringar, færre faste vener og lågare framtidstru enn heterofil ungdom. Skeive er også mindre tilfredse med lokalmiljøet sitt og ønskjer i mindre grad å bli buande i heimkommunen. Samstundes er skeive meir politisk engasjerte og deltar oftare i kultur- og organisasjonsliv, men sjeldnare i idrett. Rapporten syner skilnader som kan ha konsekvensar for utdanning, arbeidsliv og samfunnsdeltaking.

Folkehelsearbeid

Folkehelsearbeidet i Vestland bygger på eit vitskapeleg fundament. Med eit godt kunnskapsgrunnlag og utstrekt samarbeid med ulike kompetansemiljø har vi eit oversiktsbilete på korleis vestlendingen har det. Folkehelseoversikt for Vestland 2023–2027 nyttar nasjonal, regional og lokal kunnskap for å identifisere folkehelseutfordringane våre:

1. sosial ulikskap i helse
2. demografiske endringar
3. psykisk helse og livskvalitet
4. klimaendringar

Folkehelseoversikta er del av kunnskapsgrunnlaget til ny utviklingsplan.

Handlingsprogram til Regional plan for folkehelse 2022–2025 er eit strategisk verktøy for folkehelsearbeidet. Gjennom om lag 40 tiltak samarbeider vi med kommunar, frivillige organisasjonar, statlege aktørar og kompetansemiljø. Folkehelsearbeidet er også forankra i andre regionale planar. I regional plan for klima 2023–2035 er klimarettferd og folkehelse eit plantema. Det betyr at vi skal vurdere sosiale konsekvensar av tiltaka våre, involvere vestlendingar når vi utviklar klimatiltak og skaffe meir kunnskap om klimarettferd og helsekonsekvensar. Klimaendringane er den største helsekrise i vår tid, og gode tiltak for klima er bra for helsa og omvendt. Regional plan for kultur 2023–2035 viser at kultur, bibliotek, friluftsliv, idrett og frivilligheita er viktige samarbeidsarenaer i folkehelsearbeidet.

Politisk organisering

Fylkestinget i Vestland 2023–2027

- Arbeiderpartiet (A): 12 representantar
- Høgre (H): 15 representantar
- Senterpartiet (Sp): 7 representantar
- Framstegspartiet (Frp): 9 representantar
- Miljøpartiet Dei Grøne (MDG): 3 representantar
- Sosialistisk Venstreparti (SV): 5 representantar
- Industri- og næringspartiet (INP): 3 representantar
- Kristeleg Folkeparti (KrF): 3 representantar
- Venstre (V): 3 representantar
- Raudt (R): 2 representantar
- Pensjonistpartiet (PP): 1 representant
- Bergenslisten: 1 representant
- Uavhengig: 1 representant

Møte og saker i folkevalde organ


Folkevalde organ	Tal møte 2024	Tal møte 2023	Handsama saker 2024	Handsama saker 2023
Fylkestinget	4 (9 møtedagar)	5 (11 møtedagar)	172	152
Fylkesutvalet	16 (19 møtedagar)	17 (20 møtedagar)	325	288
Finansutvalet	4 (4 møtedagar)	6	9	5
Hovudutval for opplæring og kompetanse	13 (14 møtedagar)	10	82	59
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	10	10	119	100

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering	11 (13 møtedagar)	10	147	190
Hovudutval for næring	9 (11 møtedagar)	11	109	75
Kontrollutvalet	8 (8 møtedagar)	7	108	79
Klagenemnda	10 (10 møtedagar)	9	52	51
Fylkesvalstyret	0	10	0	13
Administrasjonsutvalet	4 (5 møtedagar)	5	11	8
Yrkesopplæringsnemnda	9 (9 møtedagar)	9	28	21
Trafikktryggingutvalet	5 (5 møtedagar)	5	14	12
AU-delegeringsreglement/ reglementsutvalet	6 (6 møtedagar)	2	15	2
Fylkeseldrerådet	8 (8 møtedagar)	8	33	48
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	10 (10 møtedagar)	8	99	56
Valnemnda	4 (4 møtedagar)	11	14	17
Vestland ungdomsutval	7 (7 møtedagar)	6	45	38
Vestlandsrådet	3 (4 møtedagar)	4	21	11

Fylkeskommunen sine tenesteområde

Organisasjon og økonomi

Skildring av tenestekområde



Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Strategi 1.1: Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.

- Vestland fylkeskommune har synleggjort inntektstap av koronapandemien gjennom årlege budsjett og påfølgjande tertialrapportar. Inntektstapa kom særleg innan kollektivtransporten.

Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.

- Der det er relevant er innkjøpsseksjonen oppteken av å lyse ut anskaffingar som inkluderande eller reserverte kontraktar. Gjennom marknadsdialog med vekstbedrifter har vi fått tilbakemelding om at marknaden ønskjer bruk av inkluderande heller enn reserverte kontraktar.

- Krav til inkluderande arbeidsliv er innarbeidd i rutinane og malane våre. I 2024 har vi gjennomført ei reservert anskaffing for vaskeritenester og to inkluderande anskaffingar for kantinetenester.
- Vi har deltatt på frukostmøte om inkluderande arbeidsliv i regi av Bergen Næringsråd.
- Som ein av dei største arbeidsgjevarane i Vestland er fylkeskommunen oppteken av å praktisere ein personalpolitikk som støttar opp om eit inkluderande arbeidsliv. Her samarbeider vi mellom anna tett med Nav. Bevisstgjerings av mangfald og ulikskap som ein styrke for verksemda er ein sentral berebjelke i organisasjonsstrategien. Denne vart arbeid fram saman med tilsette, tillitsvalde og verneombod i 2023. Arbeidet med implementering og oppfølging starta i 2024 og er godt i gang. Fokusområdet sosial berekraft inngår også i sertifiseringsordninga Likestilt arbeidsliv, som Vestland fylkeskommune har arbeidd med sidan 2023. Vi vart sertifiserte på fire av sju satsingsområde våren 2024, og resertifiseringa med dei tre siste satsingsområda finn stad i 1. kvartal 2026.
- Fylkestinget løyvde fem millionar kroner til arbeid med inkluderande rekruttering i 2025. Forarbeidet starta hausten 2024.

Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

- Det er innarbeidd eit nytt forskriftskrav i alle malar og rutinar om å vekte miljø og klima 30 prosent i alle anskaffingar frå 01.01.24.
- Som følge av 30 prosent-kravet har innkjøpsseksjonen arbeidd med å auke kompetansen i å vurdere kvar miljøbelastninga i den einskilde anskaffing ligg. Arbeidet er gjort både internt i avdelinga og mot resten av fylkeskommunen. Det nye forskriftskravet aktualiserer behovet for å bruke analysar og uavhengige tal til dette, sjølv på mindre anskaffingar. Det bidreg til at vi nyttar krav og kriterium som adresserer den faktiske miljøbelastninga.
- Etterspurnaden etter rapportar på brukt drivstoff knytt til leveransar til fylkeskommunen, har auka frå eit par leverandørar i 2023 til 15 leverandørar i 2024. Nokre av leverandørane rapporterer svært bra, men vi ser også ein generell umodenskap på denne typen rapportering i marknadane våre. Erfaring frå 2023 gjorde at vi i 2024 sentraliserte dette arbeidet til eit lite tal personar som utviklar kompetanse og erfaring innan feltet. Det var eit positivt tiltak.
- I samarbeid med innkjøpsseksjonen er det oppretta ein køyretøyansvarleg i 100 prosent stilling i avdeling for opplæring og kompetanse. Dette er heilt essensielt for å sjå behovet for køyretøy på tvers av heile fylkeskommunen i samanheng. Slik kan vi på sikt nytte køyretøya meir rasjonelt og spare miljø og klima. Det er så langt avdekka 810 køyretøy av alle typar i fylkeskommunen.
- Innkjøpsseksjonen har deltatt på fleire frukostseminar (i regi av Bergen Næringsråd, Klimapartnere Vestland m.fl.) om bruk av klima- og miljøkrav i offentlege anskaffingar

Mål 4 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

- Vi formidlar kva som skjer på skulane våre gjennom nyheitssaker på vestlandfylke.no og i sosiale medium. Slik viser vi fram tilboda ved skulane og skulemiljøet.
- Fylkeskommunen skal vere ein pådrivar for at lokalsamfunn og opplæringsinstitusjonar sikrar seg kunnskap om korleis vi bygger trygge og gode oppvekstmiljø og samhandlar for å oppnå dette. Gjennom årsmeldingar, arbeid med enkeltsaker og løpande informasjonsarbeid arbeider elev- og lærlingomboda og mobbeomboda for å støtte opp om denne satsinga. For skuleåret 2023/24 handsama omboda til saman 437 enkeltførespurnadar. I tillegg har vi gjennomført ulike oppdrag for å bidra til førebygging og kompetanseheving i samsvar med mandata.

Årsverk

	Faktiske årsverk 2024			
Org.eining	Fast	Vikar	Midlertidig	Total
Fylkesdirektør	1,00	0,00	0,00	1,00
Organisasjon og økonomi	2,00	0,00	0,00	2,00
Juridisk seksjon	20,48	0,54	0,11	21,13
Økonomiseksjonen	29,49	0,00	0,62	30,11
Stab organisasjon og økonomi	7,59	0,00	0,32	7,91
Innkjøpsseksjonen	18,85	0,00	0,00	18,85
HR-seksjonen	40,88	0,00	0,13	41,01
Kommunikasjonsseksjonen	12,06	0,92	0,00	12,98
Total	132,35	1,46	1,18	134,99

Status økonomi i rammeområdet


Beløp i 1000

Ansvarsgruppe	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
105-Fylkesdirektør	3 138	3 016	3 119	103	3,3 %
110-Organisasjon og økonomi	5 190	6 384	6 409	25	0,4 %
111-Juridisk seksjon	20 536	23 591	23 978	387	1,6 %

Ansvarsgruppe	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
115-Økonomiseksjonen	33 615	45 696	41 564	-4 132	-9,9 %
116-Stab organisasjon og økonomi	8 461	2 581	5 027	2 446	48,7 %
120-Innkjøpsseksjonen	19 688	18 851	20 199	1 348	6,7 %
125-HR-seksjonen	51 296	49 152	53 769	4 617	8,6 %
129-Kommunikasjonsseksjonen	12 119	13 987	14 346	359	2,5 %
Sum	154 043	163 258	168 410	5 152	3,1 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)




Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	1,81 %	4,06 %	5,87 %

IKT og digitalisering

Skildring av tenestekområde



Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.

- Fylkestinget vedtok temaplan for tannhelsetenesta i oktober 2024. Eit av innsatsområda i planen er kompetanse og forskning. Vestland tannhelseteneste skal bidra inn i ein målretta, heilskapleg og koordinert nasjonal innsats for forskning, utvikling og innovasjon innanfor tannhelsetenesta.

Strategi 1.4: Vestland fylke skal aktivt søke dei moglegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

- Møta i fylkestinget, fylkesutvalet og nokre møte i andre organ blir sende direkte på nett. Opptaka av møta blir også tilgjengelege i etterkant av møta. Alle sendingar og opptak frå politiske møte i Vestland fylkeskommune frå og med 2023 er gjort tilgjengeleg på ei eiga nettside.
- Vestland fylkeskommune nyttar elnnsyn som publiserings- og innsynløysing. Avdeling for IKT og digitalisering starta i 2024 ei konseptutgreiing som tematiserer forenkling, forbetring og fornying av prosessar og løysingar for innsynshandtering. Arbeidet vil mellom anna greie ut fulltekstpublisering og framtidig bruk og tilpassing av løysingar. Konseptutgreiinga vert avslutta første kvartal 2025 og vil utgjere forarbeidet for eventuell prosjektgjennomføring.

Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

- IKT-seksjonen har inngått samarbeid med 100%-klubben til Atea. Dette er eit samarbeidsforum der vi kan sparre med andre bedrifter, samtidig som vi har fri tilgang på rådgjeving frå Atea og til rapportar som viser oppnådde resultat.
- Gjennom porteføljeløypa har vi sett i verk fleire tiltak for å forenkle, fornye og forbetre løysingar. Det gir betre intern ressursutnytting og aukar merksemda vår på gevinstrealisering i Vestland fylkeskommune.
- Avdeling for IKT og digitalisering bidreg også aktivt i samarbeid i regionale forum og fagnettverk for å sikre felles vidareutvikling av gode tenester og gevinstrealisering.
- Tannhelsetenesta jobbar målretta med folkehelse og helseførebyggjande arbeid. Målet med langsiktig helsefremjande arbeid er at pasientar, særskilt barn og unge, skal få ei god oral helse, som vil krevje lite behandling i vaksenlivet. Når behovet for operativ tannbehandling vert redusert, vil vi få lågare klimaavtrykk i framtida.

Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

- Klimaomsyn er sentralt i innkjøpsavtalane til Vestland fylkeskommune. Avdeling for IKT og digitalisering har særskilt merksemd på resirkulering av brukt utstyr.
- I innkjøpsavtalane til tannhelsetenesta er det tatt omsyn til transport, leveringsmetode og ordningar for handtering av spesialavfall.

Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

- Saman med Skyss har vi etablert ei løysing for deling av sanntidsdata i kollektivtransporten.
- Vi jobbar med kontinuerleg utfasing og oppgradering av digital infrastruktur for å sikre mobilitet og gode digitale tenester.
- Vi har modernisert fleire komponentar i infrastrukturen innanfor nettverk og AV.
- Avdelinga har i 2024 fullført omlegginga til Windows 11 med hybrid skyløysing og moglegheit for å ta i bruk Windows Hello.
- Vi har hatt i underkant av 40 lærlingar innanfor IKT- og dataelektronikarfaga.
- Det er teke i bruk verktøy og metodikk for prosjektstyring, og prosjektleiarar og prosjekteigarar har fått opplæring.
- Vi jobbar strategisk med metodikk for å setje brukar i sentrum gjennom strategi- og målarbeid. Tenestedesign er ein viktig del av alle prosessforbetringar.
- Vi har sett i gang evaluering av porteføljestyling av IKT- og digitaliseringsprosjekt for å optimalisere og forbetre prosessen frå behov til løysing.
- Avdelinga har delteke i arbeidet med den nye organisasjonsstrategien og bidratt til at strategiar knytt til digitalisering er gjort synleg i ambisjon 3.
- Vi har jobba målretta med verksemdsarkitektur ved å mellom anna dokumentere alle system i organisasjonen. Denne oversikta inneheld og viktige metadata om systema, som til dømes systemeigar og systemforvaltar.
- Det er oppretta nye arkitekturprinsipp og retningslinjer for systemeigarar og systemforvaltarar.
- Vi har vidareutvikla intern chatbot (Botolf) og ekstern chatbot (Ask). Dette er virtuelle assistentar, og tenestene er under stadig utvikling. Vi har tatt i bruk generative språkmodellar som støtteverktøy til chatbotane.
- Vi har delteke i KS sitt arbeid med felles søkarportal for tilskotsordningar, rutinar og samordning av fristar.
- Vi har levert standardiserte og tilpassa løysingar til store byggeprosjekt, som rehabilitering av fylkeshuset på Leikanger.
- Tannhelsetenesta har tatt i bruk fleire digitale skjema og i større grad robotisert manuelle oppgåver i tenesta.

Mål 4 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

- Temaplanen for tannhelsetenesta vart ferdigstilt i oktober 2024.

Årsverk

	Faktiske årsverk 2024			
Org.eining	Fast	Vikar	Midlertidig	Total
IKT og digitalisering	1,00	0,00	0,00	1,00
Sikkerheit og støttetenester	23,96	1,09	1,28	26,33
Digitalisering	14,47	0,25	0,37	15,09
IKT	84,16	0,00	18,14	102,30
Total	123,59	1,34	19,79	144,72


Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvarsgruppe	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024	2024		
150-IKT og digitalisering	1 999	2 168	2 156	-12	-0,6 %
151-Sikkerheit og støttetenester	22 775	24 175	27 646	3 471	12,6 %
155-Digitalisering	9 737	14 973	15 882	909	5,7 %
160-IKT	155 315	154 318	147 695	-6 624	-4,5 %
Sum	189 827	195 635	193 378	-2 257	-1,2 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)




Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	2,53 %	5,00 %	7,53 %

Eigedom og utbygging

Skildring av tenestekområde



Avdelinga eigedom og utbygging (EIU) blei oppretta 1. oktober 2023 som ei ny avdeling. Ho var då sett saman av den tidlegare eigedomsavdelinga i avdeling organisasjon og økonomi og Bybanen utbygging som to sjølvstendige einingar under avdelingsdirektør Jostein Fjærestad. Grunna endringar knytt til utbygging av bybanen til Åsane, blei talet på tilsette i Bybanen utbygging redusert i 2024 og er no ein seksjon på lik linje med dei andre seksjonane i avdelinga.

Avdelinga eigedom og utbygging i Vestland fylkeskommune har to hovudoppgåver: å vere byggherre for alle bygg og eigedommar Vestland fylkeskommune eig eller nyttar, og å byggje ut og setje i drift infrastrukturen til Bybanen.

Byggherrefunksjonen skal utøve profesjonell forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling, som sikrar at heile eigedomsmassen fyller lovpålagde krav, politiske vedtak og brukarbehov. Samla areal på eigedomsmassen er ca. 800 000 m² og omfattar mellom anna vidaregåande skular, tannklinikkar, kollektivanlegg og kultur- og administrasjonsbygg.

Utbyggaransvaret for infrastrukturen til Bybanen omfattar planlegging, prosjektering, grunnnerv, utbygging og å setje Bybanen i drift i samsvar med politiske vedtak, reguleringsplan og gjeldande tekniske spesifikasjonar. Utbygginga blir finansiert som del av Bypakke Bergen og Miljøløftet, eit

samarbeid mellom stat, kommune og fylkeskommune. Som del av prosjektet bygger Bybanen utbygging også tilstøytane gang- og sykkelveggar, parkar og byrom med tilhøyrande infrastruktur over og under bakken.

Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Strategi 1.4: Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

- Fylkeskommunen har fleire prosjekt der vi samarbeider med kommunar om bygging av infrastruktur og fleirbrukshus. Det er bygg der tannklinikk, bibliotek, kultursal eller idrettshall kan vere lokalisert i same bygg som ein vidaregåande skule. I 2024 heldt eigedomsavdelinga fram med å byggje fleirbruksbygg saman med blant andre Askøy kommune, Kvam herad og Bergen kommune.

Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

- Bybanen utbygging har gjennom 2024 utarbeida en berekraftsstrategi for prosjektet. Denne skal danne grunnlaget for korleis vi skal utforme og gjennomføre kontraktar, og jobbe for å optimalisere klimautslepp, konsekvensar for samfunnet og økonomi.
- Vi har jobba med å implementere BREEAM Infrastructure som metode for å følge opp og dokumentere berekraftsarbeidet i byggetrinn 5 av Bybanen.
- Fylkeskommunen har ein stor bygningsmasse med mange bygg som varierer i alder og standard. For å oppretthalde venta levetid på bygga må eigedomsavdelinga ta omsyn til moglege verknader av auka klimabelastning. Berekraft er gjennomgåande i planlegging av utbygging/renovering og i drift av bygga. Det inneber arealbruk, materialval, ombruk, energibruk, utslepp, bruk av ny teknologi med vidare. Målet er at bygga skal vere tilpassingsdyktige og ta omsyn til behov både i dag og i framtida. Vestland fylkeskommune arbeider med å oppfylle berekraftsmåla til FN om reduksjon av negativ påverknad på miljøet

med særleg vekt på luftkvalitet og avfallshandsaming. Det gjer vi gjennom følgjande krav og tiltak:

- Alle nybygg med investeringskostnad over 100 mill. kr skal tilfredsstillе krava til sertifiseringsstandarden BREEAM excellent.
 - Investeringsprosjekt skal frå 2024 ha 91 prosent sorteringsgrad på bygningsavfall. Det er lagt opp til ei progressiv auking på sorteringsgrad fram til 95 prosent i 2030.
- Vidare arbeider vi med å etterleve berekraftsmåla til FN om ansvarleg forbruk og produksjon. Strengje og aukande krav knytt til CO₂-ekvivalentar i nye prosjekt er naudsynt for å nå måla i utviklingsplanen. Dette gjer vi mellom anna gjennom følgjande krav og tiltak:
 - Alle nybygg med investeringskostnad over 100 mill. kr skal maksimalt ha CO₂-utslepp på 410–500 kg/m² CO₂-ekvivalentar.
 - Det er eit mål å oppnå årleg reduksjon på tre prosent i tilført ekstern energi i drifta av den totale bygningsmassen. For 2024 har vi oppnådd eit forbruk på 120 kWh/m², som er ein reduksjon på omlag 2,2 prosent samanlikna med 2023.
 - Vi har starta et prosjekt med ettermontering av solceller på skulebygg. Dette skal redusere behovet for kjøpt energi i framtida.
 - Det er laga ein plan for næringsavfall som gjeld henting og resirkulering av avfall frå eigedomar fylkeskommunen har ansvar for, og der inndeling og innsamling i ulike fraksjonar er lik for heile fylket. Næringsavfall skal hentast i samsvar med ein rammeavtale med høge krav til miljø.
- I tråd med fylkestingsvedtaket om seriøsitetskrav til bygge- og anleggskontraktar, har eigedomsavdelinga gjennomført seriøsitetskontrollar i alle investeringsprosjekt i tråd med risikovurdering og revisjonsplan. I tillegg har vi sett i gang eit prosjekt for å kunne gjennomføre systematiske kontrollar av rammeavtalar for handverkartenester i bruk for ombygging og vedlikehald.

Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

- Fylkeskommunen kjøper varer, tenester og investerer for fleire milliardar kroner kvart år. Det gjev rom for å stille tydelege krav til leverandørane våre for å påverke samfunnsutviklinga i ønska retning. Dette vert spegla både i innkjøpspolitikken og i forbetra kontraktskrav for klima og miljø, mellom anna for investeringsprosjekt for nye bygg og vidare utbygging av Bybanen.
- Eigedoms- og utbyggingsavdelinga fekk i 2024 klimasatsmidlar frå Miljødirektoratet til systematisk arbeid med klimakrav i entreprisanskaffingar innan bygg og anlegg. Vi har starta eit prosjekt med mål om å oppdatere klima- og miljøkrava i entreprisanskaffingane for å sikre at dei er tidsriktige, tilstrekkeleg ambisiøse og støttar opp under dei overordna måla våre for berekraftig samfunnsutvikling. Prosjektet vil arbeide med heile breidda av prosjekt i avdelinga, frå rehabilitering og mindre nybygg til store skulebygg og Bybanen byggetrinn 5.

Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.

- Askøy vidaregåande skule er det første byggeprosjektet i den vidare utviklinga av Myrane. Prosjektet blei overlevert til Vestland fylkeskommune i 2024. Myrane ligg nær Kleppestø, som er kommunesenter og den sentrale staden for all offentleg kollektivtransport. Den nye skulen blei planlagt slik at Askøy kommune kunne etablere fasilitetar for idrett der det eksisterande skulebygget blei rive. Skulen blei planlagt i tett samarbeid med Askøy kommune, og kommunen sine behov for vaksenopplæring og areal til kultur/kultursal er tekne inn. Vidare er prosjektet passa inn i ny fylkeskommunal infrastruktur og det kommunale vegnettet.
- Kvam herad og Vestland fylkeskommune har i fleire år arbeidd med sambruk og samlokalisering mellom nye Kvam vidaregåande skule og kommunale tenester for heradet. Det har vore eit mål å optimalisere offentleg ressursbruk, styrke Norheimsund som regionsenter og bidra til sosial berekraft i regionen. Kvam vidaregåande skule er i dag lokalisert både i Steinsdalen i Norheimsund og i Øystese. Det er ein føresetnad i skulebruksplanen frå 2016 at avdelingane skal samlokaliseras i eit nytt skulesenter. I 2019 vedtok fylkesutvalet at samlokaliseringa skal skje på den gamle ungdomskuletomta i Norheimsund, og at skulen skal byggjast ut i to fasar. Det er avgjerande for skulen å ha gode kvalitetar i læringsmiljøa og i utdanningsprogramma, slik at han kan vere eit konkurransedyktig og føretrekt val for elevane i Kvam. Byggetrinn 1 blei overlevert til Vestland fylkeskommune i oktober 2024. Byggetrinn 2 skal etter planen stå ferdig i oktober 2025.

Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

- Bybanen i Bergen er ein del av satsinga på miljøvennleg og effektiv transport. I 2024 har arbeidet med neste byggetrinn til Åsane stoppa opp som følge av ueinigheit rundt traséval. Etter eit kompromissforslag startar det våren 2025 opp eit reguleringsarbeid for ny bybanetunnel bak Bryggen.
- Vi har sett i gang eit prosjekt for å sjå på løysingar for å bruke bygningsinformasjonsmodellar (BIM) av bygga som vegvisarar for publikum som skal besøke eller nytte bygga. Målet er å sikre betre tilgjenge til informasjon om universell utforming av skulebygg og tannklinikkar. Vi ser på moglegheita for om informasjonen kan vere tilgjengeleg gjennom nettsidene til skulen eller tannklinikken.

Årsverk

	Faktiske årsverk 2024			
Org.eining	Fast	Vikar	Midlertidig	Total
Eigedom	349,28	6,09	5,41	360,78
Bybanen utbygging	29,42	0,41	0,00	29,83
Total	378,70	6,50	5,41	390,61


Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvarsgruppe	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024	2024		
135-Eigedom	602 288	599 141	617 836	18 695	3,0 %
139-Bybanen utbygging	64	0	0	0	0,0 %
Sum	602 352	599 141	617 836	18 695	3,0 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	2,60 %	4,10 %	6,70 %

Tannhelse

Skildring av tenesteområde

Tannhelsetenesta er del av avdeling IKT og digitalisering. Rapporteringa på mål og strategiar i utviklingsplanen er difor gjort i avdelingskapittelet for avdeling IKT og digitalisering.

Oversikt for tal barn og unge i Vestland utan hol i tennene i 2024

3-åringar utan hol i tennene	95 %
5-åringar utan hol i tennene	84 %
12-åringar utan hol i tennene	62 %
15-åringar utan hol i tennene	43 %
18-åringar utan hol i tennene	32 %

Årsverk

	Faktiske årsverk 2024			
Org.eining	Fast	Vikar	Midlertidig	Total
Tannhelse	447,08	28,21	15,27	490,56
Total	447,08	28,21	15,27	490,56


Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvarsgruppe	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024	2024		
Sum	376 149	378 014	378 014	0	0,0 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)




Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	4,42 %	6,05 %	10,47 %

Næring, plan og innovasjon

Skildring av tenesteområde



Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Strategi 1.1: Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.

- Avdeling for næring, plan og innovasjon bidreg på mange måtar til verdiskaping i samfunnet, noko som truleg indirekte er med og minimerer skadeverknader av koronapandemien.

Strategi 1.2: Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.

- Invest in Bergen
 - bidrog i 2024 til etablering av tre nye utanlandske verksemder i regionen. I tillegg var vi i dialog med 24 verksemder om etablering i regionen (etablering ikkje avklart ved nyttår)
 - uttala seg i åtte høyringssaker som gjaldt rammevilkår for næringslivet
 - tok imot 14 delegasjonar frå det internasjonale næringslivet i 2024. Delegasjonane kom frå desse landa: Kina, USA, Polen, Singapore, England, Frankrike, Tsjekkia, Sør-Korea, Finland og Litauen
 - gjennomførte tre arrangement og bidrog på fleire konferansar og messer for å synleggjere næringslivet i regionen
- Vi lyste ut tilskot til berekraftig verdiskaping 2024. Prosjekta som fekk støtte, er vurderte å ha svært god kvalitet. 26 utviklingsprosjekt fekk til saman 20 millionar kroner. Sirkulære verdikjeder for skip og Helserelatert kunnskaps- og næringsklynge i Sogn og Fjordane er døme på utviklingsprosjekt som fekk tilskot.
- Etablerersenteret gjennomførte 200 rådgjevande samtalar med gründerar i samband med oppstart av eiga verksemd.
- Etablerersenteret arrangerte 19 kurs og nettverkssamlingar for gründerar om oppstart, økonomi og marknadsføring.
- Vi har vore ein bidragsytar og pilot i arbeidet med En vei inn. I 2024 vart dette utvida til å bli eit landsdekkande tilbod. Gjennom nettsida enveiinn.no skal det bli enklare for entreprenørar og verksemder å kome i kontakt med rett aktør i verkemiddelapparatet.
- Etablerersenteret er ein av aktørane inn i En vei inn. Etablerersenteret fekk 150 førespurnadar gjennom den nye nettsida i 2024.
- Vi sette i 2024 i gang ei kartlegging for å styrke førstelinjetenesta i Vestland. Vi gjekk i dialog med dei fleste kommunane i fylket og skal bruke informasjonen som grunnlag til å setje i gang tiltak. Det vart avdekkja behov for eit nettverk for førstelinjetenesta.
- I 2024 har kjernegruppa hatt to strategisamlingar og regelmessige digitale møte knytt til utvikling av En vei inn og verkemiddelapparatet i Vestland. Kjernegruppa arrangerte ein workshop for førstelinjetenesta.
- Vi inngjekk samarbeidsavtaler med aktørar som bidreg til å skape nye arbeidsplassar i Vestland. I 2024 inngjekk vi treårige avtaler (2024–2026) med 12 næringshagar/inkubatorar og 26 andre utviklingsaktørar.
- Vestland fylkeskommune sluttførte samarbeidet med Riga planregion om entreprenørskap i EØS-prosjektet Entrepreneurship support measures in the Riga Planning Region.
- Vi følgjer opp temaplan landbruk og laga også i 2024 ein årsplan knytt til temaplanen.
- Kommunane har fått god oppfølging knytt til viltforvaltning, både gjennom Teams-møte og lokale, fysiske møte.
- Vi arbeider med skogbruk mellom anna gjennom fagleg og økonomisk bidrag i Kystskogbruket.
- Gjennom ein samarbeidsavtale med Norsk Hjortesenter har fylkeskommunen arbeidd for å gje forbrukarane tilgang til kortreist hjortekjøtt. Meir viltkjøtt ut i marknaden vil også bidra til auka verdiskaping hos grunneigarar, jegerar og på små slakteri og viltmottak.
- Vi samarbeider om reiselivsinnsatsen i Reiselivsforum Vestland, der Innovasjon Noreg Vestland, Statsforvaltaren, destinasjonsselskapa i fylket og Fjord Norge møtest.

- Vi har saman med dei andre to fylkeskommunane på Vestlandet ein avtale med Fjord Norge, som hovudsakleg rettar seg mot utanlandske gjester til landsdelen. Avtalen bind opp 6 mill. kr frå fylkeskommunen, og i 2024 støtta vi også arbeidet til destinasjonsselskapa med 3,5 mill. kr.
- FORREGION Vestland har gjennomført rådgivande kompetansemekling med 150 bedrifter i Vestland i 2024. Det blir gjort for å avdekke forskingsutfordringar og gi hjelp til etablering av FoU-prosjekt (forskins- og utviklingsprosjekt) i samarbeid med relevant forskingsorganisasjon.
- FORREGION Vestland har støtta 19 prosjekt i bedrifter med mål om å starte ein FoU-prosess som kan leie til berekraftige innovasjonar i næringslivet. Alle prosjekta er i samarbeid med ein FoU-organisasjon.
- FORREGION Vestland har finansiert seks møteplassar (FoU-møte) i samarbeid med ein næringshage, ei klynge eller ein inkubator. Der kjem bedrifter og forskingsmiljø saman for å drøfte løysingar og vidare arbeid knytt til konkrete kunnskapsutfordringar for auka verdiskaping.
- Vi har støtta ni prosjekt gjennom tilskotsordninga for samarbeid om større søknader. Midlane har gjort det mogleg for aktørar i regionen å etablere samarbeid og førebu søknader til nasjonale og internasjonale forskings- og innovasjonsprogram.
- Vi har etablert ei eiga kunnskapsbasert satsing på sirkulær økonomi, som skal tilby kompetanse og rettleiing inn i viktige prosessar knytt til dette.
- I løpet av dei tre siste åra er det etablert fire studiesenter i Vestland, med økonomisk støtte frå både nasjonale styresmakter og frå Vestland fylkeskommune. Målet er å gjere utdanning meir tilgjengeleg uavhengig av kvar folk jobbar og bur. I 2024 inngjekk Vestland fylkeskommune samarbeidsavtalar med studiesentera.
- Vestland fylkeskommune har i 2024 kombinert nasjonale og regionale rapportar med eigne data og analysar for å utvikle statistiksider for verdiskaping og verkemiddelapparatet. Rapportane og dashboarda viser kva næringar som ligg til grunn for verdiskapinga, og korleis verdiskapinga fordeler seg i ulike delar av Vestland. Alle kommunane i Vestland får også tilbod om ei presentasjonspakke til bruk i planlegging og kommunikasjon.
- Vi var sentrale då firepartssamarbeidet Missions initierte ei nasjonal arbeidsgruppe om kartlegging og utvikling av kritisk kompetanse for bedrifter som skal realisere grøne verdikjeder gjennom industrielle symbiosar og sirkulærøkonomiske løysingar. Relevante verktøy og ressursar er samla på [nettsidene til Grøn region Vestland \(under kompetanse\)](#).
- Støtteordninga bedriftsintern opplæring har løyvd 5 371 635 kr til 28 verksemder i 2024. Midlane vart nytta til opplæring som skal gjere bedriftene betre rusta til å gjennomføre omstillingsprosessar i tråd med måla i den regionale planen for innovasjon og næringsutvikling.
- I 2024 revitaliserte vi statistikkutvalet til Kompetanseforum Vestland. I statistikkutvalet skal Vestland fylkeskommune saman med Nav Vestland vidareutvikle kunnskapsgrunnlaget for kompetanse i arbeidslivet i Vestland. Vi skal også lage nyttige analysar for Kompetanseforum Vestland, fylkespolitikarar og administrasjonen.

Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.

- Vestland fylkeskommune var vertskap for årsmøtet i Nordsjøkommisjonen (NSC) i Bergen i juni 2024. Der deltok om lag 80 politiske og administrative representantar frå regionar rundt Nordsjø-bassenget. Fylkesordførar Jon Askeland opna møtet. Den siste dagen vart det arrangert tre studiebesøk, inkludert byvandring i Bergen, besøk til innovasjonsmiljøet på Marineholmen og Energiparken i Øygarden.
- Arbeidet i NSC skjer hovudsakleg i tematiske arbeidsgrupper. Alle gruppene har hatt jamlege fysiske og digitale møte gjennom året, der representantar frå Vestland har delteke. Frå 2024 har Helge Stormoen (FrP) vore fast nasjonal representant i styret for NSC og fast vararepresentant i styret for Conference of Peripheral and Maritime Regions (CPMR). Han har delteke på alle styremøta. Vestland fylkeskommune har også hatt ansvar for koordinering og informasjon til dei andre norske regionane.
- Grøn region Vestland har i 2024 jobba aller mest med å etablere ein operativ struktur for prosjektet. Det er oppretta tre arbeidspakkar innan hub-koordinering, dei fire barrierane (kapital, kraft, kompetanse og infrastruktur og areal) og gevinstrealisering og kommunikasjon.
- Fylkestinget løyvde 15 millionar til oppfølging av dei grøne hubbane. Det vart etablert ei eiga utlysingsordning etter vedtak i hovudutval for næring, med krav om å etablere industriell symbiose og arbeide strategisk med barrierane.
- Dashboardet for Grøn region Vestland som vart lansert på slutten av 2023, vart vidareutvikla i 2024. Det bidrog til å synleggjere utfordringar i resultat for både barrierar, hubbar og overordna effektmål.
- I regi av Grøn region Vestland vart det gjennomført ulike arrangement. Eitt av dei var ein rundebordskonferanse, der vi kopla sentrale aktørar frå industrielle knytnepunkt med aktuelle statsrådar og partane i arbeidslivet for å diskutere korleis vi saman kan redusere utslepp. I tillegg er det gjennomført webinar og digitale hub-samlingar, om viktige tema som treff hubbane.
- Vi lyste ut 5,1 millionar under ordninga Forprosjekt – Nye utdanningstilbod, som ein del av FORREGION Vestland. Målet er å støtte utviklinga av nye utdanningstilbod, som er særleg relevante for arbeidslivet i Vestland, med særskilt merksemd på distriktsområde.

Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

- Fylkesutvalet vedtok årsplan 2024 som oppfølging av handlingsprogram 2022–2025 for den regionale klimaplanen. Årsplanen inneheld klimatiltak på tvers av alle avdelingar i fylkeskommunen, som del av organisasjonsansvaret avdelinga har for klima.

- Klimabudsjettet vart vidareutvikla som ein integrert del av økonomiplanarbeidet i fylkeskommunen.
- For første gong har vi inkludert naturkonsekvensvurdering av utvalde prosjekt i investeringsbudsjettet for 2025 i økonomiplanen.
- 135 personar frå heile landet deltok på klimaomstillingskonferansen i Sogndal i april 2024. Det var tilsette frå kommunar og fylkeskommunar, i tillegg til representantar frå forskingsmiljø, statlege etatar og næringslivet. Fylkeskommunen har ansvar for konferansen, som vert gjennomført i tett samarbeid med samarbeidsaktørar. Årets tema var «Kva har vi lært av Hans? Korleis blir vi klar til Grete?».
- Vi starta satsinga KlimaVestland. Der set vi søkjelys på klimaomstilling i kommunane, med verktøy som rettleiing, nettverksbygging og kompetanseheving om klimaomstilling.
- Forskingsprosjektet Klimabudsjett 2.0 vart avslutta i desember 2024. Siste rapport om forbruk og utslepp i fylkeskommunen handla om handlingsrommet vi har til å redusere forbruksbaserte utslepp, saman med ei inspirasjonsliste med 230 tiltak vi kan gjennomføre. Denne lista vart brukt ved to arbeidsverkstadar for klimanettverket i Vestland. Rapporten vart diskutert på Arendalsveka, og vi lanserte han digitalt med 50 deltakarar.
- Vi gjennomførte det første møtet i Klimaråd Vestland med nyvalde politiske deltakarar. Rådet blir leia av fylkesvaraordførar Stian Jean Opedal Davies.
- Vi delte ut 8,4 mill. kr i tilskot til 17 prosjekt ute i kommunane gjennom tilskotsordning for berekraftig samfunnsutvikling. Ordninga gjeld dei tre innsatsområda klima og miljø, by- og stadutvikling og sosial utjamning.
- Solstrand Hotel og Bad fekk klima- og miljøprisen for 2024. Dei fekk prisen for klima-, miljø- og berekraftsarbeid i 40 år.
- Vi søkte og fekk innvilga tilskot frå Klimasats til eit prosjekt for å utvikle ein metodikk for å vurdere transformasjons- og restaureringspotensiale i allereie utbygde areal i kommunane. Hovudtyngda av arbeidet blir utført i 2025.
- Vi arrangerte to frukostmøte (Berekraftig frokost) i samarbeid med Bergen kommune, Statsforvaltaren i Vestland, Universitetet i Bergen, Bergen Arkitektthøgskole og Høgskulen i Vestland. Dette er ein møteplass for dialog, inspirasjon og erfaringsdeling om tema som energieffektive bygg og berekraftige bymiljø.
- Vi starta Klimasats-prosjektet som handlar om å bruke arealrekneskap som verktøy for utsleppsreduksjon. Kommunane Voss, Sunnfjord, Aurland og Vik er med i prosjektet.
- Vi søkte og fekk innvilga fem millionar frå Norges forskingsråd til eit innovasjonsprosjekt i offentleg sektor. Prosjektet heiter Nyskapande metodar for naturdata og arealrekneskap for å vise samspeleffektar mellom natur og klima på Vestlandet. Det skal utvikle metodikk med merksemd på heildekkande naturdata og bruk i avgjerdsprosessar.
- Plankonferansen 2024 vart gjennomført i samarbeid med Statsforvaltaren i Vestland. Det var 300 deltakarar frå kommunane i Vestland, og hovudtema var Omstilling til berekraft – planlegging for næringsutvikling.
- Vestland fylkeskommune har sett i gang eit større samhandlingsprosjekt som heiter Styrka marin innsats – berekraftig sjømat. Det skal fremje verdiskaping frå akvakultur og sjømatproduksjon, gjennom å redusere avtrykk på naturmangfaldet, klima og miljø, og fremje betre fiskevelferd.
- Vi samarbeidde med Bergen kommune og andre aktørar om prosjektet One Ocean Havbyen Bergen. Den raude tråden er å legge til rette for berekraftig utvikling med utgangspunkt i havressursane.

- Fylkestinget vedtok den første strategien for ladetilbod for tunge køretøy i fylket i juni.
- Totalt ni hurtigladarar på seks ladeplassar i fylket fekk til saman nær fem millionar kroner, med hovudvekt på ladeplassar som er aktuelle for drosjar.
- I 2024 var det ti år siden Klimapartnere Hordaland vart stifta av Norsk Klimastiftelse og fylkeskommunen. Målet var å fremje utsleppskutt ved å fungere som ein koplingsboks mellom offentlege og private verksemder, kultur og akademien. Klimapartnere har etablert seg til å bli ein av dei fremste pådrivarane for grøn næringsutvikling i Vestland. I 2024 var det meir enn 80 partnarar i nettverket. Tiårsjubileet vart markert under toppleiar møtet i oktober, med over 80 deltakarar.
- Klimapartnere Vestland delte ut sin første pådrivarpris i 2024. Denne gjekk til Mette Nygård Havre for hennar sterke initiativ, smittande engasjement og handlekraft for klimasaka dei siste ti åra.
- I jubileumsåret gjennomførte Klimapartnere tolv arrangement. Her vart mellom anna partnarane sine eigne grønne løysingar og spyspissprosjekt diskuterte. Utsleppsfrie anleggsplassar, bildeling på arbeidsplassen og grønne innkjøp er noko av det partnarane i nettverket har arbeidd med. 73 løysingar med detaljert skildring av klimatiltak frå verksemdene i Klimapartner Vestland er publiserte i den grønne løysningsbanken.
- Deltakarar i Klimapartner-nettverket i fylket har vore innleiarar under seks arrangement i regi av Klimapartnere nasjonalt.
- I 2024 har Klimapartnere gjennomført publikumsretta arrangement på klimafestivalen Varmere, Våtere Villere og på Bergen Internasjonale Filmfestival.
- Utviklingsplan 2024–2028 slår fast at overgangen til fornybar energi er ein premiss for at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket og nå andre berekraftsmål.
- Andre del av Regional plan for fornybar energi 2023–2035 vart vedteken i 2024.
- Vestland fylkeskommune gav tilskot til utvikling av ein erfaringsbasert mastergrad innan fornybar energi i regi av Universitetet i Bergen
- I 2024 jobba vi med å posisjonere Vestland i verdikjeder for fornybar energi.
- Vestland fylkeskommune hadde innspel til regjeringa sitt arbeid med industrimeldinga. Her vart mellom anna kraft løfta fram som ein av barrierane til Grøn region Vestland. Ambisjonane i Vestland knytt til fornybar energi vart også synleggjorde.
- Fylkeskommunen hadde møte med politisk leiing og Fjaler kommune om kraftforsyning til Lutelandet.
- Fylkesutvalet behandla ei sak om solkraftverk for første gang i 2024, då fylkesutvalet gav positiv uttale til Nesse solkraftverk i Etne kommune.
- Fylkesutvalet støtta planane om del-elektrifisering av Brage havvind med flytande havvind, då konsekvensutgreiinga for Brage Havvind vart handsama.

Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

- Klimatilpassingsprosjektet Medverknadsmetodar for berekraftig klimatilpassing vart avslutta i 2024. Prosjektet har testa medverknadsmetodar for datainnsamling, visualisering av klimakunnskap og deltaking i planprosessar i Kinn, Sunnfjord og Osterøy kommunar. Prosjektet har hatt som mål å integrere klimaomstilling og klimatilpassing i regionale og kommunale planprosessar, og å mobilisere til lokal klimakunnskap.

- Vi har deltatt i eit prosjekt som skal finne metodar for å analysere klima- og naturrisiko i alle kommunane i fylket. Prosjektet er i samarbeid med Vestlandsforskning og NORCE. Årdal kommune er prosjekteigar og pilotkommune. Vi deltar jamleg på møte om utvikling av verktøyet. Blant anna har vi deltatt på to samlingar, der vi jobba med å samle inn lokal kunnskap om klima- og naturrisiko, og såg på korleis vi kan bruke dette i analysane.
- Villreinen er raudlista og truga av stadig meir fragmenterte leveområde. Gjennom interregionalt samarbeid følgjer fylkeskommunen løpande opp arealforvaltning i fire nasjonale villreinområde. Det inneber tett samarbeid på tvers av fylkesgrensene og nært samarbeid med involverte kommunar, både politisk og administrativt.
- I 2024 kom stortingsmeldinga for villrein, Ein forbetra tilstand for villrein (Meld. St 18 (2023-2024)). Det er tydelege koplingar mellom målsettingar i stortingsmeldinga, det pågåande arbeidet med tiltaksplanar for villreinfjella og dei regionale plansamarbeida. Fylkeskommunen har administrativt vore tett påkopla alle desse prosessane. Politisk sett er fylket særleg påkopla dei regionale plansamarbeida for Hardangervidda og Nordfjella gjennom politiske råd. For Ottadalsområdet er det vedteke å opprette Ottadalsrådet, noko vi forventar å få gjort i 2025. Tilsvarende kan skje for Setesdalsheiane, dersom den regionale planen skal rullerast.
- Vestland fylkeskommune gjennomførte seminar om kunnskapsgrunnlaget for planlegging i sjø etter plan- og bygningslova under One Ocean Week. Seminaret var for kommunane, regionale statsetatar og andre interesserte.
- Vi gjennomførte to webinar om arealdelen i kommuneplanen, som del av rettleiing til kommunane i planlegging. Eitt av webinarane handla om arealstrategiar som ein viktig del av kommuneplanlegginga. Det andre webinaret handla om planprogram for arealdelen i kommuneplanen og krav om konsekvensutgreiingar.
- Vi gjennomførte 15 møte i regionalt planforum for å klarlegge og samordne regionale og nasjonale interesser i kommunal planlegging, og for å unngå motsegn.
- Gjennom innspel til 360 nye kommunale plansaker har vi hatt planfagleg rettleiing og teke vare på interesser innan klima, infrastruktur, kollektiv, natur, landskap, friluft og kultur. Vi deltok med høyringsinnspel i 21 ulike prosessar knytt til kommuneplanar. 7 av desse var arealdelen i kommuneplanen, og 14 var samfunnsdelen.
- Vi gjennomførte Klimathon 2024 på Haugesund bibliotek, saman med blant andre Haugesund kommune og Rogaland fylkeskommune. Temaet var kulturbaserte løysingar for klimatilpassing: Korleis kan kulturarven vår vere del av løysinga på klimatilpassing?
- Fylkeskommunen er vassregionstyresmakt og leiar Vestland vassregionutval. Vi har ansvar for å koordinere aktiviteten i vassregionen og i vassområda. Vi har laga eit planprogram for å oppdatere vassforvaltningsplanen for planperioden 2028–2033. I tillegg har vi utarbeidd eit dokument om viktige utfordringar i Vestland vassregion. Planprogrammet blir lagt ut til seks månadars høyring frå 1. januar 2025. Vestland vassregionutval slutta seg til plandokumenta i oktober 2024, og fylkesutvalet vedtok å leggje dei på høyring i november 2024.
- Vassområdeutvala i Vestland vedtek eigne aktivitetsplanar for året, og det er laga årsmeldingar for alle ni vassområdeutvala. Det har vore møte i vassområdeutvala, administrative grupper og faggrupper i alle vassområda. Fylkeskommunen har arrangert ei samling for alle vassområdekoordinatorane i Vestland. Dei har òg delteke på ei nasjonal samling for alle vassområdekoordinatorar i Kristiansand.
- Vi samarbeider tett med kommunar og statlege etatar for å sikre god miljøtilstand i elvar, vassdrag og sjø. Overvaking av vasskjemi, botndyr og algar knytt til næringsbelastning i vassdrag vart vektlagt i kommunane i 2024.

- Kommune- og fylkestingsvalet i 2023 førte til mange nye politiske leiarar av vassområdeutvala. Fylkeskommunen arrangerte eit webinar for nye politikarar og administrative kontaktpersonar i kommunane i mars 2024, for å introdusere dei til arbeidet med å få god miljøtilstand i vassdraga og sjøområda.
- Følgjande prosjekt i regi av vassområda er sette i gang i 2024:
 - Bonden og elva – prosjekt i Sunnfjord vassområde om å få til miljøforbetrande tiltak i landbruket.
 - Tre kurs om miljøforbetrande tiltak for sjøauren vart gjennomførte i Årdal, Vågsøy og Osterøy. Målgruppa var lokale lag og organisasjonar.
 - Kurs om spreidde avløp for kommunane i Sunnhordland vassområde.
 - Film om elvemuslingen i Mjåtveitelva i Nordhordland vassområde.
- Gjennom temaplanen for landbruk er det vedteke ein nullvisjon for å bygge ned landbruksjord i Vestland. Det var tema på to mentormøte for planleggarar i kommunane. Det er etablert ei arbeidsgruppe med representantar frå Statsforvaltaren, Innovasjon Noreg og fylkeskommunen. Gruppa skal planlegge og gjennomføre tiltak som skal bidra til at vi når målet.
- Vi har nokre geografiske område i fylket som mange tilreisande ønskjer å besøke. Det kan ha negativ effekt på naturen og lokalsamfunna. Vestland fylkeskommune har starta ei større satsing på besøksforvaltning, for blant anna å minske negative effektar av reiselivet i område med stort press. Totalt 22 kommunar er med i satsinga.

Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

- Vi har samarbeidd på tvers av avdelingar med innkjøp som verktøy for å stimulere til meir klimavennlege og sirkulære løysingar, og for å redusere forbruk og avfall.
- Vi gjennomførte ni digitale møte i Ytre Miljø-nettverket med intern erfaringsutveksling frå ulike avdelingar i fylkeskommunen. Klima og miljø som tildelingskriterium og oppfølging av dette i ulike kontraktar har vore sentrale tema i 2024. Avdelingane infrastruktur og veg, eigedom og utbygging, organisasjon og økonomi og næring plan og innovasjon deltok på møta.

Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

- Vi arbeider med å vidareutvikle LivOGLyst-programmet for lokalsamfunnsutvikling ved å få med fleire prosjekt i heile fylket og styrke rolla til kommunane. Det er no 35 aktive prosjekt frå ulike stadar i fylket. Prosjekta vert følgde opp, og deltakarane får tilbod om å delta på kompetansesamlingar gjennom heile året.
- I 2024 opna vi nettverket for stadutvikling i Vestland for kommunane. Dette er ein uformell digital møteplass for alle stadutviklarar i kommunane. I møta er det opna for samtalar om

eige arbeid, samarbeid og erfarings- og kunnskapsdeling. Stadutviklarane er positive til opplegget, og vi held fram med samtalanene i 2025.

- Vi arrangerte Bylivskonferansen saman med Norske arkitekters landsforbund på Voss i september. Temaet for konferansen var naturvenlege, klimarobuste og attraktive stadar.
- Mentornettverket for kommunal planlegging har hatt to fysiske samlingar for ferske planleggarar og kommunar med lite planfagleg miljø. Samlingane var lagde til Skei i Sunnfjord og Austevoll. Temaet var jordvern i planlegging og omsyn til infrastruktur og veg i kommunale planar.
- Hovudutval for næring løyvde 17,5 millionar til 20 prosjekt for berekraftig verdiskaping, grøn næringsutvikling, kompetanseutvikling og innovasjon. Mottakarar var kommunar, næringsaktørar, kunnskapsmiljø og andre utviklingsaktørar i Vestland.

Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

- Våren 2024 sette hovudutval for næring av 79,2 mill. kroner til 25 breibandprosjekt i 13 kommunar. Vestland er best i landet og har no gigabit-dekning til nesten alle innbyggjarar.
- Vestland fylkeskommune har som mål at 98 prosent av alle verksemdar, offentlege bygg og husstandar skal ha gigabit-dekning innan 2026. Til saman fekk 12 kommunar delfinansiering frå fylkeskommunen til utbyggingsprosjekt i 23 ulike område.
- Vi støtta fleire initiativ for å få etablert eitt eller fleire KI-senter i Vestland. I potten ligg 75–200 mill. kr løyvd frå Forskingsrådet til bruk dei fem neste åra.
- Vi har styrka samarbeidet med kommunar og innovasjonsmiljø når det gjeld digitalisering i året som gjekk.
- Fylkeskommunen gav 4,5 millionar kroner i tilskot til hurtigladeplassar for elbil i 2024. Distrikta og utfordringane for drosjenæringa vart høgt prioriterte.

Mål 4 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Strategi 4.1: Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

- Gjennom programmet LivogLyst støttar vi lokale lag og organisasjonar som vil utvikle lokalsamfunnet sitt. Vi skapar samarbeid på tvers av desse laga og organisasjonane. Vi legg òg til rette for aktivt å inkludere dei som ikkje er med i den organiserte frivilligheita.

Strategi 4.2: Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.

- Ein sentral del av den regionale kompetansepolitikken er å gjere dei som står utanfor arbeidsmarknaden relevante for arbeidslivet. I 2024 gjennomførte vi og samarbeidspartnarar eit forprosjekt til ei forsterka satsing på inkludering i Vestland. Målet med satsinga er å auke sysselsettinga blant grupper som ikkje deltek i arbeidslivet og å førebyggje utanforskap.

Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

- I mars 2024 var vi vert for oppstartssamlinga for det europeiske samarbeidsprosjektet for å styrke hydrogenkompetansen i regionen, H2CoVE. Fylkeskommunen er prosjektleiar og koordinator. Vi deltek saman med 19 partnarar frå Vestland, Nord-Nederland, Tyrol i Austerrike, Estland og regionen Precarpathian i Ukraina. Prosjektet skal gå frå 2024 til 2028. I 2024 har prosjektet hatt merksemd på innhenting av datagrunnlag og eksisterande utdanningstilbod, som skal vere grunnlaget for utvikling av nye kurs og utdanningstilbod.

Oversikt over tilskot til til næring, plan og innovasjon i 2024

Avdeling for næring, plan og innovasjon fordelte totalt 280 585 000 kr gjennom ulike tilskotsordningar i 2024.

Ordning	Beløp (tal i tusen)	Tilskot	Type midlar
Innovasjon Noreg og Siva	112 410	3	Statlege midlar
Tilskot til utbygging av breiband i Vestland	45 809	19	Statlege og fylkeskommunale midlar
Samarbeidsavtalar	25 400	41	Statlege og fylkeskommunale midlar
Tilskot til berekraftig verdiskaping	20 160	25	Fylkeskommunale midlar

Støtte til desinasjonsselskapa mv.	9 500	8	Fylkeskommunale midlar
Landbruk (RT, RK og kompetansenettverk)	9 322	31	Statlege og fylkeskommunale midlar
Tilskot til berekraftig samfunnsutvikling	7 850	17	Fylkeskommunale midlar (NPI og KFO)
FORREGION Vestland	6 550	26	Statlege og fylkeskommunale midlar
Vitensenter	6 000	2	Fylkeskommunale midlar
Bedriftsintern opplæring (BIO-midlar)	5 618	32	Fylkeskommunale midlar
Offentleg hurtigladeinfrastruktur	4 934	2	Fylkeskommunale midlar
Samarbeidsavtale regionråda	3 000	5	Fylkeskommunale midlar
LivOGLyst	2 380	16	Fylkeskommunale midlar
Marin satsing	2 000	1	Fylkeskommunale midlar
Kompetanse og arbeidskraft i distriktet	1 487	4	Statlege midlar
Lokale vilttiltak	1 315	17	Statlege midlar
Tilskot til læreplassgaranti	1 145	4	Fylkeskommunale midlar
Driftstilskot til miljøorganisasjonar	1 000	4	Fylkeskommunale midlar
Samarbeidssøknader, nasjonale og internasjonale ordningar	950	6	Fylkeskommunale midlar
Tilskot til plastrydding	925	10	Fylkeskommunale midlar
Interne klima- og miljøtilskot	919	21	Fylkeskommunale midlar

Tilskot til ladeuttak for heimelading av drosje	232	20	Fylkeskommunale midlar
Stønad til normalladarar for reiselivsnæringa i Vestland	210	3	Fylkeskommunale midlar
Tilskot til tiltak for innlandsfisk	200	9	Fylkeskommunale midlar
Diverse tilskot til grøn næringsinfrastruktur	6 620	10	Fylkeskommunale midlar
Diverse tilskot til naturressursar, landbruk og reiseliv	2 600	2	Fylkeskommunale midlar
Diverse tilskot til forskning, kompetanse og internasjonalisering	2 050	2	Fylkeskommunale midlar
Totalt	280 585	340	

Årsverk

	Faktiske årsverk 2024			
Org.eining	Fast	Vikar	Midlertidig	Total
Næring, plan og innovasjon	1,00	0,39	0,00	1,39
Stab næring, plan og innovasjon	8,00	1,44	0,00	9,44
Grøn næringsinfrastruktur	21,82	0,00	3,63	25,45
Naturressursar landbruk og reiseliv	17,99	1,02	3,29	22,30
Forskning, kompetanse og internasjonalisering	12,55	0,75	2,99	16,29
Plan, klima og analyse	23,51	1,07	4,75	29,33
Total	84,87	4,67	14,66	104,20


Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvarsgruppe	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024	2024		
200-Næring, plan og innovasjon	59 771	50 714	49 340	-1 374	-2,8 %
201-Stab næring, plan og innovasjon	8 320	8 869	9 198	329	3,6 %
210-Grøn næringsinfrastruktur	56 642	30 012	30 374	363	1,2 %
220-Naturressursar landbruk og reiseliv	59 334	45 047	44 705	-342	-0,8 %
230-Forsking, kompetanse og internasjonalisering	42 904	30 813	31 367	554	1,8 %
250-Plan, klima og analyse	49 042	45 670	46 330	660	1,4 %
Sum	276 013	211 126	211 314	189	0,1 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)




Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	1,84 %	2,08 %	3,92 %

Opplæring og kompetanse

Skildring av tenesteområde



Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Strategi 1.2: Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.

- Samarbeid mellom opplæringssektoren og arbeids-, nærings- og samfunnsliv gjer at fylkeskommunen kan tilby fleksible opplæringsløp og utvikle nye opplæringsmodellar.
- Prisen Årets entreprenørskapslærer 2024 gjekk til Ståle Walsvik, lærar ved Høyanger vidaregåande skule. Prisen går til ein lærar som legg til rette for at elevar kan utvikle evna si til å ta initiativ, avgjersler og samarbeide med andre for å skape nye løysingar. Ungt Entreprenørskap og Virke, hovudorganisasjonen for handels- og tenestenæringa, står bak den årleg kåringa.
- I mars blei det arrangert fylkesmeisterskap for ungdomsbedrifter ved Førde vgs. og Amalie Skram vgs. To vinnarar, ein frå Førde og ein frå Bergen, stakk av med gullbillettane til noregsmeisterskapen for ungdomsbedrifter i Lillestrøm. Ungdomsbedrift er eit program der

elevlar i vidaregåande opplæring får erfaring med å etablere, drive og avvikle eigne ungdomsbedrifter gjennom eit skuleår.

- Kompetansesenter for robotteknologi (KORT) på Osterøy vart i 2024 utpeikt som nasjonal testarena for robotteknologi. Det gir regionen ei unik moglegheit til å utvikle og teste nye produksjonsmetodar i praksis, ved hjelp av robotteknologi. Det styrker både utdanningstilbodet og konkurransekrafta til næringslivet i Vestland. Testsenteret er ein del av norsk katapult-ordninga til SIVA (Selskapet for industrivekst). Saman med verdsleiande industriverksemder frå Osterøy, Raufoss, og Kongsberg utgjer KORT ein del av det nasjonale landslaget innan produksjonsteknologi i Noreg. Testarenaen på Osterøy skal bidra til å løfte teknologikompetansen til norske bedrifter. Det gjev også ei unik moglegheit for sambruk av utstyr, teknologi og kompetanse med dei vidaregåande skulane og Fagskulen i Vestland. Gjennom kompetansesenteret får elevlar, lærlingar og lærarar tilgang til moderne utstyr og opplæring i bruk av robotteknologi.
- Fagdagane om kunstig intelligens (KI) samla til saman 3000 lærarar i Bergen og Førde i august. For andre år på rad arrangerte Vestland fylkeskommune slike fagdagar, og rekordmange lærarar og skuleleiarar deltok for å lære meir om korleis ta i bruk KI i undervisninga. Vi må førebu elevane på verda som kjem, og lærarane våre må ta innover seg kva dette betyr, og korleis dei kan bruke det. Årets fagdag tok føre seg gode døme på korleis skular i Vestland alt har tatt i bruk KI, både i undervisning og planlegging.

Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.

- Vi jobbar mykje med å dimensjonere opplæringstilbodet for kompetansebehova i arbeidslivet. Gjennom bruk av ulike opplæringsmodellar får elevlar i Vestland tilbod om eit breitt opplæringstilbod, som er tilpassa behova arbeidslivet har.
- Den nye opplæringslova byrja å gjelde hausten 2024. Lova innførte rett til vidaregåande opplæring heilt fram til den enkelte har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse. Fullføringsretten har som mål å kvalifisere til vidare studiar og arbeid.
- Fylkeskommunen legg til rette for fleksible og differensierte opplærings- og undervisningsmodellar. Målet er at fleire ungdommar og vaksne skal bestå opplæringa med studie- eller yrkeskompetanse og vere førebudde til vidare utdanning og arbeidsliv.
- I Sunnhordland er det starta ein pilot innan fleire yrkesfag, som er knytt til prosjektet Fagveg. Piloten tek utgangspunkt i arbeidskraftbehovet til verksemder i området og skal rekruttere vaksne frå 19 år til å gå vegen mot eit fagbrev. Tett samarbeid med Nav, offentlege og private arbeidsgjevarar er viktig for å tilby rett utdanning og få fleire ut i arbeid.
- Fylkeskommunen har etter ny opplæringslov eit spesielt ansvar for å få til ein god overgang frå ungdomsskulen til vidaregåande. I 2024 blei det gjennomført kommunedialogmøte i ti regionar. Kommunalsjefar, rektorar i ungdomsskular og vidaregåande skular, leiarar for pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) og rettleiingstenesta (RLT) deltok. Samarbeidet skal styrke tidleg innsats og auke fullføringa i vidaregåande opplæring gjennom ein inkluderande praksis.
- I 2024 vart det politisk bestemt at fagbrev på jobb skal vere ei fast ordning, med evaluering etter to år. Fagbrev på jobb er ei opplæringsordning for ufaglærte arbeidstakarar med allsidig erfaring i eit lærefag, og som ønskjer å ta fagbrev i dette faget.

- Åsane vidaregåande skule har drive eit utviklingsarbeid der dei tek utgangspunkt i styrkane til den enkelte elev. I rapportar og samtalar med elevane har dei kartlagt kva eleven kan og kan få til, ikkje kva hen ikkje kan få til. Prosjektet gjer at skulen møter enkeltelevar på ein god måte, og bidreg til at elevar med vanskelege utgangspunkt får fullført den vidaregåande opplæringa si.
- Vestland fylkeskommune har saman med Universitetet i Bergen hatt ulike utviklingsarbeid ved vidaregåande skular og rettleiingstenester, som del av ordninga kompetanseløftet for inkluderande praksis. Vi har mellom anna arbeidd med inkludering for elevar med større behov i for tilrettelegging i ordinære klassar, fråfallsførebyggjande arbeid for elevar med psykiske vanskar, og auka relasjonskompetanse blant tilsette. Utviklingsarbeida har ført til at elevar med fare for å falle ut, har meir nærvær.
- Fylkeskommunen har ein god formidlingsstruktur med læreplassrekneskapet som verktøy, og skulane har ansvaret når det gjeld formidling av elevar til lære.
- Ved utgangen av 2024 hadde 300 elevar starta som elevar i ei innføringsklasse, ein auke frå 2023. Innføringstilbodet er primært for elevar som treng meir norskopplæring før dei kan starte i vidaregåande opplæring.
- Elevtalet i kombinasjonsklasser auka frå 117 elevar i 2023 til 165 elevar i 2024. Kombinasjonsklasser er eit språkleg tilrettelagt tilbod om grunnopplæring til fleispråklege ungdomar, som anten har rett til grunnskuleopplæring, eller som treng grunnskuleopplæring før dei startar i vidaregåande opplæring. Kommunane og fylkeskommunen samarbeider om tilbodet.

Strategi 1.4: Vestland fylke skal aktivt søke dei moglegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

- Fylkestinget vedtok i juni 2024 å sette i gang arbeidet med eit demokratiprojekt. Bakgrunnen er at valdeltakinga blant dei yngste veljargruppene er betydeleg lågare ved fylkestingsval enn ved stortings- og kommuneval. Samstundes viser undersøkingar at norske 14-åringar kan betydeleg mindre om demokrati og valdeltaking enn tidlegare. Låg valdeltaking og demokratiforståing er ei stor demokratisk utfordring. Demokratiprojektet har mål om å auke oppslutnaden ved framtidige val, med særskild vekt på fylkestingsvalet i 2027.

Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

- 18 vidaregåande skular er miljøfyrtårn. Ein ny skule fekk status som miljøfyrtårn i 2024.
- Undervisningsopplegget Sirkulær, i regi av Framtiden i våre hender, er gjennomført ved sju vidaregåande skular i Vestland. Plastutfordringa er ein del av dette, og mobilverktøyet er

designa for å gjere det morosamt og enkelt for elevane å gjennomføre aktivitetar og endre vanar gjennom konkurranse og fellesskap.

- 19 av 28 vidaregåande skular som har svart på ei spørjeundersøking om plastrydding, svarer at elevane har rydda plast. Det kan vere heildagsaksjonar, ryddeveker, regionale aksjonar og ordensansvar. Nokre har fleire aksjonar i året, og talet på elevar varierer. Ein skule har rapportert at dei samla inn 1900 kg plast i 2024.

Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

- Nye Askøy vidaregåande skule blei offisielt opna i august. Etter ein byggeperiode på tre år var den nye skulen klar til bruk. Teoribygget i den gamle skulen har blitt rehabilitert, i tillegg til at det er bygd nytt. Alle byggeprosjekt der fylkeskommunen er byggherre, blir bygde etter miljøsertifiseringa BREEAM-excellent. Det er det høgste nivået i denne sertifiseringa og set krav til alle fasar i prosjekta.
- Fylkeskommunen gjer eit grundig arbeid knytt til gjenbruk av både utstyr og interiør.

Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.

- Fylkeskommunen jobbar vidare med samlokalisering og sambruk av vidaregåande skular. Slik skal skulane, i samspel med kommunen, ha fleire funksjonar og bli knutepunkt i samfunnet.
- Vi vidareutviklar dei vidaregåande skulane til å vere synlege aktørar i lokalsamfunnet og byen.
- Nye Askøy vidaregåande skule er bygt i samarbeid med Askøy kommune, som har fått kultursal og lokale til vaksenopplæringa i samband med skulen. I tillegg bygger kommunen ein stor idrettshall like ved. Kombinasjonsbruk er viktig for integrering i nærmiljøet, berekraftig utvikling og for tilhøyrse og deltaking i lokalsamfunn.

Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

- Vi gir eit breitt vidaregåande opplæringstilbod til vaksne, som anten har behov for å kvalifisere eller rekvalifisere seg for å treffe eigne behov eller for å treffe behov for kompetanse i arbeidslivet.
- Hausten 2024 starta Vestland fylkeskommune opp modulstrukturert opplæring i helsearbeidarfaget og kokk- og ernæringskokkfaget for om lag 250 vaksne. Modulstrukturert fag- og yrkesopplæring (MFY) er eit av fleire tiltak som skal bidra til at fleire vaksne kan ta

fagbrev. Opplæringa vert betre tilpassa behova, utgangspunktet og livssituasjonen til vaksne. Organiseringa av opplæringa gjer det enklare å veksle mellom opplæring, arbeid og andre forpliktingar.

- Nettskulen har hatt ei koordinerande rolle i innføringa av modulstrukturerte læreplanar og i vaksenopplæringsprosjektet i Vestland. Fleksible, tilpassa og likeverdige opplæringsløp for både ungdom og vaksne er viktig for å jamne ut demografiske skilnader og sikre lik tilgang til kompetanseheving. Fagporteføljen er i stadig utvikling og er utvida med nye tilbod i skuleåret 2024/25.

Mål 4 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Strategi 4.1: Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

- Omgevingnadane til skulane blir brukte som både kunnskapskjelde og læringsarena. Det gir sosiale og faglege utviklingsmiljø, der dei vidaregåande skulane medverkar til levande lokalsamfunn og sentrumsområde.

Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

- Fylkestinget vedtok heilskapleg plan for tilbodsstruktur for dei vidaregåande skulane i Vestland 2025–2035 i oktober. Prosessen gjekk føre seg gjennom heile 2024, og planen viser kva opplæringstilbod fylkeskommunen skal gi ved dei vidaregåande skulane over ein tiårsperiode. Gjennom høyringsprosessen gjennomførte fylkeskommunen sju fysiske høyringsmøte i heile Vestland. I tillegg kom det inn 700 høyringsinnspel knytt til planen.
- Temaplanen Fornye og forbetre – Auka gjennomføring, med tilhøyrande handlingsprogram, ligg til grunn for prioriteringar i opplæringssektoren. Det bygger på at elevar og læringar skal delta i eit inkluderande fellesskap, som fremjar helse, trivsel og læring. Eit raust og støttande opplæringsmiljø er grunnlaget for ein positiv kultur, der elevar og læringar vert oppmuntra og stimulerte til fagleg og sosial utvikling. Profesjonsfellesskapet i sektoren er ein viktig utviklingsarena.
- Dei overordna satsingane i handlingsprogrammet er å fornye og forbetre tilpassa opplæring og overgangar i opplæringa.
- Skulen skal vere eit profesjonsfagleg fellesskap der lærarar, leiarar og andre tilsette reflekterer over felles verdiar, og vurderer og vidareutviklar praksisen sin (overordna del av læreplanverket, 2017). Eit profesjonsfellesskap bygd på god dialog, involvering og oppfølging både internt og mellom dei ulike nivå i sektoren, er eit viktig grunnlag for utvikling og auka fullføring.

- Karriere Vestland har styrka integreringsarbeidet gjennom å gi karriererettleiing til nykomne flyktningar, som ein del av introduksjonsprogrammet.
- Karriere Vestland gir karriererettleiing til innbyggjarar over 19 år. Det bidreg til at den einskilde får utnytta eigen kompetanse, rekvalifisert seg eller får kvalifisert støtte til sjå kva mogelegheiter som finst i utdannings- og arbeidslivet.
- Vestland fylkeskommune gjennomførte Tankevirus-kurs for elevar, lærlingar og tilsette i skulen i september og oktober. Kurset er eit samarbeid med Frisklivsentralen i Bergen kommune. Tankevirus er eit gratis meistringskurs retta mot førebygging og meistring av lette til moderate psykiske vanskar.
- Knarvik vidaregåande skule gjennomførte i 2024 eit pilotprosjekt om YAM (Youth Aware of Mental Health). YAM-programmet er eit helsefremmande og sjølvmondsførebyggande undervisningsprogram om psykisk helse. Pilotprosjektet har fått positive tilbakemeldingar frå både elevar og lærarar ved skulen.
- Om lag 800 prøvenemndsmedlemmar har i 2024 gjennomgått ei todelt opplæring med ein heildigital kompetansepakke på udir.no. I tillegg har dei fått eit fysisk kurs med instruktør frå fylkeskommunen. Alle nye prøvenemndsmedlemmar skal gjennom denne opplæringa. Prøvenemndsmedlem er eit offentleg verv, der kvar person blir oppnemnd for fire år om gongen. Næringslivet bidreg med i overkant av 1000 prøvenemndsmedlemmar som skal lage oppgåver med vurderingsgrunnlag, og vurdere og setje karakter på fag-, sveine- og kompetanseprøver innan dei ulike faga.

Gjennomføring

Fullføring

Fullført og bestått	2023/24	2022/23	2021/22	2020/21	2019/20	2018/19	2017/18
Studieførebuande	87,5 %	86,80 %	88,4 %	90,4 %	90,1 %	86,7 %	87,9 %
Påbygg til generell studiekompetanse	80,3 %	79,70 %	81,5 %	86,0 %	80,3 %	70,4 %	72,1 %
Yrkesfag	85,0 %	85,10 %	86,0 %	87,7 %	85,8 %	82,4 %	83,8 %

Sluttarar

	2023/24	2022/23	2021/22	2020/21	2019/20	2018/19	2017/18
Studieførebuande	1,90 %	2,1 %	1,7 %	1,7 %	2,0 %	2,2 %	1,9 %
Påbygg til generell studiekompetanse	4,70 %	4,80 %	4,9 %	4,9 %	5,1 %	6,1 %	6,7 %
Yrkesfag	5,00 %	4,90 %	5,1 %	4,3 %	4,5 %	5,0 %	5,5 %

Samla karaktersnitt

Samla karakterresultat	2023/24	2022/23	2021/22	2020/21	2019/20	2018/19	2017/18
Studieførebuande	4,28	4,27	4,37	4,39	4,36	4,2	4,2
Påbygg til generell studiekompetanse	3,89	3,95	4	4,02	4,04	3,7	3,67
Yrkesfag	4,16	4,14	4,12	4,11	4,06	4,01	3,97

Elevundersøkinga

Skalaen går frå 1 til 5, der 5 er best resultat.

Tabellen under syner resultatata for vg1 dei siste fire skuleåra, samanlikna med resultatata nasjonalt.

	Vestland				Nasjonalt
	2021/22	2022/23	2023/24	2024/25	2024/25
	vg1	vg1	vg1	vg1	vg1
Trivsel	4,2	4,2	4,1	4,2	4,2
Støtte frå lærar	4,1	4,1	4,1	4,1	4,1
Støtte heimefrå	4,0	4,0	4,0	3,9	4,0
Vurdering for læring	3,4	3,5	3,4	3,4	3,5
Læringskultur	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0
Meistring	3,9	3,9	3,9	3,9	3,9
Motivasjon	3,6	3,6	3,5	3,5	3,6
Elevdemokrati og medverknad	3,6	3,6	3,6	3,6	3,6
Felles reglar	4,1	4,2	4,1	4,2	4,2
Utdanning og yrkesrettleiing	3,5	3,5	3,5	3,6	3,6
Fagleg utfordring	4,3	4,3	4,3	4,3	4,3

Tabellen under syner resultatata for vg1, vg2 og vg3 for skuleåret 2024/25, samanlikna med resultatata nasjonalt same år.

	Vestland			Nasjonalt		
	2024/25			2024/25		
	vg1	vg2	vg3	vg1	vg2	vg3
Trivsel	4,2	4,1	4,2	4,2	4,2	4,2
Støtte frå lærar	4,1	4,0	4,0	4,1	4,0	4,0
Støtte heimefrå	3,9	3,9	3,8	4,0	3,9	3,9
Vurdering for læring	3,4	3,4	3,3	3,5	3,4	3,3
Læringskultur	4,0	3,9	3,9	4,0	3,9	3,9
Meistring	3,9	3,9	3,9	3,9	3,9	3,9

Motivasjon	3,5	3,5	3,3	3,6	3,5	3,4
Elevdemokrati og medverknad	3,6	3,6	3,4	3,6	3,5	3,5
Felles reglar	4,2	4,1	4,1	4,2	4,1	4,1
Utdanning og yrkesrettleiing	3,6			3,6		
Fagleg utfordring	4,3	4,3	4,4	4,3	4,3	4,4

Mobberesultat

Her viser tala del elevar som seier at dei vert mobba i elevundersøkinga.

Spørsmål	Vestland fylkeskommune									Nasjonalt		
	2022/23			2023/24			2024/25			2024/25		
	vg1	vg2	vg3	vg1	vg2	vg3	vg1	vg2	vg3	vg1	vg2	vg3
Mobbing på skulen (samla sett)	4,4	3,8	2,1	6,6	5,8	3,9	6,3	6,1	2,8	6,3	6,0	3,9
Er du blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadane?	3,2	2,4	1,3	4,8	3,9	2,5	4,2	4,3	1,9	4,2	3,9	2,3
Er du blitt mobba av vaksne på skulen dei siste månadane?	1,8	1,7	1,0	3,0	2,7	2,0	2,8	2,7	1,3	2,9	2,9	1,9
Er du blitt mobba digitalt (mobil, iPad, PC) dei siste månadane?	1,8	1,6	*	2,9	2,4	1,4	2,3	2,4	1,1	2,6	2,5	1,5

Lærlingundersøkinga

Markeringane i blått syner endringar frå i fjor og/eller opp mot nasjonalt snitt. Det er minimale endringar frå resultat i 2023/24. Opp mot fjorårets resultat er det endringar på nokre av svara, men berre med 0,1 i differanse. Opp mot nasjonalt snitt er det nokre spørsmål der Vestland fylkeskommune har anna resultat. Også her er det berre snakk om 0,1 i differanse.

Skalaen går frå 1 til 5, der 5 er best resultat.

	Vestland	Vestland	Vestland	Nasjonalt
	2022/23	2023/24	2024/25	2024/25
Kor enig eller uenig er du i dette: "YFF gav meg viktig kjennskap til arbeidslivet"	3,9	3,9	4,0	4,0
Undervisninga i yrkesfaga på skulen gav eit godt grunnlag for det eg skulle lære i bedrifta	3,6	3,5	3,5	3,5
Utstyret vi brukte på skulen var godt nok for å lære faga	3,5	3,5	3,5	3,6
Lærarane mine hadde god innsikt i det eg skulle møte i læretida	3,7	3,7	3,6	3,7
Er du motivert til å lære i bedrifta?	4,5	4,5	4,4	4,4
Er du sikker på at du har valt rett fag?	4,0	4,0	4,0	4,1
Liker du arbeidsoppgåvene dine i lærebedrifta?	4,0	4,0	4,0	4,1
Gler du deg til å gå på arbeid i lærebedrifta?	4,0	4,0	4,0	4,0
Trivst du på arbeidsplassen?	4,2	4,2	4,3	4,3
Trivst du med kollegaane dine?	4,4	4,4	4,4	4,4
Trivst du med kundane/leverandørane/pasientane dine?	4,1	4,1	4,1	4,1
Er du nøgd med opplæringa du har fått på arbeidsplassen så langt?	4,0	3,9	4,0	4,0
Har du fått opplæring i HMS på arbeidsplassen?	4,0	4,0	4,1	4,1
Veit du korleis du skal sei ifrå om eit avvik?	4,1	4,0	4,1	4,0
Er det lett tilgang på verneutstyr i bedrifta di?	4,3	4,3	4,3	4,3

Veit du kva læreplanen seier om kva du skal lære i læretida din?	3,9	3,9	4,0	4,0
Samsvarer opplæringa du har fått med det læreplanen seier du skal lære i faget?	3,9	3,9	3,9	3,9
Deltar du i planlegging av arbeidet ditt?	3,7	3,7	3,8	3,8
Deltar du i vurdering av arbeidet ditt?	3,8	3,8	3,9	3,9
Klarer du sjølv å avgjere om du har løyst ei arbeidsoppgåve på ein fagleg god måte?	4,1	4,0	4,1	4,1
Får du tilbakemelding på arbeidet ditt, slik at du kan bli betre i faget?	3,9	3,9	4,0	4,0
Får du hjelp og støtte i arbeidet du gjer dersom du treng det?	4,3	4,3	4,3	4,3
Dokumenterer du arbeidet ditt i opplæringsbok,logg, nettside, mobil, app eller liknande?	3,4	3,4	3,5	3,5
Vi snakkar om korleis eg trivst	4,4	4,4	4,3	4,3
Vi snakkar om den faglege prestasjonen min	4,4	4,4	4,3	4,3
Vi snakkar om kva eg skal gjere for å bli betre i faget	4,3	4,2	4,2	4,2
Vi planlegg kva arbeidsoppgåver eg skal arbeide med til neste samtale	4,1	4,1	4,0	4,0
Veit du kva du skal kunne til fagprøven?	3,7	3,7	3,7	3,6
Veit du korleis fagprøven skal gjennomførast?	3,6	3,5	3,5	3,5

Mobberesultat

Eitt av spørsmåla i undersøkinga er: Er du blitt mobba på arbeidsplassen dei siste månadane? I samband med spørsmålet kjem det ein definisjon av mobbing: Med mobbing meiner vi gjentatte negative handlingar frå ein eller fleire saman, mot ein som kan ha vanskeleg for å forsvare seg. Mobbing kan vere å kalle ein annan stygge ting og erte, halde ein annan utanfor, baksnakke eller slå, dytte eller halde fast. Her kan lærlingen krysse av for alternativa Ikkje i det heile tatt, ein sjeldan gang, 2–3 gongar i månaden, omtrent ein gang i veka eller fleire gonger i veka. For å finne ut kor mange som opplever at dei veret mobba, legg ein saman dei tre siste svaralternativa.

Under ser vi samleresultat for lærlingundersøkinga for Vestland fylkeskommune og nasjonalt når det gjeld spørsmålet om mobbing. Tala har gått ned både for Vestland og nasjonalt og ligg på høvesvis 3,0 prosent og 3,1 prosent. Om ein bryt ned resultatata på kjønn, melder 3,6 prosent av jentene at dei

vert mobba, medan 2,9 prosent av gutane melder det same. Nasjonalt er tala 3,7 prosent for jenter og 2,7 prosent for gutar.

	2020/21	2021/22	2022/23	2023/24	2024/25
Vestland	2,5 %	4,2 %	3,1 %	3,1 %	3,0 %
Nasjonalt	3,1 %	3,6 %	3,5 %	3,7 %	3,1 %

Lærekontraktar og fagprøvar

Lærekontraktar

Diagrammet og tabellen under viser at det i 2024 vart inngått 3491 nye lærekontraktar i Vestland. Tala er relativt stabile frå år til år, men det har vore ein liten nedgang dei siste fire åra.

Årstal	Nye kontraktar
2019	3 438
2020	3 293
2021	3 819
2022	3 620
2023	3 590
2024	3 561

Fagprøvar

Diagrammet og tabellen under syner tal fagprøvar i prosent. Prosentvis er det relativt jamne resultat dei siste åra.

B = bestått

BM = bestått meget godt

IB = ikkje bestått

IM = ikkje møtt

	2024	2023	2022	2021
Bestått	64,9 %	66,1 %	64,6 %	65,2 %
Bestått meget godt	28,4 %	25,5 %	24,6 %	25,4 %
Ikkje bestått	5,9 %	7,5 %	9,6 %	8,6 %

Ikkje møtt	0,8 %	0,8 %	1,0 %	0,8 %
------------	-------	-------	-------	-------

Tabellen under syner beståtte fagprøvar i prosent og reelle tal, ut frå utdanningsprogram, dei siste fire åra.

	2021		2022		2023		2024	
	Tal prøvar	Del bestått	Tal prøvar	Del bestått	Tal prøvar	Del bestått	Tal prøvar	Del bestått
Bygg og anlegg	1 014	90,2 %	934	87,2 %	965	92,1 %	1 034	92,6 %
Design og handverk	89	77,5 %	101	81,2 %	87	90,8 %	44	86,4 %
Handverk, design og produktutvikling							4	100,0 %
Elektro og datateknologi	575	91,7 %	543	88,4 %	554	89,7 %	576	91,7 %
Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign					1	100,0 %	30	86,7 %
Helse- og oppvekstfag	1 085	92,1 %	991	90,8 %	973	91,5 %	900	92,8 %
Informasjonsteknologi og medieproduksjon							60	85,0 %
Naturbruk	153	88,9 %	154	89,0 %	180	92,8 %	165	93,9 %
Restaurant- og matfag	125	89,6 %	134	86,6 %	130	86,9 %	162	90,1 %
Sal, service og reiseliv					1	100,0 %	117	95,7 %
Service og samferdsel	535	86,4 %	509	89,4 %	542	90,8 %	427	94,4 %
Teknologi- og industrifag	831	95,3 %	767	95,8 %	904	95,9 %	966	97,7 %

Resultat og analyse frå opplæringssektoren

Fleire tal og analysar frå opplæringssektoren på nettsida til Vestland fylkeskommune.

Årsverk

	Faktiske årsverk 2024			
Org.eining	Fast	Vikar	Midlertidig	Total
Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse	11,08	0,00	0,75	11,83
Seksjon stab opplæring	12,19	0,33	0,75	13,27

Seksjon for inntak, forvaltning og sluttv	34,59	0,91	2,32	37,82
Seksjon for kompetanse	22,35	0,39	1,17	23,91
Seksjon for kvalitet i opplæringa	19,76	0,00	0,00	19,76
Tiltak/aktivitet opplæring og kompetanse	0,00	0,00	0,00	0,00
Amalie Skram videregående skole	106,08	11,45	4,84	122,37
Arna videregående skule	37,19	3,99	0,43	41,61
Askøy videregående skole	92,03	4,37	0,61	97,01
Austevoll videregående skule	34,83	1,53	0,00	36,36
Austrheim videregående skule	40,27	2,74	0,39	43,40
Bergen Katedralskole	115,20	6,69	4,31	126,20
Bømlo videregående skule	59,33	0,75	0,06	60,14
Dale videregående skule	26,51	0,72	2,40	29,63
Eid videregående skule	56,19	1,95	2,12	60,26
Firda videregående skule	56,12	8,28	0,41	64,81
Fitjar videregående skule	26,32	1,81	0,77	28,90
Flora videregående skule	78,55	1,95	3,58	84,08
Fusa videregående skule	47,43	1,31	0,29	49,03
Fyllingsdalen videregående skole	76,77	8,40	1,93	87,10
Høyanger videregående skule	21,70	0,00	2,14	23,84
Knarvik videregående skule	141,59	10,68	0,99	153,26
Kvam videregående skule	29,69	1,30	2,36	33,35
Kvinnherad videregående skule	61,11	1,09	1,62	63,82

Laksevåg og Bergen maritime videregående	63,80	1,08	0,36	65,24
Langhaugen videregående skole	66,75	5,88	2,24	74,87
Førde videregående skule	161,07	3,90	9,82	174,79
Måløy videregående skule	64,89	3,91	2,20	71,00
Nordahl Grieg videregående skole	144,49	14,02	1,46	159,97
Odda videregående skule	42,60	1,54	0,20	44,34
Olsvikåsen videregående skole	64,83	9,64	0,19	74,66
Os gymnas	18,96	0,70	0,26	19,92
Os videregående skule	95,20	1,59	2,21	99,00
Osterøy videregående skule	38,28	1,74	1,00	41,02
Sandsli videregående skole	62,96	6,83	4,34	74,13
Slåtthaug videregående skole	74,64	8,10	5,10	87,84
Sogn jord og hagebruksskule	24,88	2,45	2,34	29,67
Sogndal videregående skule	118,46	5,57	1,27	125,30
Sotra videregående skule	128,06	8,46	0,37	136,89
Stend videregående skule	158,81	6,98	4,31	170,10
Stord videregående skule	119,13	11,24	1,45	131,82
Stryn videregående skule	45,45	0,00	2,71	48,16
Tertnes videregående skule	50,01	4,45	3,46	57,92
Voss gymnas	81,32	8,89	0,00	90,21
Voss videregående skule	103,69	7,59	0,07	111,35
Årdal videregående skule	30,92	0,05	1,29	32,26
Årstad videregående skole	140,00	8,96	0,65	149,61

Åsane videregående skole	159,33	11,78	11,31	182,42
Nettskolen i Vestland	1,00	0,00	0,00	1,00
Opplæring innan kriminalomsorga - Sogndal	2,96	0,03	0,00	2,99
Opplæring innan kriminalomsorga - Åsane	29,75	0,53	0,00	30,28
Produksjonsskolen	22,56	0,14	1,20	23,90
Fagskolen Vestland	163,12	0,00	7,15	170,27
Manger folkehøgskule	18,76	0,50	1,74	21,00
Rettleiingsteneste 1 (Eid/Førde) / nordve	23,44	0,50	1,00	24,94
Rettleiingsteneste 2 (Odda/Stord) vestl.	10,65	0,58	1,52	12,75
Rettleiingsteneste 3 (Bergensomr. sør)	14,68	0,83	1,00	16,51
Rettleiingsteneste 4 (Voss) / indre vestl	13,58	1,00	0,42	15,00
Rettleiingsteneste 5 (Bergensomr. nord)	16,02	2,23	1,99	20,24
Rettleiingsteneste 6 (Bergensomr. vest)	27,05	3,08	1,55	31,68
Total	3 608,98	215,41	110,42	3 934,81

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000


Ansvarsgruppe	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024	2024		
300-Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse	14 158	3 734	5 483	1 749	31,9 %
301-Seksjon stab opplæring	14 173	13 490	13 553	62	0,5 %
302-Seksjon for inntak, forvaltning og sluttv	29 717	34 638	30 609	-4 029	-13,2 %
303-Seksjon for kompetanse	22 054	24 302	27 924	3 621	13,0 %
304-Seksjon for kvalitet i opplæringa	22 193	18 650	20 736	2 085	10,1 %
309-Tiltak/aktivitet opplæring og kompetanse	675 080	722 423	700 854	-21 569	-3,1 %
320-Amalie Skram videregående skole	120 911	131 544	124 994	-6 550	-5,2 %
321-Arna vidaregåande skule	35 005	40 954	40 926	-28	-0,1 %
322-Askøy videregående skole	75 700	91 847	88 691	-3 156	-3,6 %
323-Austevoll vidaregåande skule	31 079	37 202	37 209	7	0,0 %
324-Austrheim vidaregåande skule	35 237	37 892	37 771	-121	-0,3 %

Ansvarsgruppe	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
325-Bergen Katedralskole	113 654	123 862	123 763	-98	-0,1 %
327-Bømlo vidaregåande skule	55 421	56 454	56 691	237	0,4 %
328-Dale vidaregåande skule	29 199	27 460	27 556	96	0,3 %
329-Eid vidaregåande skule	51 347	47 931	47 754	-178	-0,4 %
330-Firda vidaregåande skule	56 762	58 325	56 395	-1 929	-3,4 %
331-Fitjar vidaregåande skule	26 133	28 187	28 166	-21	-0,1 %
332-Flora vidaregåande skule	75 884	76 469	76 851	381	0,5 %
333-Fusa vidaregåande skule	48 629	47 400	47 211	-189	-0,4 %
334-Fyllingsdalen videregående skole	76 364	77 245	77 108	-137	-0,2 %
335-Hafstad vidaregåande skule	297	0	0	0	0,0 %
336-Høyanger vidaregåande skule	22 232	22 391	22 881	490	2,1 %
337-Knarvik vidaregåande skule	131 352	137 872	137 499	-373	-0,3 %
338-Kvam vidaregåande skule	32 787	32 111	32 038	-74	-0,2 %
339-Kvinnherad vidaregåande skule	51 564	55 954	63 285	7 331	11,6 %
340-Laksevåg og Bergen maritime videregående	62 696	68 491	67 013	-1 478	-2,2 %
341-Langhaugen videregående skole	67 861	72 005	71 270	-735	-1,0 %
342-Førde vidaregåande skule	152 793	157 836	159 630	1 794	1,1 %
343-Måløy vidaregåande skule	61 456	62 763	61 380	-1 382	-2,3 %
344-Nordahl Grieg videregående skole	135 020	138 254	137 347	-907	-0,7 %
345-Odda vidaregåande skule	37 512	39 489	38 793	-697	-1,8 %
346-Olsvikåsen videregående skole	65 502	66 800	105 044	38 244	36,4 %
347-Os gymnas	17 827	19 078	19 078	0	0,0 %
348-Os vidaregåande skule	68 278	74 463	74 137	-326	-0,4 %
349-Osterøy vidaregåande skule	34 682	34 567	34 159	-409	-1,2 %
351-Sandsli videregående skole	65 873	75 730	75 192	-539	-0,7 %
352-Slåtthaug videregående skole	71 893	78 013	77 744	-269	-0,3 %
353-Sogn jord og hagebruksskule	3 411	2 952	2 955	3	0,1 %
354-Sogndal vidaregåande skule	105 473	107 949	108 507	557	0,5 %
355-Sotra vidaregåande skule	121 844	129 991	129 193	-798	-0,6 %
356-Stend vidaregåande skule	129 152	143 166	143 452	286	0,2 %
357-Stord vidaregåande skule	119 228	124 146	123 322	-823	-0,7 %
358-Stryn vidaregåande skule	37 154	37 717	37 719	2	0,0 %
359-Tertnes vidaregåande skule	53 797	55 840	55 841	1	0,0 %
360-Voss gymnas	86 061	85 840	85 653	-188	-0,2 %
361-Voss vidaregåande skule	76 579	82 544	82 347	-196	-0,2 %
362-Årdal vidaregåande skule	26 440	26 870	26 372	-499	-1,9 %
363-Årstad videregående skole	135 784	134 455	134 613	158	0,1 %
364-Åsane videregående skole	149 620	159 640	165 058	5 418	3,3 %
380-Nettskulen i Vestland	989	5 982	-331	-6 312	-1909,3 %
384-Opplæring innan kriminalomsorga - Sogndal	0	153	-62	-215	-346,9 %
385-Opplæring innan kriminalomsorga - Åsane	374	680	449	-231	-51,5 %
386-Produksjonsskolen	12 482	12 809	12 819	10	0,1 %
388-Fagskulen Vestland	19 357	26 434	26 456	22	0,1 %

Ansvarsgruppe	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024	2024		
389-Manger folkehøgskule	255	1 391	1 391	0	0,0 %
390-Rettleiingsteneste 1 (Eid/Førde) / nordve	19 714	23 071	21 095	-1 976	-9,4 %
391-Rettleiingsteneste 2 (Odda/Stord) vestl.	11 769	14 829	14 172	-657	-4,6 %
392-Rettleiingsteneste 3 (Bergensomr. sør)	13 264	17 905	16 741	-1 164	-7,0 %
393-Rettleiingsteneste 4 (Voss) / indre vestl	14 055	16 806	17 089	283	1,7 %
394-Rettleiingsteneste 5 (Bergensomr. nord)	19 073	21 128	18 670	-2 458	-13,2 %
395-Rettleiingsteneste 6 (Bergensomr. vest)	29 176	32 021	31 115	-905	-2,9 %
Sum	3 873 377	4 100 148	4 101 370	1 222	0,0 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)




Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	2,09 %	3,57 %	5,66 %

Kultur og folkehelse

Skildring av tenestoområde



Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Strategi 1.1: Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.

- Fylkeskommunen vedtok å utarbeide ein handlingsplan for førebygging av sjølv mord, etter at eit eige kunnskapsgrunnlag for sjølv mordsførebygging vart levert.
- Tre vidaregåande skular gjennomførte Youth Aware of Mental Health-kurs i 2024, og vi starta utrullinga av Oppmerksom på sjølv mordstankar-kurs for alle tilsette i Vestland fylkeskommune.

- Vi gjennomførte kurset Tankevirus for elevar på vidaregåande skular. Kurset set søkjelys på psykisk helse retta mot førebygging og tidleg behandling av lette til moderate psykiske plager. Kurset var gjennomført i samarbeid med Frisklivssentralen i Bergen.

Strategi 1.2: Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.

- Kulturarbeidsplassar er grøne verksemder for framtida. Vi kan bidra til nye arbeidsplassar gjennom prosjekttilskot, som til dømes kulturelt utviklingsprogram. Driftsstøtte er med og vidarefører dei.
- Vi delte ut midlar til bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar. Til saman fekk tolv regionale aktørar midlar.
- Vi delte ut 26 kunstnarstipend. Av dei var seks i musikk, seks i litteratur og film, fire i scenekunst og ti i visuell kunst og kunsthåndverk. Ordninga stimulerer til at skal gå an å leve og arbeide som kunstnar i fylket. Nokre av stipenda vert delte ut til kunstnarar i etableringsfasen.

Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.

- Vi tok imot studentar i praksis innan idrett og folkehelse og arkivfag, slik at dei får relevant praksis og erfaring.
- Vi samla to tilskotsordningar på integreringsfeltet til ei. Den nye ordninga for etableraropplæring og traineeordningar for innvandrarak har som mål å inkludere fagutdanna og høgt kvalifiserte innvandrarak i arbeidslivet, og å styrke kunnskapen om korleis dei kan etablere eiga verksemd.

Strategi 1.4: Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

- Arkivråd Vestland, eit samarbeidsorgan for å vidareutvikle og styrkje dei arkivfaglege miljøa i fylket, vart etablert i 2024.
- Gjennom Folkehelsenettverket i Vestland og nettverket Friskliv i Vestland fylke, gjennomførte vi fysiske og digitale samlingar for statlege organ, kommunar, FoU-miljø og frisklivssentralar.
- Vi deltok i Vestlandsnettverket som ein del av arbeidet vårt mot tvangsekteskap, negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Nettverket skal medverke til at arbeidet blir utført gjennom samarbeid mellom relevante etatar på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå.
- Vi arrangerte seminar, fagopplæring og konferansar om radikaliserings og ekstremisme i samarbeid med Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoedførebygging (RVTS Vest).
- Vi vidareførte prosjektet Å Vestland, Vestland. Målet med prosjektet er å styrke tenestene til bibliotekbrukarane i fylket gjennom samarbeid og etablering av ein ny digital samarbeidskultur i biblioteksektoren.
- Vi arrangerte Kulturkonferansen 2024. Temaet var eit inkluderande kultur- og samfunnsliv, og korleis arkitektur, planlegging og kunnskap kan vere med på å skape berekraftig

samfunnsutvikling. Konferansen var eit samarbeid med Bergen kommune, i samband med opningsfestivalen for Bergen inkluderingssenter.

- Vi markerte 750-årsjubileet for Magnus Lagabøtes landslov med over hundre arrangement rundt om i Vestland. Markeringa har i stor grad handla om lovskapingsprosessen frå kristenretten til Landslova, med aktualisering til notida.
- Vi markerte 1000-årsjubileet for innføringa av kristenretten mellom anna gjennom selskapet Moster 2024, saman med Bømlo kommune.

Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

- Vi arrangerte webinar i Folkehelsenettverket, der samanhangen mellom klima og folkehelse var mellom temaa.
- Vi arrangerte ein intern fagdag om klima og folkehelse med mål om å auke kunnskapen vår på området.

Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

- Vi forvaltar over 2300 privatarkiv, om lag ein million historiske foto, 16 000 opptak av tradisjonsmusikk, 4000 historiske film- og lydopptak og ei samling med over 250 000 stadnamn frå Vestland.
- Kommunearkivordninga i Vestland forvaltar eldre og avslutta arkiv etter fylkeskommunen og 18 kommunar. Gjennom vertskapsrolla for ordninga bidreg vi til demokratiske rettar til innbyggjarane.
- Vi innreidde og tok i bruk nye spesialrom for digitalisering av foto og lydberarar på fylkeshuset på Leikanger. Arbeidet sikrar viktig kulturhistorisk arkivmateriale for framtida.
- I samarbeid med Rogaland fylkeskommune gjennomførte vi pilotprosjektet Knutepunkt for kunnskap. Hovudmålet var å utvikle dagsturhyttene som møtestader for kunnskapsdeling om kulturhistorie og kulturmiljø som ledd i ei langsiktig bevaring av kulturlandskapa og immateriell kulturarv.
- Vi delfinansierte og organiserte transportordninga mellom bibliotek for 41 kommunar, i ein felles kontrakt med Universitetet i Bergen og Høgskulen på Vestlandet.
- Vi heldt fram arbeidet med fylkes- og distriktsmusikarordningane. Ordningane styrkjer musikklivet i heile fylket og tek vare på musikktradisjonar, ved musikartenester, konsertverksemd og instruksjon for ulike målgrupper.

- Vi gjennomførte 59 arkeologiske registreringar i samband med reguleringsplanar, saker for vassdrag og energi, landbruk og mindre private tiltak. Vi fann freda kulturminne i 37 av registreringane.
- Vi fatta 42 dispensasjonsvedtak i medhald av lov om kulturminne.
- Saman med Kvinnherad kommune og Universitetsmuseet i Bergen gjennomførte vi eit prosjekt for tilstandsvurdering av ein 5,5 meter høg bautastein på Halsnøy. Gravfeltet som steinen er ein del av, vert no tilrettelagt for publikum, og det skal gjerast vegetasjonsskjøtsel slik at kulturminna er synlege.
- Fylkesutvalet vedtok ny forvaltningsplan for Vingen helleristningsområde.
- Vi starta arbeidet med utarbeiding av forvaltningsplan for Selja kloster og helgenanlegg.
- Vi delte ut tilskot til eigarar av kulturminne og kulturmiljø i Nærøyfjorden og til istandsetting av verdsarvstaden Bryggen.
- Vi fordelte tilskot til istandsetting av konstruksjon og tak på Norheimsløa i Kvam herad og oppsetting av eit bualoft frå 1399 på Frønningen i Lærdal kommune.
- Vi innvilga 136 søknader om dispensasjon frå fredingsvedtak for bygningar og anlegg freda etter lov om kulturminne.
- Vi delte ut tilskot til drift av 15 verna og freda fartøy og 18 fartøyprosjekt.
- Vi sende framlegg om freding av klyngetunet på Ystås i Voss herad til Riksantikvaren for vedtak.
- Riksantikvaren vedtok i 2024 å frede Sandviksbodene i Bergen kommune og Stødleterrassen i Etne kommune.
- Vi heldt fram arbeidet med kunnskapsgrunnlag for kulturmiljø av regional interesse, som skal bli ferdig til sommaren 2025. Innretninga av arbeidet har endra kurs, delvis fordi den nye utviklingsplanen for Vestland 2024–2028 legg opp til å utarbeide to nye regionale planar. Kursendringa skuldast også at vi har valt å trekkje fram døme på typiske regionale kulturmiljø framfor å lage ei fullstendig oversikt over kulturmiljøa i fylket.
- Vi delte ut tilskot til verneverdige kulturminne til 42 prosjekt, fordelt på 24 kommunar. Ordninga skal bidra til at kulturminne og kulturmiljø ikkje går tapt, men heller sikre dei som berekraftige ressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Det er eit mål å ta vare på særpreget og identiteten til lokalsamfunna, samstundes som vi skal underbyggje dei klimapolitiske målsettingane.
- Vi fordelte tilskot til utvikling og utarbeiding av kulturmiljøplanar i Sunnfjord kommune og Årdal kommune.
- Vi deltok i styringsgruppa til prosjektet Kulturminne i kommunen (KIK) om registrering av sjøbruksmiljø i Sunnhordland.
- Vi handsama 260 plansaker etter plan- og bygningslova. Av desse melde regional kulturmiljøstyresmakt motsegn til 18 planar grunna konflikt med regionale og nasjonale kulturminneomsyn. Av 1838 dispensasjonar etter plan- og bygningslova var det i alt 262 som råka kulturminne. Av desse vart 46 frårådde, og vi klaga på til saman 9 kommunale vedtak, fordi vedtaket fører til at nasjonale eller regionale kulturmiljøinteresser vert vesentleg sette til side.

Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

- Vi starta fleire innsamlings- og dokumentasjonsprosjekt av lokalt historisk arkivmateriale i samarbeid med lokale sogelag. Prosjekta kombinerer kunnskapen lokale frivillige har om lokal historie og arkivfagleg kompetanse i Vestland fylkeskommune.
- Vi gav tilrådingar til staten når det gjeld busetting av flyktningar i kommunane. Tilrådingane skal vere i tråd med nasjonale kriterium og ta omsyn til kapasitet i ei tid prega av høge busettingstal på grunn av krigen i Ukraina. Vi hadde tett dialog med alle kommunane i fylket om temaet i 2024.
- Vi arrangerte to møte i Samarbeidsforum for papirlause menneske og ein konferanse om arbeidet for å betre situasjonen for papirlause i Vestland.
- Vi bestilte ein rapport med kunnskapsgrunnlag om papirlause menneske i Vestland. Rapporten kjem med tilrådingar om korleis Vestland fylkeskommune bør jobbe for å betre situasjonen for papirlause menneske.
- Vi delte ut tilskot til tre søknader til prosjektet Ro- og padleruter i Vestland i 2024. Prosjektet skal gjere det enklare å ta del i friluftsliv på sjøen, gjennom til dømes kartlegging av ruter, oppføring av padlehukar og tilrettelegging av naust og brygger for ålmenta.
- Vi delte ut tilskot til tilretteleggingstiltak i 51 statleg sikra friluftslivsområde rundt om i Vestland. Ordninga skal medverke til å fremje friluftaktivitet, minske fysiske hinder for friluftsliv, og hindre at friluftsliv fører til unødige naturinngrep.
- Vi fordelte tilskot til 278 anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, gjennom fordeling av spelemidlar.
- Vi arrangerte møte i regionalt nettverk for musikkterapeutar i Vestland, som del av at vi deltek i kunnskapsklynga Polyfon. Kunnskapsklynga er eit nasjonalt samarbeid om musikkterapi.
- Vi lanserte boka Dagsturhyttene i Hordaland. Boka inneheld bilete og presentasjonar av 32 hytter i denne delen av fylket.
- Vi delfinansierte og koordinerte to turnear i folkebiblioteka. Ein av turneane var del av landslovjubileet, 750-årsjubileet for landslova til Magnus Lagabøte.
- Vi starta prosjektet Leselyst med dei minste – aktiv formidling i Vestland i 2024. Målet er å styrke samarbeidet mellom bibliotek og barnehagar om leselyst med dei minste. 22 kommunar er med i prosjektet.
- På fylkesfestivalane for Ung kultur møtest (UKM) deltok unge på eigne premissar, og med uttrykk dei valde sjølve. På festivalane nytta vi lokale tilbod og ressursar i vertskommunane. Ei gruppe fekk reise til UKM-festivalen, som i 2024 vart lagt til Bodø i samband med at byen var europeisk kulturhovudstad.
- Frivilligprisen til Vestland fylkeskommune skal motivere, synleggjere og verdsetje frivilligheita i fylket. I 2024 gjekk prisen til Ida Kristin Sekkingstad for den store innsatsen sin for ROS – Rådgeving om spiseforstyringar.

Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.

- Askøy vidaregåande skule opna i 2024. Her er mange kunstverk, som er del av Vestland fylkeskommune si satsing på kunst i fylkeskommunale bygg og opne rom.
- Kunst- og kulturliv skapar attraktive tettstadar, og vi støttar mange aktørar med prosjekttilskot, driftstilskot og kunstnarstipend. Særleg i Bergen er det sterke, profesjonelle aktørar på kunst- og kulturfeltet som har eit høgt nasjonalt og internasjonalt nivå.
- Vossa Jazz-prisen stimulerer og støtter opp under enkeltkunstnarar som er avgjerande for eit sterkt og innovativt kunstliv. I 2024 gjekk prisen til Gabriela Garrubo, ein musikar, bandleiar og låtskrivar som er ein viktig del av jazz- og musikkmiljøet i Bergen.

Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

- Fylkestinget vedtok å vidareføre ordninga om tilskot til transport til papirlause menneske i Vestland.
- Kunnskapsgrunnlaget om papirlause menneske i Vestland har ført at Helse- og omsorgsdepartementet vurderer behov for informasjon retta ut mot papirlause menneske på ulike språk.
- Vi arrangerte fire webinar med mål om kompetanseheving på integreringsfeltet. Her samarbeidde vi med fem kommunar, universitetssektoren og fleire frivillige organisasjonar for å dele døme på godt integreringsarbeid i fylket.
- Vi har sendt ut elleve nyhendeletter på integreringsfeltet. Nyhendeletteret har hatt ei jamn auke i talet på lesarar og når over 200 lesarar per utgåve.
- Vi har sendt ut nyhendeletter med tema folkehelse til om lag 150 mottakarar ein gong i månaden.
- Vi var vertskap for Folkehelsekonferansen Vest 2024, som Idrettsklynge Vest arrangerte. Konferansen sette søkelyset på fysisk aktivitet, og korleis inspirere til meiraktivitet.
- Vi arrangerte den årlege dialogkonferansen for idrett og friluftsliv i Florø. Konferansen er ein årleg møtestad for kommunar og fylkeskommunen, og målet er fagleg oppdatering, nettverksbygging, og å motivere og inspirere til vidare arbeid med tilrettelegging for fysisk aktivitet.
- I samarbeid med kommunane bidrog vi til at folkebiblioteka i åtte kommunar har fått oppgraderte nettstadar, med opplæring og digitalt innhald.
- Vi delfinansierte og organiserte eit konsortium for e-medium i biblioteka, der 42 kommunar deltek.
- Nasjonal digital infrastruktur for bibliotek er i ferd med å bli etablert i eit samarbeid mellom Nasjonalbiblioteket, andre fylkeskommunar og kommunar.

Mål 4 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Strategi 4.1: Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

- Vi forvaltar ei rekke tilskot til kulturlivet, og gir tilskot til prosjekt som fremjar inkludering og mangfald til fleire samfunnsgrupper. Det er eit krav for å få tilskot at tiltaka er opne og inkluderande.
- Vi delte ut tilskot til 17 prosjekt i ordninga for inkluderings- og integreringsfremjande tiltak. Målet er å stimulere til brei samfunnsdeltaking og å bygge ned hinder som stenger for dette. Slik bidreg vi til å motverke utanforskap, og til å stimulere til variasjon og mangfald i tilbod og aktivitetar.
- Vi delte ut tilskot til 26 kommunar frå ordninga Den kulturelle spaserstokken. Slik er vi med og legg til rette for formidling av profesjonell kunst og kultur til eldre i eit samarbeid mellom kultursektoren og helse- og omsorgssektoren.
- Vi delte ut tilskot til arenautvikling i bibliotek til seks kommunar. Tilskota gjekk både til oppgradering av lokale og til mobile bibliotektenester.
- Vi avslutta hovuddelen av prosjektet Kraftturisme – opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet i 2024. Prosjektet skal samordne og leggje til rette for å utvikle brei verdiskaping basert på eldre kraftinstallasjonar som i dag er opne for besøk, og reiselivsbedrifter i regionane som saman kan skape eit attraktivt reiselivsprodukt.

Strategi 4.2: Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.

- Gjennom tilskotsordninga Den kulturelle spaserstokken (DKSS) bidreg vi med opplevingar av profesjonell kunst og kulturuttrykk til personar over 67 år i fylket.
- Vi arrangerte konferanse om musikk som helsefremjande ressurs. Konferansen sette søkjelys på kvifor og korleis musikk kan vere ein helseressurs, med særleg vekt på born og unge.
- Vi deltok i møteplassen Idrettsklynge Vest har for trening og fysisk aktivitet for eldre. Slik bidreg vi med å utveksle kompetanse og erfaringar, og å synleggjere viktigheita av trening og fysisk aktivitet for denne målgruppa.

Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

- Vi arrangerte lokalhistorisk webinar for arkiv, bibliotek, frivillig sektor og ålmenta. Tema for webinarret var Kysten og demokratiutvikling.
- Vi starta ein ny programperiode i den nasjonale satsinga Program for folkehelsearbeid. Programmet er ei satsing for å utvikle arbeidet kommunane gjer med å fremje helse og livskvalitet, med vekt på barn og unge og rusførebygging. Det er sett i gang 18 prosjekt i 21 kommunar som del av programmet.

- Vi har oppretta eit nytt integreringsteam i Vestland fylkeskommune. Teamet er eit forum på tvers av ulike avdelingar i fylkeskommunen, som saman med skulane samarbeider om integreringsfremjande oppgåver. Mange av oppgåvene er på regionalt plan.
- Vi fekk produsert ein spesialrapport om levekår for skeiv ungdom i Vestland. I tillegg har vi starta eit samarbeid med skeive organisasjonar i fylket, for å sikre innspel frå målgruppa i arbeidet med levekårstiltak.
- Vi starta eit prosjekt som prøver ut musikkterapitiltak i vidaregåande skular. Målet er å sjå på musikkterapi og musikktilbod som alternativ lærings- og meistringsarenaer, og å bidrag til gode skulemiljø.
- Vi arrangerte 99 faglege seminar, møte, kurs og besøk for bibliotekstilsette i kommunane.
- Vi delte ut tilskot til 15 kommunar til prosjekt og kompetanseheving i folkebibliotek.
- Vi finansierte tre utanlandsreiser med elleve deltakarar på jobbskygging gjennom Erasmus+-midlar tildelt eit konsortium for folkebiblioteka i Vestland. Ordninga bidreg til kompetanseheving og erfaringsutveksling med kollegaer i Europa.
- Vi lånte ut klassesett med til saman 12 500 bøker til grunnskular i Vestland. Samlinga har i hovudsak bøker på nynorsk.
- Vi utvikla vår eigen versjon av utstillinga Jakta på sanninga, som vart sendt på turné til folkebibliotek rundt om i fylket. Målet med utstillinga er å styrke folkebiblioteka sitt bidrag til kjeldekritisk kompetanse og mediemedvit.
- Vi samarbeida med fleire fylkeskommunar om prosjekta Formidlingskompetanse i folkebibliotek og Kompetanseløft for formidling av forskingsbasert kunnskap i folkebibliotek.
- Vi gav alle skuleelevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen tilbod om profesjonell kunst og kultur gjennom Den kulturelle skulesekken. Opp mot 100 produksjonar og om lag 245 utøvarar var på turné i 2024-programmet til fylkeskommunen. Vi la vekt på at programmet skulle ha god balanse mellom frilansutøvarar, frie grupper og større kunst- og kulturinstitusjonar, og vi prioriterte lokale utøvarar og kunst- og kulturinstitusjonar.
- Tretten frivillige og offentlege organisasjonar i Vestland underteikna Fritidserklæringa Vestland. Dei forpliktar seg med det til å jobbe for ei inkluderande fritid for barn og unge. Fritidserklæringa byggjer på barnekonvensjonen til FN, som seier at born har rett til kvile, fritid og leik, og til å ta del i kunst og kulturliv.

Oversikt over tilskot til kultur og folkehelse i 2024

Avdeling for kultur og folkehelse fordelte totalt 672 842 000 kr i tilskot i 2024. Her er ei seksjonsvis oversikt:

Kulturformidling - totalt	54 767
Bibliotekprosjekt og tilskot	2 550
Tenester til biblioteka	7 823

Distriktsmusikarordninga	5 090
Den kulturelle skulesekken (DKS)	37 271
Ung kultur møtast (UKM)	2 033

Fysisk aktivitet og inkludering - totalt	318 165
Folkehelse	5 622
Nasjonale folkehelseprogram (statleg ordning)	11 662
Kultur og helse	5 142
Tilskot spelemidlar	236 906
Tilskot til friluftsarbeid	14722,6
Tilskot til friluftsliv (statlege ordningar)	6 500
Tilskot til idrettsarbeid	20 232
Tilskot til inkludering og mangfald	7 578
Tilskot til Jobbsjansen del B	9 800

Kulturarv - totalt	173 764
Verdsarven	20 000
Drift av verna fartøy (Savos)	3 000
Sikring og istandsetjing av verna fartøy	18 500
Profane mellomalderbygg	1 365
Brannsikring av verneverdige trehusmiljø	650
Mellomalderruinar	5 000
Freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	21 650
Tekniske og industrielle kulturminne	12 100
Verna kulturminne i Vestland	1 600
Driftstilskot til regionale og nasjonale kulturminne	1 847
Stiftinga Oselvarverkstaden	1 870

Gulatinget	1 361
Gulatinget-Landslovjubileet	850
Utviklingsstipend i tradisjonshandverk	50
Verdiskaping på kulturminneområdet	600
Regionalparkane i Vestland	1 071
Selje pilegrimsenter	321
Bergen pilegrimsenter	321
Urnes verdsarvsenter - Fortidsminneforeningen	136
Bergen Nasjonale Veteranskipshavn	100
Museumsløft 2023	1 300
Bygningsverntenesta ved musea	3 300
Fartøyvern ved musea i Vestland (Savos)	1 626
Drift musea	75 145

Kulturutvikling - totalt	126 146
Kulturelt utviklingsprogram (KUP)	7 150
Kunstinstitusjonar	59 393
Stønad etter vedtak	4 200
Tilskot kulturhus	15 700
Tilskot til frivillige organisasjonar	18 304
Ymse B/U tilskot	2 683
Tilskot til drift av kulturhus/ lokale til kunstformidling	17 216
Tilskot regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar	1 500

	Faktiske årsverk 2024			
Org.eining	Fast	Vikar	Midlertidig	Total
Stab	6,39	0,00	0,00	6,39
Arkiv	20,67	0,10	2,10	22,87
Bibliotek og kulturformidling	20,30	0,58	0,00	20,88
Kulturarv	38,96	2,62	2,01	43,59
Kulturutvikling	8,06	0,50	0,00	8,56
Fysisk aktivitet og inkludering	17,72	1,50	0,59	19,81
Total	112,10	5,30	4,70	122,10


Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvarsgruppe	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024	2024		
400-Kultur og folkehelse	0	1	0	-1	0,0 %
401-Stab	8 235	8 292	8 692	399	4,6 %
410-Arkiv	9 273	12 059	12 161	102	0,8 %
420-Bibliotek og kulturformidling	34 028	33 730	34 158	428	1,3 %
440-Kulturarv	121 191	126 180	124 852	-1 328	-1,1 %
450-Kulturutvikling	157 884	124 501	126 419	1 917	1,5 %
460-Fysisk aktivitet og inkludering	85 956	77 222	76 234	-989	-1,3 %
Sum	416 568	381 985	382 515	530	0,1 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)




Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	1,97 %	3,24 %	5,21 %

Mobilitet og kollektivtransport

Skildring av tenestekområde



Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Strategi 1.1: Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.

- Koronapandemien og pålagde tiltak gav ein auke i del kollektivbrukarar utan gyldig billett i Vestland. Dersom dei som i dag reiser utan gyldig billett hadde betalt, ville det gitt 80–100 mill. kr meir i fylkeskommunal inntekt. Avdelinga har i 2024 styrkt inntektssikringa ved å auke kapasiteten i kontrollapparatet og innføre nye rutinar for billettkontroll. Vi har etablert eit eige båtlag for kontroll på hurtigbåtar og intensivert kontrollane utanfor sone A.

Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

- Kollektivtransport er eit sentralt verkemiddel for meir berekraftig persontransport. Veksten i reisetala heldt fram i 2024. Totalt var det 92,7 millionar påstigingar på buss, båt og bybane i Vestland i 2024, mot 89,1 millionar i 2023.
- I 2024 var CO2-ekvivalentutsleppet frå fylkeskommunal kollektivtransport om lag 100 000 tonn. Dei siste åra har utsleppa gått markant nedover, frå kring 159 000 tonn i 2019.
- Det var oppstart av ny kontrakt for lokalbåtar i Sogn og Fjordane i 2024. Kontrakten inneheld dei første rutegåande, hybride båtane i Vestland. Oppstarten i Florabassenget har dessverre hatt store driftsutfordringar.
- Avdelinga har deltatt i prosjektet Fremtidens hurtigbåt saman med tre andre fylkeskommunar. Målet for prosjektet er å utvikle ei nullutsleppsløysing som har 30 prosent lågare energiforbruk samanlikna med dagens fossildrivne referansefartøy.
- Miljøkrav for drosjenæringa i gamle Hordaland fylke tredde i kraft 1. april 2024. 84 prosent av alle drosjene i gamle Hordaland fylke er fossilfrie ved utgangen av 2024.

Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

- Vi har saman med kommunane revidert namna på rundt 500 haldeplassar i Austrheim, Bergen og Stryn, for å sikre at namna har god lokal tilhøyring og møter kollektivfaglege behov. Dette var eit initiativ frå Språkrådet og kjem i tillegg til løpande ordinære namneendringar.
- Avdelinga har gjennomført ekstraordinær utskifting av master langs trolley-nettet i Bergen for å sikre tryggleik og vidare elektrisk drift.

Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

- Avdelinga bidrar kvart år til å nå klima- og miljømåla gjennom utsleppskrav i transportkontraktane. Sjå kapittel om klima- og miljørekneskap for detaljert informasjon.

Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

- Skyss starta i september 2024 tilbod med bestillingstransport i Samnanger, Kvinnherad og Masfjorden. I løpet av 2024 vart det køyrt over 4000 passasjerar, fordelt på meir enn 20 000 passasjerkilometer.
- Vi jobbar jamleg med å sikre trygge og attraktive løysingar for mjuke trafikantar gjennom uttale til kommunale planar. Tilrettelegging for møteplassar og trygg tilkomst til sentrumsområde bidreg å utvikle levande lokalsamfunn.
- Avdelinga har gjennom tilskotsordninga for trafikktryggingsaktivitetar delt ut 2,7 millionar kroner. Tilskota er fordelt på 101 søkjarar med føremål om å styrke trafikksikker atferd i befolkninga.
- Avdelinga har i 2024 bidrege til Transportøkonomisk institutt (TØI) sitt forskingsprosjekt GjennomFjell, saman med Helse Bergen og Bergen kommune. Forskingsprosjektet undersøker om opninga av bybane- og sykkelnett til Fyllingsdalen har ført til endringar i reisevanar.
- Avdelinga har hatt utfordringar knytt til ferjeregularitet grunna innstramming av praksis for dispensasjon frå reglar om kviletid for ferjetilsette og mangel på maskinistar hos operatør. Vi har jobba med dette gjennom året, og regularitet for fjerde kvartal var høgare enn 99,5 prosent.
- Vi har gjennomført analyse av avstandssoner rundt grunnskular. Resultatet synte at 74 prosent av befolkninga i fylket bur innanfor 2 km frå ein grunnskule, og generelt er barnehage, næring og daglegvare lokalisert nær ein grunnskule. Det inneber at satsing på trygge skuleveggar også vil ha positiv innverknad på andre viktige målpunkt.

Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.

- Avdelinga har i 2024 fremja fylkeskommunale interesser i oppfølging av nullvekstmålet gjennom planuttalar og kommunedialog. I planarbeid er det viktig å prioritere gode infrastrukturløysingar for dei som reiser kollektivt, går eller sykklar for å utvikle attraktive senter.
- Vi har bidratt inn i planlegginga av Bybanen til Åsane.
- Mobilitetspunkt er stadar der reisande kan byte mellom ulike typar mobilitet, til dømes buss, delingsbil eller sparkesykkel. I 2024 har avdelinga, saman med Bergen kommune, gjennomført eit prosjekt med sluttrapport og kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med mobilitetspunkt.
- Fleire store og små prosjekt er ferdigstilte gjennom arbeid i Miljøløftet i 2024, og fleire tiltak er under planlegging.

Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

- Sidan september 2023 har vi i samarbeid med Miljøløftet og selskapet Nabogo testa eit prøveprosjekt for samkøyring. Prosjektet har gått i heile 2024, og bruken av tenesta har vore langt høgare enn venta. Totalt har det vore rundt 69 000 turar i 2024. Ei brukarundersøking syner at samkøyring ofte erstattar bilreiser, men i nokre høve også turar som folk elles ville ha gjort med buss, sykkel eller til fots.
- I 2024 har vi hatt særleg merksemd på å betre ladetilbodet til drosjenæringa i fylket, i samband med innføring av krav til nullutslepp i Vestland fylke.
- Vi har gjennomført datainnhenting frå drosjenæringa for å styrke oversikta over drosjetilbodet i fylket og marknadssituasjonen.
- I 2024 har Skyss fornya kortløysinga for skuleskyssbilletten. Barneskuleelevar (og eldre elevar som ikkje vil ha skuleskyssbillett på mobilen) får eit skuleskysskort der billetten ligg lagra digitalt. Elevane kan bruke det same kortet så lenge dei går på skulen, i staden for å få eit nytt kort kvart år. Løysinga gir ein enklare kvardag for elevane og mindre administrasjon for skulane og Skyss.
- Avdelinga har i 2024 bidratt til å etablere gode infrastrukturløysingar for dei som reiser kollektivt, sykklar eller går. Det har vi gjort gjennom planuttalar og kommunedialog. Slik tilrettelegging av miljøvennlege reisealternativ er svært viktig i arbeidet med nullvekstmålet.
- Skyss lanserte i 2024 ei ny kjøpsløysing til bruk for bedrifter og organisasjonar som vil late tilsette, brukarar eller andre reise med kollektivtransport på deira rekning. Med løysinga kan verksemdene bli fakturerte direkte, slik at dei slepp tradisjonelle reiseoppgjær.
- Avdelinga har deltatt i beredskapsøvingar og auka merksemda på beredskapsarbeid.
- I desember 2023 vedtok fylkestinget at Vestland fylkeskommune skal gå inn på eigarsida i TET Digital AS, som skal utvikle og levere digitale løysingar til eigarane sine. I 2024 har avdelinga jobba med å gjennomføre dette, og Vestland fylkeskommune vil formelt gå inn som eigar i 2025.

Mål 4 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Strategi 4.1: Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

- Gode mobilitetsløysingar er viktige for å auke tilkomst til fritidsaktivitetar. Tenesta tilrettelagt transport (TT) er eit viktig tilbod, som gir større moglegheit for personar med nedsett funksjonsevne til å delta i lokalsamfunnet.
- I samarbeid med dei andre fylkeskommunane har avdelinga gjennom Forum for tilrettelagt transport jobba målretta med å påverke forslaget til ny forskrift for den statlege ordninga. Slik er vi med og sikrar at denne vert best mogleg.

Strategi 4.2: Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.

- Vi har saman med Transportøkonomisk institutt gjennomført ei førundersøking for å få kunnskap om korleis eldre reiser, før etablering av bestillingstenester. Planen er å gjennomføre ei etterundersøking i desse kommunane, når tilbodet om bestillingsbuss har vore eit etablert ei tid.
- Avdelinga har i 2024 hatt søkjelys på kapasiteten på rullestoldrosjer i distriktet, for å sikre eit godt tilbod til personar med nedsett funksjonsevne.

Energi og klimagassutslepp frå kollektivtransporten

Informasjon og statistikk om energi og klimagassutslepp frå kollektivtransporten i Vestland i 2024 finn du i klima- og miljørekneskapen.

Påstigingar i kollektivtrafikken i Vestland i 2024

Kollektivtransport er eit sentralt verkemiddel for meir berekraftig persontransport. Veksten i reisetala heldt fram å auke i 2024. Totalt var det 92,7 millionar påstigingar på buss, båt og bybane i Vestland i 2024, mot 89,1 millionar i 2023.

Meir enn 9 av 10 av alle kollektivreiser fylket føregjekk i Bergen og omlandskommunane (byvekstavtaleområdet). Det tilsvarer 85,4 millionar påstigingar (92 prosent). Det var også i dette området at veksten var størst. I samspelet buss, bybane og bybåt var den prosentvise veksten på 4 prosent. I området for byvekstavtalen var det 1,7 millionar fleire påstigingar på buss i 2024 enn året før, ein auke frå eit allereie høgt tal. I 2024 var det her heile 10 000 fleire påstigingar dagleg på kvardagar enn i 2023.

Oversikt over påstigingar på buss, bane og båt

Påstigingar kollektivtrafikk Vestland			
Geografisk fordeling	2022	2023	2024
Buss Bergen kommune	43 696 000	48 181 000	49 725 000
Buss byvekstavtale-området*	51 405 000	57 014 000	58 735 000
Bybanen	19 122 000	24 288 000	25 850 000
Bybåt Klepppestø–Strandkaien	588 000	656 600	685 000
Bybåt Knarvik–Frekhaug–Strandkaien	117 000	164 000	157 000
Total byvekstavtale-området*	71 232 000	82 122 600	85 427 000
Buss** Vestland utanom byvekstavtaleområdet	6 400 000	6 056 000	6 588 000**
Båt Vestland utanom bybåtane i Bergen	890 000	941 400	949 000
Total Vestland	78 522 000	89 120 000	92 964 000

*) Byvekstavtale-området = kommunane i byvekstavtalen (Miljøløftet). Avtalen omfattar Bergen, Askøy, Øygarden, Alver og Bjørnafjorden.

**) Endring i teknologi for passasjerteljing i nokre busskontraktar gjer at tal for buss i distriktet for 2023 og 2024 ikkje er direkte samanliknbare, og dermed heller ikkje totaltala for buss i heile Vestland.

Oversikt over påstigingar på alle transportmiddel inkludert fylkesvegferjene

Transportmiddel	2022	2023	2024
Vestland buss**	57 805 000	63 071 000	65 079 000*
Vestland bybane	19 122 000	24 288 000	25 850 000
Sum bybane og buss	76 928 000	87 359 000	90 929 000
Vestland båt	1 596 000	1 762 000	1 780 000
Vestland ferje***	5 238 000	5 371 000	5 924 000***
Sum Vestland alle transportmiddel	83 761 000	95 492 000	98 633 000

*) Byvekstavtale-området = kommunane i byvekstavtalen (Miljøløftet). Avtalen omfattar Bergen, Askøy, Øygarden, Alver og Bjørnafjorden.

**) Endring i teknologi for passasjerteljing i nokre busskontraktar gjer at tal for buss i distriktet for 2023 og 2024 ikkje er direkte samanliknbare, og dermed heller ikkje totaltala for buss i heile Vestland.

***) På fleirkant-ferjesamband vert passasjerar no talde for kvart stopp, og statistikken for tal passasjerar blir dermed høgare enn det verkeleg er. Eventuelle spørsmål kan rettast til Fergedatabanken.

Årsverk

	Faktiske årsverk 2024			
Org.eining	Fast	Vikar	Midlertidig	Total
Mobilitet og kollektivtransport	1,00	0,00	0,00	1,00
Skyss	98,14	3,64	5,36	107,14
Strategi og eigarstyring	2,00	0,00	0,00	2,00
Transportplan	5,87	0,58	0,00	6,45
Forvalting	11,58	0,00	0,20	11,78
Total	118,59	4,22	5,56	128,37


Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvarsgruppe	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
500-Mobilitet og kollektivtransport	2 110	2 300	2 817	517	18,4 %
510-Skyss	3 197 926	3 575 753	3 404 136	-171 617	-5,0 %
520-Strategi og eigarstyring	4 385	2 577	5 772	3 195	55,4 %
530-Transportplan	8 762	9 182	10 351	1 169	11,3 %
540-Forvalting	107 416	109 789	150 752	40 963	27,2 %
Sum	3 320 600	3 699 601	3 573 828	-125 773	-3,5 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)




Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	2,02 %	2,61 %	4,63 %

Infrastruktur og veg

Skildring av tenestekområde



Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Strategi 1.1: Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.

- Avdeling for infrastruktur og veg har ein kontinuitetsplan for pandemisituasjonar. Det har ikkje vore naudsynt å sette i gang særskilte tiltak i høve koronapandemien i 2024.

Strategi 1.2: Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.

- Avdeling for infrastruktur og veg medverkar med tiltak som FoU-kontraktar for nye materialar i bygg og anlegg og innovativ skredsikring.
- Avdelinga samarbeider med transportklynga VIA om sikker, smart og berekraftig transportinfrastruktur.
- Vi deltar i nettverket Grønn anleggssektor for å sikre ei grøn og fossilfri framtid, der innovasjon og nye former for verdiskaping er naudsynte.
- Avdelinga stiller miljøkrav og stimulerer til redusert klimagassreduksjon i anskaffingar for fylkesvegane (sjå strategi 2.1 og 2.3).
- Det er gjort tiltak for å fremje sirkularitet i offentlege infrastrukturprosjekt gjennom Leverandørutviklingsprogrammet (LUP). Det bidrar til at leverandørar i Vestland posisjonerer seg for å sikre verdiskaping lokalt.
- Avdelinga har etablert ressursforum for sirkulær massehandtering i Vestland. Forumet skal gjere det enklare å oppretthalde eit samarbeid på tvers av aktørar i verdikjeda for jord- og steinmassar. Dette bidrar til å styrke sirkularitet i verdikjeda og aukar grøn konkurransekraft ved å redusere både transportbehov og uttak frå natur.

Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.

- Vi medverkar med tiltak som sikrar best mogleg framkome og trafikktryggleik, blant anna auka satsing på vedlikehald og prioritering av beredskapsarbeid.
- Avdelinga jobbar innovativt og set krav til nytenking på fleire felt, til dømes innovativ skredsikring, nye kontraktsformer, klima og miljø.
- Vi lyser ut FoU-prosjekt med mål om å nytte resirkulert aluminium frå utrangerte bustadplattformer i brukonstruksjon. Tiltaket vil bidra til lokal næringsutvikling, kompetanseutvikling og styrke den sirkulærøkonomiske verdikjeda for aluminium lokalt og regionalt.

Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

- Vi set krav til entreprenørar om BREEAM infrastructure-sertifisering nivå Good på prosjekt over 200 mill. kr.
- Avdeling for infrastruktur og veg leiar prosjektet Klima i planfase, som skal redusere klimagassutslepp gjennom høgare prioritering av klima når vi planlegg vegprosjekt.

- Avdelinga samarbeider med fire andre fylkeskommunar for å utvikle verktøy for betre budsjettering og rapportering av klimagass i vegdrift.
- Avdelinga bidrar i samarbeidsprosjektet klimaKNAP. Prosjektpartnerane er Maskinentreprenørenes forbund (MEF), Bygg og Anlegg (EBA), Statens vegvesen og Bane NOR.
- Vi har kartlagt moglegheita for å elektrifisere vedlikehalds- og utbyggingsprosjekt.
- Avdelinga vektar klima og miljø i anskaffingar for å redusere klima- og miljøpåverknaden av verksemda.
- Avdelinga etterspør grønne løysingar i anskaffingane sine.

Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

- Det er gjort ei overordna kartlegging av kostnadane med å flaumsikre fylkesvegnettet.
- Auka satsing på forsterkning av vegoverbygning og oppgradering av dreneringssystem bidrar til å forlenge levetida på infrastrukturen.
- Avdelinga er i gang med å utarbeide arealrekneskap for å gjere greie for naturkonsekvensane ved budsjettvedtaka knytt til fylkesvegane.
- I planprosessane synleggjer vi kva effekt infrastrukturtiltak kjem til å få i framtida, i tillegg til kva verknader det har for viktige natur- landskaps- og kulturverdiar.
- I 2024 vart det kartlagt artsrike område, store tre og framande artar langs fylkesvegane i driftskontraktområda Nordhordland, Midthordland og Voss. Målet er å sikre at biologisk mangfald vert teke vare på. Samstundes sørger vi for at framande artar ikkje vert spreidde ukontrollert langs fylkesvegane. Resultat frå kartlegginga er tilgjengeleg i Nasjonal vegdatabank (NVDB) og i offentlege kartdatabasar.
- Avdelinga har gjennomført ei utgreiing om konsekvensane ved reetablering av natur på nedlagte fylkesvegparcellar.
- Vi har bidratt til å rydde fiskevandringshinder knytt til fylkesveg i utvalde vassdrag.
- I Solund stilte vi opp saman med entreprenør på ryddedugnaden Rein Sognefjord.

Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

- Det er gjort tiltak for å fremje sirkularitet i offentlege infrastrukturprosjekt gjennom Leverandørutviklingsprogrammet (LUP). Det bidrar til redusert klimafotavtrykk gjennom anskaffingar for fylkesvegane.
- Vi set krav om at entreprenørar i totalentreprisar leverer klimagassbudsjett og klimagassrekneskap.
- Vi legg vekt på dokumenterte løysingar for overgang til meir miljøvennlege maskiner og køyretøy i kontraktane.
- Arbeidet med systematisk overtaking av veglys og utskifting til LED-lys heldt fram i 2024.
- Avdelinga vektar klima og miljø i anskaffingar for å redusere klima- og miljøpåverknaden og i tillegg auke etterspurnaden for grønne løysingar i marknaden.
- Avdelinga gjennomførte stikkprøvekontroll på tre asfaltfabrikkar for å sikre rett kvalitet og effekt av krav og kriterium i dekkeleggingskontraktar.

- Paradis bru, i materialet kompositt, vart montert og opna på Paradis i Bergen. Brua skal betre situasjonen for fotgjengarar og syklistar og sikre trafikktryggleik ved kryssingspunkt av veg og bybane.

Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

- Avdelinga deltek i prosjektet Cywalk i regi av Transportøkonomisk institutt (TØI). Prosjektet ser nærare på korleis vi kan få meir kunnskap om eineulukker med sykkel, som utgjer ein vesentleg del av dei store mørketala i den offisielle ulukkesstatistikken.
- Trafikktryggingsprisen i Vestland, som trafikktryggingsutvalet deler ut årleg, gjekk i 2024 til Vassenden skule i Sunnfjord kommune. Skulen fekk prisen for arbeidet sitt med å etablere ei velfungerande hjartesone rundt skulen.
- Trafikktryggingskonferansen er ein møteplass for kommunane og sentrale aktørar innanfor trafikktryggingsarbeidet i Vestland. Aktuelle tema innanfor trafikktryggleik vart presentert, til dømes arbeid retta mot ungdom, fartsgrenser, sykkelulykker og bruk av kunstig intelligens. Konferansen fann i 2024 stad i Bergen.

Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.

- Vi syner til årsmeldinga for Miljøløftet, som gjev oversikt over tiltak og aktivitet i Miljøløftet-kommunane.
- Det har også i 2024 vore aktivitet på tiltak i Askøypakken, Nordhordalandspakken, Bømlopakken og Førdepakken.

Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

- Vi jobbar med å legge til rette for å ta i bruk kunstig intelligens (KI) til betre og raskare analyse av vêrdata og anna. Det skal hjelpe oss i vurderingane knytt til preventiv stenging av vegar.
- Publikumsløysinga for å melde frå om feil på veglys er oppdatert slik at det skal vere enklare å få entreprenør til raskt å kunne rette opp melde feil. Entreprenør får direkte tilgang til feilmeldingane.

- Vi brukar spørsmåla som kjem inn via chatbot på nettsida til å utvikle betre nettsider for det det blir spurt mest om. Vi jobbar med å ha betre og meir oppdaterte nettsider for vegprosjekta våre.
- Fylkesatlas syner at avdelinga gjer tiltak på vegnettet i heile fylket.

Mål 4 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Strategi 4.2: Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.

- Avdelinga jobbar med å sikre attraktivitet, framkome, trafikktryggleik og universell utforming i arbeidet med utbygging og utbetringar av gang- og sykkeltilbod og ei styrking av drift og vedlikehald. Handlingsprogram for trafikktrygging prioriterer tiltak retta mot sårbare trafikantgrupper som barn, unge og eldre.

Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

- I handlingsprogram for trafikktrygging er eitt av satsingsområda mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg. Her vert det mellom anna jobba med sikring av skuleveg, hjartesonar kring skulane, godkjenningsordninga Trafikksikker kommune og tilskot til åtferdsretta arbeid for barn, unge og eldre. Avdeling for infrastruktur og veg, avdeling for mobilitet og kollektivtransport og Trygg Trafikk Vestland jobbar tett saman i dette arbeidet.
- Vi har auka satsinga på å utbetre dekke på gang- og sykkelveg.

Prosjektrekneskap

Fylkestinget har vedteke at for nokre vegprosjekt skal vi rapportere med prosjektrekneskap i årsrapporten. I 2024 har vi avslutta sju prosjekt som vi rapporterer på i tabellen under.

Område	Prosjektnummer	Prosjektnamn	Kostnadsramme ved byggestart	År	Rekneskap løpande kroner
Mindre utbetringar	60507	Fv. 549 Flatråker–Våge	23 800 000	2020-kr	28 888 775
Mindre utbetringar	60508	Fv. 546 Rådal x 580 Krokeide–Hufthamar–Bekkjarvik x fv. 150	29 750 000	2020-kr	26 689 720
Mindre utbetringar	60509	Fv. 560 Beinastaden–Skogsvåg	29 750 000	2020-kr	43 250 255
Mindre utbetringar	60510	Fv. 570 Andås x E39 Masfjordnes	23 800 000	2020-kr	28 901 656
Mindre utbetringar	60511	Fv. 5582 Sløvåg–Byrknes	29 750 000	2020-kr	47 435 608
Mindre utbetringar	60512	Fv. 616 Kalvåg–Oldeide	23 800 000	2020-kr	25 680 243
Skredsikring	60517	Fv. 5600 fjellsikring	33 850 000	2020-kr	36 033 923

Årsverk

Org.eining	Faktiske årsverk 2024			
	Fast	Vikar	Midlertidig	Total
Infrastruktur og veg	2,00	0,00	0,00	2,00
Stab Infrastruktur og veg	21,00	0,00	0,60	21,60
Planlegging og utbygging	189,28	1,08	0,97	191,33
Vedlikehald, drift og beredskap	95,96	0,41	1,59	97,96
Vegforvaltning	68,70	3,61	3,01	75,32
Total	376,94	5,10	6,17	388,21


Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvarsgruppe	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024	2024		
600-Infrastruktur og veg	4 735	6 402	5 309	-1 093	-20,6 %
601-Stab Infrastruktur og veg	50 274	56 351	55 342	-1 009	-1,8 %
610-Planlegging og utbygging	-18 615	-23 272	-20 463	2 809	13,7 %
620-Vedlikehold, drift og beredskap	1 488 058	1 641 746	1 613 125	-28 621	-1,8 %
630-Vegforvaltning	89 055	88 551	95 617	7 066	7,4 %
Sum	1 613 507	1 769 779	1 748 930	-20 849	-1,2 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	2,23 %	2,45 %	4,68 %

Årsrekneskap

Føreord

Rekneskapsleiar legg med dette fram Vestland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2024.

Årsrekneskapen for 2024 inneheld obligatoriske hovudoversyn og notar i samsvar med kommunelova.

Om resultatet for 2024

Organisasjonen har hatt god budsjett disiplin og det er mindre avvik for dei fleste sektorane. Hovudutfordringa er knytt til kollektivsektoren, der det over tid har vore ubalanse mellom inntekter og utgifter. Rekneskapen for 2024 er gjort opp i balanse. I samsvar med rekneskapsreglane er bruk av disposisjonsfond stroke tilsvarande mindreforbruket på knappe 35 millionar kroner, slik at rekneskapen er gjort opp i balanse mellom inntekter og utgifter. Netto bruk av disposisjonsfond er 362 millionar kroner. Dei siste to åra er disposisjonsfondet redusert med totalt 491 millionar kroner.

Mindreforbruket i rekneskapen skuldast høgare inntekter enn budsjettet, i hovudsak frå havbruksfond, konsesjonskraft og renter. Inntekter frå havbruksfondet vart 99 mill. kr høgare enn budsjettet. Meirinntekter frå sal av konsesjonskraft viste 29 millionar kroner, og renter vart 122 millionar kroner betre enn venta.

Tidlegare år har høgare skatteinngang enn budsjettet vore ei hovudforklaring på gode økonomiske resultat. Dette var ikkje tilfelle i 2024. Skatteinngangen viste då for fyrste gong på fleire år negativ utvikling samanlikna med det som var budsjettet. Samla vart skattesvikten 177 millionar kroner. Stortinget sitt vedtak om å styrke dei frie inntektene til fylkeskommunane i samband med nysalderinga av statsbudsjettet på tampen av året, auka rammetilskotet med 82 millionar kroner og motverka effekten av skattesvikten noko.

Lånegjelda ved utgangen av 2024 er 17,5 milliardar kroner. Dette er nærare 1,2 milliardar kroner høgare enn ved utgangen av 2023. Netto gjeldsgrad, som er forholdet mellom lånegjeld og driftsinntekter, var 92,5 prosent. Trass i relativt stor auke i gjelda, auka inntektene endå litt meir, slik at gjeldsgraden gjekk noko ned.

Konsolidering

Kommunelova set krav til at kommunar og fylkeskommunar skal legge fram ein konsolidert rekneskap. Vestland fylkeskommune har ingen juridiske einingar som krev konsolidering. Fylkeskommunerekneskapen og konsolidert rekneskap er difor identisk.

Årsrekneskapen for 2024 vert lagt fram for fylkestinget.

Fullstendeeerklæring frå leiinga

Uttale frå revisjonen

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

	Beløp i 1000									
	Not	Rekneska	Opph.	Politisk	Rekneska	Avvik i kr	Avvik	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvi
	e	p 2023	bud. 2024	vedtatt	p 2024		i %	2024		k i %
				budsjett						
				2024						
Rammetilskot	-7 211 314	-7 377 000	-7 412 369	-7 558 985	146 616	2,0 %	-7 412 369	146 616	2,0 %	
Inntekt- og formuesskatt	-4 793 061	-5 072 425	-5 072 425	-4 919 353	-153 072	-3,0 %	-5 072 425	-153 072	-3,0 %	
Andre generelle driftsinntekter	-101 666	-158 800	-158 800	-277 282	118 482	74,6 %	-158 800	118 482	74,6 %	
Sum generelle driftsinntekter	-	-	-	-	112 026	0,9 %	-	112 026	0,9 %	
	12 106 04	12 608 22	12 643 59	12 755 62			12 643 59			
	2	5	4	0			4			
Korrigert sum løyvingar drift, netto	10 128 67	11 022 63	11 100 62	11 128 80	-28 178	-0,3 %	11 478 28	349 479	3,0 %	
	1	3	8	6			5			
Avskrivningar	1 637 845	0	0	1 703 745	-		0	-	0,0 %	
					1 703 74			1 703 74		
					5			5		
Sum netto driftsutgifter	11 766 51	11 022 63	11 100 62	12 832 55	-	-15,6 %	11 478 28	-	-11,8 %	
	6	3	8	1	1 731 92		5	1 354 26		
					3			5		

	Not e	Rekneska p 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneska p 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvi k i %
Brutto driftsresultat		-339 527	-1 585 592	-1 542 966	76 930	- 105,0	-1 165 309		-	-
					1 619 896	%			1 242 239	106,6 %
Renteinntekter		-292 570	-219 600	-219 600	-308 613	89 013	40,5 %	-219 600	89 013	40,5 %
Utbytte		-4 000	-15 000	-15 000	-17 203	2 203	14,7 %	-15 000	2 203	14,7 %
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel		-7 775	0	0	-5 516	5 516		0	5 516	0,0 %
Renteutgifter		494 574	684 201	684 201	634 609	49 592	7,2 %	684 201	49 592	7,2 %
Avdrag på lån		930 000	850 000	850 000	850 200	-200	0,0 %	850 000	-200	0,0 %
Netto finansutgifter		1 120 229	1 299 601	1 299 601	1 153 477	146 124	11,2 %	1 299 601	146 124	11,2 %
Motpost avskrivningar		-1 637 845	0	0	-1 703 745	1 703 745		0	1 703 745	0,0 %
						5			5	
Netto driftsresultat		-857 143	-285 991	-243 365	-473 337	229 972	94,5 %	134 293	607 630	452,5 %
Disponering eller dekning av netto driftsresultat										
Overføring til investering		1 153 841	650 481	651 506	771 104	-119 598	-18,4 %	798 728	27 624	3,5 %
Avsettingar til bundne driftsfond		1 099 932	0	0	1 194 529	-		0	-	0,0 %
						1 194 529			1 194 529	
Bruk av bundne driftsfond		-1 267 908	-73 408	-73 408	-1 130 025	1 056 617	1439,4 %	-551 229	578 796	105,0 %
Avsettingar til disposisjonsfond		55 058	101	30 470	91 212	-60 742	-199,3 %	45 770	-45 442	-99,3 %
Bruk av disposisjonsfond		-183 780	-291 183	-365 203	-453 484	88 280	24,2 %	-427 563	25 921	6,1 %
Dekning av tidlegare års meirforbruk i		0	0	0	0	0		0	0	

	Not e	Rekneska p 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneska p 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
driftsrekneskape n										
Sum		857 143	285 991	243 365	473 337	-229 972	-94,5	-134 293	-607 630	-
disponeringar eller dekning av netto driftsresultat							%			452, 5 %
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0	0		0	0	

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

	Not e	Rekneska p 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneska p 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
										Beløp i 1000
Fellesutgifter- og inntekter	-638 791	-362 353	-361 903	-527 058	165 155	45,6 %	-518 236	8 822	1,7 %	
Politisk styring og kontrollorgan	70 814	67 100	66 575	64 543	2 031	3,1 %	67 891	3 347	4,9 %	
Organisasjon og økonomi	154 043	167 967	167 967	163 258	4 709	2,8 %	168 410	5 152	3,1 %	
IKT og digitalisering	189 827	189 789	192 789	195 635	-2 846	-1,5 %	193 378	-2 257	-1,2 %	
Eigedom og utbygging	602 352	608 603	608 603	599 141	9 462	1,6 %	617 836	18 695	3,0 %	
Tannhelse	376 149	373 204	379 204	378 014	1 190	0,3 %	378 014	0		
Næring, plan og innovasjon	276 013	200 393	205 243	211 126	-5 882	-2,9 %	211 314	189	0,1 %	
Opplæring og kompetanse	3 873 37 7	4 019 00 5	4 022 27 5	4 100 14 8	-77 873	-1,9 %	4 101 37 0	1 222	0,0 %	

	Not e	Rekneska p 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneska p 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Kultur og folkehelse		416 568	380 850	391 800	381 985	9 814	2,5 %	382 515	530	0,1 %
Mobilitet og kollektivtransport		3 320 600	3 564 616	3 569 616	3 699 601	-129 985	-3,6 %	3 573 828	-125 773	-3,5 %
Infrastruktur og veg		1 613 507	1 735 737	1 735 737	1 769 779	-34 042	-2,0 %	1 748 930	-20 849	-1,2 %
Utgåtte ansvar		0	0	0	0	0		0	0	
Aktivitetar utanfor fylkeskommunalt område		0	0	0	0	0		0	0	
Sum løyvingar drift, netto		10 254 459	10 944 910	10 977 905	11 036 171	-58 266	-0,5 %	10 925 250	-110 922	-1,0 %
Av dette:										
Netto renteutgifter og -inntekter		-31 614	1	1	-37 691	37 693	3125430,2 %	1	37 693	2680859,8 %
Overføring til investering		350 575	0	0	56 943	-56 943		84 567	27 624	32,7 %
Avsetninger til bundne driftsfond		1 099 932	0	0	1 119 529	-1 119 529		0	-1 119 529	0,0 %
Bruk av bundne driftsfond		-1 267 908	-73 408	-73 408	-1 056 615	1439,4 %		-551 229	578 796	105,0 %
Avsetninger til disposisjonsfond		55 058	101	101	60 843	-60 742	-59903,9 %	15 401	-45 442	-295,1 %
Bruk av disposisjonsfond		-80 254	-4 417	-49 417	-162 234	112 817	228,3 %	-101 777	60 457	59,4 %
Korrigert sum løyvingar drift, netto		10 128 671	11 022 633	11 100 628	11 128 806	-28 178	-0,3 %	11 478 285	349 479	3,0 %

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Investeringar i varige driftsmidlar		4 743 754	4 295 485	3 811 597	3 862 386	-50 789	-1,3 %	3 858 016
Tilskot til andre sine investeringar		371 113	37 815	37 815	72 405	-34 590	-91,5 %	45 000
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	1		0	1 025	1 025	0	0,0 %	1 025
Utlån av eigne midlar		81 173	0	10 000	44 611	-34 611	-	10 000
							346,1 %	
Avdrag på lån		32 600	0	0	36 300	-36 300		36 300
Sum investeringsutgifter		5 228 641	4 333 300	3 860 437	4 016 727	-	-4,0 %	3 950 341
						156 290		
Kompensasjon for meirverdiavgift		-667 433	-576 254	-501 036	-653 488	152 452	30,4 %	-515 929
Tilskot frå andre		-769 489	-611 400	-518 067	-726 761	208 694	40,3 %	-518 067
Sal av varige driftmiddel		-702 712	-99 500	-99 500	-147 058	47 558	47,8 %	-99 500
Sal av finansielle anleggsmiddel		-17	0	0	0	0		0
Utdeling frå selskap		0	0	0	0	0		0
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel		-35 905	0	0	-73 937	73 937		-36 300
Bruk av lån		-1 976 037	-	-	-1 634 256	-	-20,8 %	-
			2 379 628	2 064 291		430 035	%	2 049 399
Sum investeringsinntekter		-4 151 593	-	-	-3 235 500	52 606	1,7 %	-
			3 666 782	3 182 894				3 219 194
Overføring frå drift		-1 153 841	-650 481	-661 506	-771 104	109 598	16,6 %	-715 110
Avsettingar til bundne investeringsfond		3 060	0	0	447	-447		0

	Note Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Bruk av bundne investeringsfond	-12 317	-16 037	-16 037	-10 570	-5 467	-34,1 %	-16 037
Avsetninger til ubunde investeringsfond	22 817	0	0	0	0		0
Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0		0
Dekning av tidlegare års udekket beløp	63 233	0	0	0	0		0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	-1 077 049	-666 518	-677 543	-781 227	103 684	15,3 %	-731 147
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	0	0	0	0	0		0

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

	Note Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Beløp i 1000							
Bygg og Eigedom							
IT-investeringar	50 019	21 800	27 400	18 197	9 203	33,6 %	27 400
Utstyr	18 900	10 500	10 500	24 594	-14 094	-134,2 %	24 594
tannhelsetenesta							

	Note Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Fylkeshuset	66 121	152 200	152 200	128 458	23 742	15,6 %	152 200
Leikanger - rehabilitering							
Fylkeshuset Bergen	146 468	0	0	11 909	-11 909		0
Fylkeshuset Bergen - innflyttingsprosjekt	44 107	0	0	0	0		0
Mo og Øyrane vgs – nytt verkstadbygg	13 527	0	0	513	-513		0
Mo og Øyrane vgs - Ridehall	20	0	0	0	0		0
Førde vgs/campus Førde	368 142	52 000	52 000	11 562	40 438	77,8 %	52 000
Sogndal vgs - avd. Kaupanger og Vitensenter	530	0	0	0	0		0
Flora vgs - Idrettssenter (NY237)	521	0	0	3 268	-3 268		0
Eid vgs – nytt undervisningsareal	12	17 000	17 000	6 291	10 709	63,0 %	17 000
Måløy vgs, nytt opplæringsfartøy	58 079	0	0	6 739	-6 739		0
Askøy vgs	262 441	60 000	60 000	109 698	-49 698	-82,8 %	60 000
Stord vgs	174 961	200 000	200 000	255 307	-55 307	-27,7 %	200 000
Bømlo vgs	18 084	0	0	5 227	-5 227		0
Langhaugen vgs	34 720	173 000	173 000	52 419	120 581	69,7 %	173 000
LBM vgs	0	0	0	4	-4		0
Skulebruksplan – planmidlar	6 798	14 000	14 000	3 425	10 575	75,5 %	14 000
Kvam vgs	70 146	172 000	172 000	277 212	-	-61,2 105 212 %	172 000
Sotra vgs	4	0	0	3	-3		0
Slåtthaug vgs	51	0	0	134	-134		0
Måløy vgs – blokk A og D / Akvahall	523	42 000	42 000	2 101	39 899	95,0 %	42 000
Mo og Øyrane vgs – internat mm.	1 479	42 000	42 000	19 674	22 326	53,2 %	42 000
Dale vgs – rehab. / omb. verkstadbygg	86	0	0	560	-560		0
Sogndal vgs – rehab. symjebasseng	563	22 900	22 900	2 009	20 891	91,2 %	22 900

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Hjeltnes - Omb.		8 350	0	0	0	0		0
Produksjonsskule								
Ombygging/ rehabilitering/ mindre tilbygg		95 533	136 000	136 000	98 933	37 067	27,3 %	120 000
Olsvikåsen vgs - aktivitetsanlegg		0	0	0	471	-471		16 000
Restaurering av verneverdige f.k. bygg		972	3 400	3 400	1 450	1 950	57,3 %	3 400
Ulike byggtiltak innan kollektiv		5 040	10 500	10 500	1 593	8 907	84,8 %	10 500
Bussanlegg Førde		0	27 000	27 000	16 471	10 529	39,0 %	27 000
Bussanlegg Sogndal		245	27 000	27 000	0	27 000	100,0 %	27 000
Bussanlegg Eid		0	0	0	1 151	-1 151		0
Bussanlegg Stryn		0	0	0	2	-2		0
Bussanlegg Storavatnet		0	0	0	340	-340		0
THT Sogndal		30	33 500	33 500	848	32 652	97,5 %	33 500
Tannklinikkar andre		7 676	11 500	11 500	3 334	8 166	71,0 %	11 500
Mo og Øyrane vgs - Vassforsyning Mo		1 062	0	0	35	-35		0
Tiltak gang- og sykkeltiltak, fylk.kom bygg		10 862	7 500	7 500	4 089	3 411	45,5 %	7 500
